

Jutulen

2024

Årgang 28

Årsskrift frå Vågå Historielag



Jutulen

2024

Årgang 28
Årsskrift frå Vågå Historielag

Redaktør: Knut Raastad

Annonser: Dag Valde Aasheim
Trykk: Dalegudbrands trykkeri

Vågå Historielag vil rette stor takk til alle som har medverka til utgjeving av Jutulen 2024. Stor takk til artikkelforfattarane som har kome med interessante, lokalhistoriske artiklar! Vidare går takken til dei som har lånt ut bilde, til annonsørane og elles andre som har gjeve god hjelp.

Framsidebilde: Frå Kleivsætra 1910. Brit Kleiven framme t.v., bak Ivar og Paul Kleiven. Foto frå historielagets arkiv.



*Ullinsvin på 1930-talet. Paktarhuset vart bygd i 1927.
Foto frå Arne Vetlien og Odd Husom, Vågå historielags fotoarkiv.*



Innhold

| | | |
|---|------|-----|
| Terje Kleiven: Ivar Kleiven – historikar, folkeopplysar | side | 4 |
| Jakup Skjedsvoll: Det fyrste juletreet | side | 20 |
| Tor Henning Evensen: «Barndoms Eventyrland» i Randsverk | side | 22 |
| Vegard Veierød: Kristen Holbø – billedkunst fra Heimfjellet | side | 26 |
| Aage Skjellum: «Grindgut» i OKB | side | 33 |
| Unni Bøyum Kluge: Per Haugen og Skåbu kirke | side | 36 |
| Ove Turtum: Besøk i Vågå-kyrkja, eit 50-årsminne | side | 40 |
| Ivar Teigum: Kvinnene 1682-1720, ein ressurs av mindre verd | side | 44 |
| Johan Storm Munch: Syv kvinner som dannet prestedynasti | side | 54 |
| Knut Raastad: Sønner av Norge og 17. mai | side | 61 |
| Knut Raastad: Finmo, Lie, Villa m.m. | side | 62 |
| Hans Raastad: I Tysklandsbrigaden | side | 66 |
| Aage Skjellum: Med påholden penn, m.p.p. | side | 69 |
| Arne Ryen: Lalmsbrue og undermineringa | side | 70 |
| Victoria Nor: En ung tradisjonshåndverker i Vågå | side | 72 |
| Knut Raastad: Frå Sve-Vollen til Gratangen i Troms | side | 78 |
| Johan Storm Munch: Brev Edvard Storm til Jacob Danielsen | side | 80 |
| Hans Ruistuen: Husbyggjing i Vågåmo | side | 84 |
| Jo Kåre Bakke: Ljåslått og bryne | side | 86 |
| Arve Danielsen: Skuleavisa Prekeil'n | side | 88 |
| Kari Hølmo Holen: Historie frå Russli – setra til Lunde | side | 92 |
| Ola Grøsland: Ragnvald Skrede | side | 100 |
| Ragnvald Skrede: Kann ein ungdom? | side | 107 |
| Arve Danielsen: Støtte til prestegardshagen i Ullinsvin | side | 108 |
| Livia Sauter og Sigurd Rønningen: Utstillingane i Ullinsvin | side | 110 |
| Kirsten Visdal: Dugurd – mat og tradisjon i ny og gamal tid | side | 112 |
| Øystein Rudi: Utan Ullinsvin stoppar Vågå | side | 114 |
| Vågå Historielag: Årsmelding 2023 | side | 117 |

Ivar Kleiven historikar, folkeopplysar, nybrottsmann

Av Terje Kleiven

Slektning?

Nei, men oppvaksen på nabogarden. Trakka i såmå grånmorken. Høyrt søgen frå såmå elva, sett kvelsssole kverve over Einasplassberget ein seinsåmmårefta, plukka tyting frå såmmå tuvom. Jamvel um det er snautt 100 år som skil oss i tid. (96)

Ivar Kleiven er eit stort tema. Større og større dess meir eg har arbeidd med det. Så på ein måte blir det berre å fårå over med ein hæralabb. Eg har valgt å leggje vekt på: **Oppvekst og livssoga – ha's samfunnsengasjement**, det som på mange vis kan kallast **nybrottarbeid** – og sjølvsagt ha's virke som **skribent, historikar og folkeminnegranskar**. Eg kan sjølvsagt ikkje kåmmå inn på alt.

Oppvekst og livssoga

Ivar Kleiven var fødd i 10. juli 1854. Bestefaren, Iver Christenson var frå Bjørnstad, men gifta seg åt Snerle, og tok namn etter garden som var vanleg. Jakob Snerle (født i 1803) fekk skjøte på Søre Kleive i 1832, mæ to sætre, men fløtte ikkje hit for rundt 1850. ‘N dreiv mellom anna som fehandlar, men best likte han seg i fjeille, blir det hevda, på jakt, hell i fisking på Flatningje hell andre fjellvatn. ‘N var då jaktkompisom ha's Jo Gjende i meir enn 30 år. Lengje såg det ut til at han skulle forbli ungkar.

På farsida slekta altså Ivar Kleiven åt Snerle og Bjørnstad, to relativt store garde. Det var åtte husmannsplassar under Søre Kleiven, men elles var det ikkje så mykje å skryte då. Huslaust og «ufaatt på all gjerd»,

skriv ‘n Ivar seinare om Søre Kleiven, men Jakop Snerle gjekk trøstig i gang med å bygge opp garden.

Mor til Ivar Kleiven var Brit Knutsdotter Svarvarhaugen og kom frå ein liten husmannsplass ogo Eidefossen som heitte Svarvarhaugen. Ho kom som tenestjente åt Søre Kleiven og det vart eit par få døm. Brit var 21 år yngre enn Jakob. Døm gifta seg på låva på Søre Kleiven i 1856, to år etter at Ivar vart fødd. Ska oss tru at det var nok ikkje alle som likte at storbondesønnen fekk seg ei husmannsdotter te kjerring. Brit og Jakob fekk fem ungar. I tillegg til Ivar var det Marit (1858), Iver (1861), Paul (1864) og Hans (1867). I tillegg hadde døm to tvillingborn som døde ved fødselen. (1857). Iva oppkalla etter Iver Skurdal – ein farbror til mora. Iver etter farfaren.

Ivar Kleiven ved skapet etter bestefaren Iver Christensen Bjørnstad Snerle, skapet står nå i Jutulheimen..

Ivar Kleiven hadde altså ein del få seg frå storbondeætt, ein anna del frå husmannsætt – få småkårsfolk. Korleis innvirka dette på hans eige liv, og kva fekk det å seia for hans utvikling og syn på samfunnet? Eg håpa eg greie å belyse dette undervegs.

Men la meg begynne med ei historie. Eg kom over ei større avisreportasje i Gudbrandsdølen frå 6. juni 1929. Ein utsendt medarbeider var oppover for å gjera eit intervju med om Ivar Kleiven i anledning at «Gudbrandsdalens Snorre», som det heitte i overskriften, fylte 75 år. For å treffe 75-åringen måtte han åt Kleivsæter’n burti Bønesli’n ei drug mil frå Lalm. På tur oppover til Kleivsæter’n trefte denne skribenten på «ein gammål gråskjeggja gubbe» som dreiv grusa



vegen, og det vart så døm slo av ein prat og kom ganske snart innpå n Ivar Kleiven, som denne gråskjeggja gubben tydelegvis kjende godt, og har gått i skula i hop mæ.

Og så fortel ‘n om første skuledagen hass Ivar. Det var i omgangsskule i Skår og det var far hass som fylgte ‘om. Lærar var n’ Knut Bråtå, «Skulin» som n vart kalla, og som var bror år den kjente felspellmeinn, Ivar Bråtå. - *E kjøm med ein liten gut åt deg, sa’n Jakob. - Ja, detta ser eg, sa’n Knut. - Ja, du føe jævenbreinnsteikje meg ikkje gjera ‘om någå, sa’n Jakob, ‘n æ så gløgg så da går ‘n heimatt trast. - Neiggu, e skal ikkje gjera ‘om någå, sa’n Knut.* Slik var konversasjonen mellom lærar og foreldre den tida for 160 år sia, i alle fall om oss ska tru ein skribent frå Gudbrandsdølen og ein gammål skjeggiåt gubbe frå Lalm.

Ja, ‘n Ivar Kleiven var nok ein glup elev. ‘N gjekk i Nerli-skula, først hjå ‘om Knut Bråtå, seinare hjå ein yngre seminarist frå Jarlsberg som kom med nye tanke og læremetoder. ‘N Ivar mestra døm båe. På Søre Kleiven abonnerte døm på ei avis som heitte Almuevennen (1849-1889), eit blad Ivar las flittig i. Og alt som gutongje begynte ‘n å hjelpe folk med å skrive brev.

Ivar var au ein tå døm som fekk ei viss skolering seinare. 23 år gamal hadde han gått rekruttskulen på Jørstadmoen og vinteren 1878/79 gjekk ‘n landbrukskule hjå Kristian Horne på Blossom. Så er det ofte slik at dess meir ein lærer, dess meir ny kunnskap higa ein etter. «*Å, den som kunde fått kome ut, kome på den vidaregåande skulen åt Ullmann i Telemark, lært noko, fått utvikla, klårna og festa sitt livssyn og så kome heim att og lagt sine evner av i de nærmeste krav! – Men korleis skal eg koma dit*», skriv han. Men i 1885 baud høvet seg. 31 år gamal reiste han til Viggo Ullmanns sin folkehøgskule i Seljord – saman med venen og slektingen Kristian Prestgard, frå Heidale’. (født på S. Harildstad 1866, døde 1944. Mor var frå Prestgard’e)

Medan Kristian Prestgard for vidare ut i verda, først til Danmark, og etter kvart seinare til Amerika i 1893, så vende Ivar Kleiven attende til heimbygda. Han kunne nok au tenkt seg å reise over «blåmyre», som ‘n sa, slik som au n’ Hans, yngste bror ha’s gjorde i 1891 (16.4). Hans Kleiven var i Rockford først i Illinois og var m.a. på gullgraving i Alaska). Men det var særleg to ting som heldt han att. Det eine var omsynet til mora, det andre garden.

Ivar Kleiven var odelsgut. Ein odelsgut skulle overta og føre arven vidare. Odelsarv forplikta. Jakob Kleiven (1803) var 67 år i di tidom Ivar vart konfirmert, så alt da laut nok den unge guten ta ansvar for mykje av stellet på garden. Far ha’s Ivar gjekk bort i 1884. Og dette var i ei krisetid for norsk jordbruk, særleg hardt ramma var bygdelandbruket. Befolkningsvekst og armod førte til at mange pakka og drog. Ein del nordover for å starte på nytt der, enda fleire drog over Atlanteren. Utvandringa vart ei «*blodtapping*» på bygdom. «*Her er det snart ikkje att anna i norr i norr enn geit og øverheit*», skreiv Ivar Kleiven. (liknar på situasjonen i dag.

*Ivar Kleiven. Ljåslått i Bøneslien.
Foto frå Ingrid Ekren,
Vågåkalenderen 1998.*

Nettopp garden vart derfor ei tyngsle, ei byrde for Ivar. Umåteleg mykje arbeid til lite utkomme. Attåt ansvaret for garden, kjende Ivar Kleiven au ei særstak stor omsorg for mor si, någå som au var med å binde han til garden og Ottedalen. «*Takk da Gud og far, for at eg fekk den lykka i ver’n å ha ei god mor! Har eg*



gjort noko her i verda, og kjem eg til å gjera noko, er det hennar ære det meste», skreiv han.

Men kanskje kjende au Ivar inst inne på at det var her han høyrde heime, her kan kunne bruke livskrafta si. Omsider kom yngste bror has', 'n Hans attende frå Amerika og Ivar fekk han til å overta garden i 1899. (skjøte 1905) Sjølv heldt han att setra og Nystugu, ein av husmannsplassane. Samen med mor si og ei tenestejente slo Ivar Kleiven seg til på Kleivsetern i Bønesli'n. Det var der 'n gjorde meste då livsverket sitt, når det gjaldt skriving.

Samfunnsengasjement – nybrottssmann

Gå litt attende. Ivar Kleiven vart tidleg ein firigangskar, ein som gjekk i bresjen, ein organisator, ein som tok og fekk ansvar. Etter at han kom heim frå Seljord, dreiv han ein vinter med kveldsskule for ungdomar i grinda. Kvar laurdags- og søndagskveld mellom 6 og 10 samla han 10 gutter og 10 jenter til undervisning. Faga er jordnære: Det var morsmål, helselære, bokføring og gardsregnskap som var hovudfaga. «*Fa'n og romantikken skal ikkje inn i min skule*», skreiv han i eit brev. Etter at skuletimane var omme var det gjerne fest. Både Ivar og broren Paul spelte fele, og det vart dans. Sjølv trakterte Ivar Kleiven au munnharpe. (kjelde for O.M.Sandvik der han har med fleire leikje. Pål Skogum har spelt inn ein slått etter I. Kleiven). Han kunne nok tenkt seg å halde fram med kveldsskule året etter au, men fekk ikkje økonomisk støtte. Det skein vel au igjennom at det var fleire som mislikte opplegget hans.

Ein januarkveld i 1884 sat 40 personar benka i Nerliskulen. Etter initiativ frå Ivar Kleiven skulle det startast noko som han kalla samtalelag. *Otdalen Samtalelag* hell *Lalm* og *Otdalen samtalelag* vart namnet. Sjølvsgart vart Ivar Kleiven ei drivkraft i dette dei neste åra. Kva var det som fekk Kleiven til å setja i gang dette? Og kva lei ville han med eit samtalelag? Kva var målet? Motivet?

For det første var han oppteken av kulturlivet i bygda, men au kva som rørde seg i landet og i Europa. Denne tida (romantikkens tidsalder), var mykje prega av opplysningsarbeid og oppvakning av kjenslelivet med særleg vekt på friheit og trangen til eit levande samfunn. Dette var straumdrag som kom frå kontinentet og som t.d. Henrik Wergeland var målberar for. Ivar hadde som sagt gått på folkehøgskule og var sterkt farga av det. Samtalelaget skulle ta for seg ting som «*vedkjem det åndelege liv, eller vårt daglege virke*», som det står i formålsparagrafen. Få folk til å tenkje og reflektere sjølvstendig og kritisk. Målet var rett sagt: Opplysning.

Oftest møta lagt opp slik at Ivar Kleiven sjølv heldt ei innleiing, med emne som ofte låg på eit nasjonalt plan. Det kunne vera om fattigdom, skule, husmannsstellet, almen røysterett, målsak eller fråhaldssak. Andre gonger kunne det vera meir lokale saker som krytyrstell, lokale skulesaker, vegarbeid på baksidenevegen, hell korfor det var så få lalminger som reiste år kyrkja. (ikkje vore mykje forandring på 150 år).

Særleg frisk debatt var det nok da temaet «*Um dans og morolag*» stod på programmet. Etter ordskiftet å dømme var det berre to som meinte at alkohol ikkje skulle brukast i slike festlege lag. Det var Hans Veggumseie og Ivar Kleiven. Andre meinte at måtehald var greitt, men at ein var imot å «*kaste reint vrak på brennvin*», som det står i møtereferatet. Diskusjonen gjekk så heitt for seg at det vart nødvendig med ei pause. Til slutt vart forsamlinga samde om eit slags kompromiss om at «*kaffelag med dans og minst mogeleg brennevin var det beste*».

Kvinnesak var au oppe som tema. (1887) Det var døm som var skeptisk til stemmerett for kvinnfolk og meinte dei hadde stort nok virkefelt som dei hadde og var redde for at det kunne bli «*ugreie og tel-dels usemje i familielivet*», som det står i protokollen. Dei fleste meinte likevel at menn og kvinner skule vera likestilte, skriv Kleiven. For det var sjølvsagt han som skreiv protokoll. Det er interessant å sjå at sjølv om

han refererer ulike meininger som kjøm fram, så skin det igjennom kva han sjølv meiner er «rette» meiningsa.

Samtalelaget hadde au eit eige handskrive medlemsblad som heitte Ottdølen (seinare Lalmingen), som Ivar Kleiven var redaktør og ansvarleg for. Her kunne han ta opp viktige tema i samfunnet, om politikk, og her kunne han utfalte seg litterært. Avisa Lalmingen levde forresten til langt inn i mi tid, til ungdomslaget somna inn midt på 1960-talet.

Gjennom dette samtalelaget vart det au skipa te 17. mai i grend. I 1885 samla denne tilstelninga 100 personar. Dette fortel au om kor mykje folk som budde i ei slik litol gredn som Ottdalens. Som vanleg var det Ivar Kleiven som heldt tale for dagen.

Dette samtalelaget var forløparen til Lalm og Ottalen ungdomslag som vart skipa i 1894, med Ivar Kleiven som formann og drivkraft. Døm fekk mellom anna sett opp eit forsamlingshus på baksida på Lalm – Vonheim – i 1901 Han var au formann i Gudbrandsdal Ungdomslag i tre år (1899-1902) (æresmedlem) og sat i styret for Noregs ungdomslag. Av anna friviljukt arbeid kan nemnast at I.K. sat som formann i skyttarlaget på Lalm. Som ein ser viser Ivar Kleiven stor interesse for ungdomen, og for aktuelle samfunnsspørsmål. Og han næra stor tillit blant folk flest. Derfor vart han brukta. Fekk tilbod. Fekk samfunnsverv.

Såleis vart han innvalgt i heradstyret i 17 år, i tidsrommet 1888 til 1905 (17 år) og han var formann i skulestyret i 13 år frå 1892-1905. Så må oss hugse på at Vågå den gongen bestod både av Vågå, Heidal og Sel (dei to siste var anneks), så det var eit stort område med datidas kommunikasjon. Han var radikal venstremann og var også med å skipa Venstrelag i Vågå og i åra 1900-1903 var han fjerde varamann på Stortinget.

Tå andre offentlege verv kan nemnast. Ligningsnemnd, overskattekommisjon og inna skogforvaltning (oppsyn) og lagrettsdommar. Han var au formann i Fattigstyret i Vågå, eit verv som var både tungt og omfattande den tida. Dette skriv han ein del om i artikkelen om Hansli-guten (Ole Brostuen) i Elvesøg.



Ivar Kleiven 1928. Foto:
Pål Klufthen,
[digitaltmuseum.no](#) /
Maihaugen

Jau, Ivar Kleiven var nok radikal i si tid. Han var au fritenkjar, dels under påvirkning av Arne Garborg og den svenske forfattaren Viktor Ryberg si bok (Bibelens lære om Kristus. «*Nå veit du at eg er alt anna enn kristen*»,

skriv han til Kristian Prestgard (1890), der han legg ut om synet på kristendomsundervisning i skula som ikkje «*må bli ei pine i pugg og rams*», som 'n skriv. Stikk i mot det prestskapet stod for som skul «*stappe det inn*», som han skrev.

Dette var ikkje einaste gongen han ytra seg hell tok te motmæle mot prestevelde i Vågå. I eit brev til Kristian Prestgaard to år seinare (i 1992), skriv Kleiven om ei interessant sak frå eit skulestyremøte. Døm hadde 100 kroner å kjøpe undervisningsmateriell for, der Ivar foreslo å

kjøpe eit sett anatomiske veggtavler åt kvar skule for å få lite «*gjerd på sunnhetslæra*», som ‘n skriv. «*Men da skulde du høyrt presten. Han var så forfærd over dei anatomiske veggjetavlone at han var ikkje reddar fa'n i skulen*» skriv han. Tenkje seg. Plansjer med beinrangel og innvold. Å fy fa'n. Slikt skulle vore bannlyst i skula, meinte den geistlege. «*Vorherre hadde sjølv dekka over dette her, nei, lat oss kjøpe vakre biletet*», foreslo presten. Presten heitte Gerhard Holmboe og styrde soknet frå 1883-1905. Ivar Kleiven fekk viljen sin, mot presten og tre andre sine stemmer. «*Å undervise i sunnhetslære utan anatomiske biletet, var det same som å undervise i geografi utan kart*», hevda han.

«Bakstrevarpresten på Stade», si han om kapellan Torjus T. Stoksnæs. Som skulestyreformann fekk han også i gang ein ambulerande framhandskule. Særleg la han vekt på å gje lærarane trivelege kår slik at dei vart verande i bygda og han fekk skipa eit lærarlag. Ivar Kleiven drog au i gang eit arbeidarforening på Lalm med 46 medlemmar.

Ei anna sak som viser at Ivar Kleiven var radikal er synet på husmannsvesenet. Mellom anna tok han opp dette tema i ein artikkel i «Fedreheimen» (1877-1892), eit tidsskrift der Arne Garborg var redaktør. Her skriv han at målet må vera «*tenkjande arbeidrarar i staden for at dei går som gampar for plogen*», som han uttrykker det. Striden er mykje retta mot hans eiga samfunnsklasse. «*For bøndene er nogre Satans brande mæ di at dei vil ikkje gjera rett og skjel imot arbeidarklassun*», skriv han i eit brev til Kristian Prestgard den 3. januar 1888. Da kan det likevel vera eit paradoks, når det ser ut til at han beheldt fem av husmannsplassane under Søre Kleiven, den tida han var jordbrukar.

Ivar Kleiven var ei kreativ sjel som prøvde seg på mangt. I eit brev åt Kristian Prestgard i 1888 skriv kallar han seg sjølv: *pepparsvein, forfattar, bokbindar, salmakar, skomakar, snikker, smed og mekanikar.*

Bokbinding dreiv han med i fleire år. Han gjorde au ryggsekker tå tre og never og han begynte med urte-te frå burti Bønesli'n. Både desse to siste tiltaka, prøvde han nok å få større umsetjing på, men det var ikkje lett. Da lykkast han nok betre da han begynte som turistvert på 1890-talet. I 1892 hadde han også 70 leigegeit på setra.

Og grunnen til at han prøvde alt dette var å få endane til å møtast økonomisk. Tidvis såg 'n nok temmeleg svart på det. I eit brev åt 'om Kristian Prestgard (1894) skriv han: «*Denne vinteren er den tyngste og vondaste eg enno har livt og fleire slike held eg ikkje ut. Alt eg klora og grev, alt eg spekulera og grublar, så kjøm det likevæl berre null og nikks ut av alt saman – utfallet er ein rasandes, botnlaus, svart ostyggeleg stygg gjeld som stel frå meg mot og makt, pine utu meg både vilje og samvet så eg stend att som ein krakje*». Dette er ikkje einaste gongen han bær seg.



Gjester på
Kleivsætra 1910.

Skribent, historikar og folkeminnegranskar

For folk flest er det dei skrivne ord som står att som ein bauta etter Ivar Kleiven. I gamle dågå, I heimegrendi, Elvesøg, Frå skotteårom, og

bygdabøk for store delar av Gudbrandsdalen, er kulturskattar – kvar på sitt vis.

Eg skal ikkje seia så mykje um bøkene som sådant. Døm ligg der og kan lesast (mange av døkk har gjort det). Heller ikkje um språket. Det vil fort føre for vidt. Eg skal heller si litt om korleis det var for Ivar Kleiven å vera skribent/forfattar for 90-120 år sia. (før elektrisiteten, bilen og pc'n). Men først lite meir om bakgrunnen for skriving ha's.

Ivar Kleiven var i det store og heile sjølvlært. Og tidleg kom interessa for historie. Alt som 12-åring klarte han å tyde rettsdokumenta i ei sak mellom Finntryingom og 'n Gammel-Kristen Bjørnstad frå slutten av 1600-talet. «*Frå den dagen har det fylgt meg ein underleg hug til å gråle og grave upp alle gamle papir eg kunde få spurlag av. – Undrast på um det ikkje kunde gå an å ta meg under fella, nå det vart sett på eit riktig gamalt brev til agn*», skriv han. Alt som gutongje skreiv han brev for folk, enten det var å svare på Amerika-brev hell det var andre ting folk måtte ha hjelp til. Etter kvart fekk han inn ymse artiklar i diverse tidsskrift som Fedreheimen eller Syn og Segn, eller i Gudbrandsdølen (starta i 1894).

Ivar Kleiven og gjester på Kleivsætra.



Ivar Kleiven var ein del av eit muntleg, rikt forteljarmiljø. Ein forteljartradisjon som han fekk ved kveldssettimane, ved peisvarmen

på Søre Kleiven, der han kunne høyre vaksne fortelja og prate, her vanka ‘n Jo Gjende med alle sine historier frå reinsfjell og jakt. Og her gjekk han i dagleg omgang med grendafolk, tenestefolk, husmenn og jamaldringar. Søre Kleive var kvilarsted for reisande vinterstid. Her var innom så mykje slags folk, her opplevde han taterfølgje, med sin levemåte og forteljartradisjon. Stutt sagt ein rik forteljartradisjon.

Mange få døm som var innom på Søre Kleiven i hans barndomstid, kom han seinare til å skildre på livfullt vis. Som da han som sju-åring vatt slipstein åt Hansli-gute te’n nesten gret. ‘N Gammel Hans Kleiven frå nabogarden, ‘N Just-Jo, Iva Årrhaugje, hell ho Dansar-Eli. Forøvrig er det få kvinnfolk Kleiven skriv om. (kanskje eit paradoks når oss kjenner Kleiven sin pol. ståstad, jfr. diskusjon i Samtalelaget om almen røysterett etc, men det er vel typisk for tida)

Ofte er han detaljert i sin beskrivelse og karakteristikker av folk. Ta som eksempel ‘n Vetl-Kristen Reiremo som ‘n første gongen såg på ein aksjon på Håmmår der Reiremo’in spelte te dans., Han la merke til at Vetl-Kristen hadde urimeleg tjukke fingre, «*klurne kartnegler, og såg du dei i halvmørke, såg det ut som det skulle ligge ein grautbeta på kvar finger i staden for nagl. Attåt det var veslefingeren på vinstre handi så skeiv at han peikte som ein snuvinkel ut frå midtre leden*».

Hell om Hansli-guten. «*ein avråde stor mann med vid talikhuve av grevlingsskinn, kvitt øyreturkle, ein steiunblå, fotsid frakk med svarte flikker og ein stav i handi så før som ein handspikar*». (= slurk som døm brukte i tømmerskogen for å snu, vende og bende på tømmeret.) Alt som gutongje begynte han å samle og skrive ned segner og soger. Etter kvart for han også rundt og intervjuia folk. «Nå har eg kjøpt meg notisbok», skreiv han åt Kristian Prestgard. Den hadde han støtt med seg og skreiv ned ord og uttrykk og stutte forteljinga.

Første boka ha's kom ut i 1894 og heitte «*Segner frå Vågå*» (Samlaget), ei samling forteljingar som hadde levd på folkemunne. Men da hadde manuset ha's liggi i samlaget i 4-5 år. Så ein ting var å skrive – noko anna å få gjeve ut. Ein då dei ting det var diskusjon um var språket. Samlaget ville ha det på landsmål – Kleiven på dialekt. Han kunne nok til nød godta landsmål «...men da skulle dei få finne seg i ei «austlandsform, um dæ så ska regne tollknivar!», skriv han i eit brev åt Kr. Prestgard.

Først i 1896 fekk han eit stipend på 150 kr frå «Fondet til vitenskabelige Reiser i Fædrelandet». Da reiste han til Lom og Skjåk for å samle stoff. Men fart over skrivinga vart det ikkje før han kvitta seg med garden og fløtte til fjells i 1899. (Skjøte 1905) Enda skulle det gå fleire år før han heiv seg på skrivinga på fulltid. Han måtte ha någå å leva då. Ha ei inntekt. Han hadde krytyr og dreiv jorde på sæter'n. Han bygde nye hus og stifta gjeld. Om somrane hefta han seg bort med turisme og fjellföring, men hadde mykje hjelp av Paul bror sin med det. Paul hadde vore ein del år på Lillehammer og var ein dugande snikker. Det kunne vera så mange som 20 personar som heldt hus samtidig på Kleivsæter'n. Så det skulle gå heilt til 1908 før han fekk gjeve ut ei bok. Da kom det derimot to stk. *I gamle vågå* og *I heimegrendi*, utgjeve på Aschehaug forlag. Og da var Ivar Kleiven midt i 50-årsalderen.

I Gamle Dågå bygde vidare på Segner frå Vågå, men var sterkt utvida med mykje anna stoff. Som namnet viser var det historie attende i tid han skrev om her. Gamle vågå. Her skriv han au om dei store slektene i Vågå (Heidale og Sel), ettedynasti som Ivar Teigum rettvist kalla det. (Gjesling-ætte, Brattætte, Toulstad, Kleppe, Håkåstad, Heringstad, Formo m/fleire. I tillegg er det med mykje om bygdakunstnare då ymse slag som Skjåk-Ola, Jakup Klukstad, Sylfest Skrinde, Jakup Sæterdale, Ellan og Estin Li'n for å nemne någre.

I Heimegrendi, der sit ‘n som 50-åring og minnest attende på 1860-årom, på barndomen sin og tilhøve i gren. Om kveld-seto, om da nyvegen kom i 1861, um skulgonga si, um sæterstell og haustarbeid, um sæterlego, um storflaumen for å nemne någå. Dette er gjort på minne. Erindring. Og kan ikkje sjåast som historisk dokumentasjon som sådant, men som rein erindringslitteratur.

På Kleivsætra påska
1909.



Først i 1909 fekk Ivar Kleiven slik utkomme at han kunne ofre seg heilt for skrivinga. Da fekk han stipend på 800 kr, takka vera m.a. Arne Garborg og Steinar Schjøtt m.fl. (som han dreiv ordboksamarbeid med). Nokre år etter bevilga Stortinget statslønn til Ivar Kleiven på kr 2000 per år. I 1926 fekk han au 2000 kr av Nansen-fondet, og han fekk ei årleg sum på 800 kr tå Lillehammer By's Vel og Sparebankane i dalen. Frå Gudbrandsdalslaget i USA fekk han au hjelp. Alt dette gjorde at han kunne konsentrere seg om bygdabokarbeidet. Nå kom døm på rekke og rad – med felles tittel: Gamal bondekultur i Gudbrandsdalen; Lom og Skjåk (1915), Lesja og Dovre (1923), Østre og Vestre Gausdal (1926), Ringebu (1928), Fronsbypgdin (1930).

Da han gjekk bort var han i gang med Øyer. Men det var ei bygdabok han skule «krone verket med» men som han ikkje fekk gjort. Den om Vågå. Tanken var nok at dette skulle byggjast vidare på «I gamle dågå»

og bli enden på hans huguverk. Det skulle gå meir enn 70 år før bygdabokje for Vågå kom ut. Ivar Teigum i tidsrommet 2001-2009.

To av bøkene til Ivar Kleiven kom ut etter at han gjekk bort i 1934. Det var *Frå Skotteårom* i 1935 og *Elvesøg* i 1937. Den førstnemnde må seiast å vera ein roman (historisk roman) og skriv seg attende til åra først på 1600-talet.

Eg vil gjerne nemne eit par ting som er mindre kjent.

Det første: Han bidrog i eit dansk/norsk ordboksarbeid som Steinar Schjøtt dreiv med. Kvar sommar i fire år låg Schjøtt på Kleivsætern i vikuvis (5-6 dei siste åra 10), og om hausten og vinteren var Kleiven i Oslo, ofte i fleire månader. I forordet åt ordboken skriv Schjøtt om korleis arbeidet fekk ein merkbar framskuv da Ivar Kleiven vart med sommaren 1901. «*Under samarbeidet med ham opdagede jeg, at ordbogen kunde bli betydelig fyldigere, end jeg fra først af havde vovet at haabe, forutsat at jeg vedblivende kunde erholde hans bistand*». I eit brev som Arne Garborg skriv åt Schjøtt i denne samanhengen står det «*sæl er du som hev fengi so god og maalklok ein Vaagaavær som Ivar Kleiven med i Arbeide*». Ordboka kom ut 1909.

Det andre: For professor (Heinrich Julius, Manfred) Alexander Seippel var Ivar Kleiven konsulent for Mosebøkene i den nynorske Bibelomsetjinga. (kom ut i 1905 som vedlegg til Syn og Segn). Um språket. Det er fleire som belyser dette i «Minneskriftet som Mållaget Ivar Kleiven gav ut i 2004. m.a. Andreas Bjørkum. Oss må hugse at det språket Ivar Kleiven møtte første tie, det var dansk. Første språket Kleiven skreiv på var dansk. Samtidig var det den tie landsmålet / nynorsken braut seg fram og som ‘n var sterkt fenga av. Første stykket han fekk på trykk på landsmål var i 1879. På den tida vart det enda ikkje gjeve undervisning i landsmål, så han laut lære det sjølv.

Så var det dette med dialekt. Mesteparten av det han skriv er skrivi på dialekt eller i grenseland mellom eit gamledags nynorsk og datidas dialekt. Han var uppti tå identitet, ta vare på gamle ord og uttrykk. Han var både tradisjonsbærar og formidlar. Jan Peder Vestad, (lektor ved media-lina ved høgskulen i Volda) kallar det *Kleivsæterstilen – ein dialektprega nynorsk og nynorskprega dialekt*. Uansett. Dette har nok ført til at mange i dag oppleva det han skreiv som vanskeleg å lesa. Ikkje minst «I gamle dågå».

Slutt

Avslutte med å sitere frå eit brev Ivar Kleiven skreiv til livsvennen Kristian Prestgard den 14.7.1924. «*Sjølv har eg aldri bore store tankar um livsverket mitt. Men eg har visst med meg sjølv at det eingong vil få verdågå når ei ny norsk kulturhistorie blir skrivin. For der får bondekulturen breiaste plassen. Og så har eg vonast at bøkene mine kanskje vil hjelpe dølaungdommen te å finne veigen heimatt te vår eige kulturgrunn*». Desse orde kan stå som eit enkelt samandrag (ressymme) på Ivar Kleiven sitt liv og virke. Eitt er eg viss om. Utan Ivar Kleiven ville vår lokale historie vore magrare, skrinnare og vår kulturarv mindre rotfest.

På Kleivsætra 1910.
I midten Ivar
Kleiven, t.v. Brit
Kleiven.
Dei fleste foto er frå
arkivet etter Ivar
Kleiven.



Det fyrste juletreet

Av Jakup Skjedsoll

Det var ikkje mykje Far fortalte frå barndomen sin. Det var kanskje ikkje så mykje han tykte det var nokon særleg grunn til å prate om – og nokon pratande mann var han heller ikkje. Men ein gong fortalte han – reint tilfeldig – om fyrste gongen dei hadde juletre. Om han hugsa det sjølv, sa han vel eigentleg ikkje noko om, men eg forstod det slik.

Det var medan dei budde på Sør-Skjedsvoll. Bestefar var fødd i 1855. Da mor hans døydde i 1897 hadde han tre eldre brør og ei eldre syster i live, alle vel etablerte – to av brørne var lensmenn på andre kantar av landet. Bestefar hadde drive garden for mor si til ho døydde, sidan den eldste broren døydde i 1884. Han makta ikkje å halde på garden etter skifteoppgjeret, eg veit vel ikkje sikkert om han formelt overtok heller. Han og familien laut i alle fall flytte frå, til ein husmannsplass under ein Svaregard – det som nå er Uppheim – nokre år etter hundreårsskiftet. Like etter at mora døydde hadde han gifta seg med ei enkje, Marit Sjugurdsdotter frå Dalestugu, som hadde fire søner frå før. Eg tek med desse opplysningane fordi dei er vesentlege for tidfestinga av når det fyrste juletreet kom i hus på Sør-Skjedsvoll.

Far var fødd i 1900. Det han fortalte var at fyrste juletreet dei hadde, var ei lita bjørk, eller «bjørkebuske» som han sa, som nest yngste halvbroren hans, Erland Erlandsson, gjekk oppom hafellene og hogg ned, og tok inn. Han fortalte ingenting om korleis det vart pynta eller brukta elles, men noko pynt var det vel. Det var vel den tida dei pynta med kaker eller anna godt, som så vart hausta.

Erland Erlandsson, eller «onkel Elland» som han vart omtala i min barndom, var fødd i Tassmyrhaugen i 1885. Han var med til Skjedsvoll

da mor hans kom dit – eg trur det må ha vore i 1899 ho flytte til – og han utvandra til Amerika våren 1904.

Erland Haugen og mora Marit i 1904.

Viss Far faktisk kom i hug denne hendinga sjølv, laut det nesten vera i jula 1903 da han var 3½ år; det er mogleg med ei slik enkeltståande «storphending». Viss han berre hadde høyrt det kan det ha vore så tidleg som i jula 1899, til naud i 1898.

Det er ikkje sikkert dette var fyrste juletree i Skogbygdé. Han bestefar var vel ikkje akkurat kjend for å

vera den fyrste som kasta seg på slike nymotens greier, men kven veit? – han kunne slekte på morbroren sin – Skjedsvollin – som var både ronkall og meire til, og som var ein opplyst mann som hadde ferdast vidt. Og ho bestemor hadde tent på storgardar, og hadde kanskje fått idear frå der? Det er i alle fall den beste tidfestinga eg har høyrt her frå grenda om når juletree kom. Og så er det interessant ved at dei brukte det treet dei hadde – når dei ikkje hadde grantre.



Erland Haugen og broren Ola J Skjedsvoll i 1968, einaste gongen Erland var attende i Norge.




«Barndoms Eventyrland» i Randsverk

Av Tor Henning Evensen

Ved årsskiftet
1947-1948
kom det et
maskinskrevet
brev fra
Danmark til
Randsverk
Turiststasjon.
Brevet var
skrevet på
selveste
julaften 1947,
og
brevskriveren
var Dr.med.
Georg C. Brun
i København.
Brevet dukket
for noen år
siden opp blant
alle papirene vi
har på Tronhus
etter

virksomhetene der gjennom snart 150 år. Innholdet i brevet forteller om en 11 år gammel gutt og hans «bedtse Barndomsopplevelser» i sin «Barndoms Eventyrland», om hvordan han intenst ønsker å gjenoppleve dette, og at han vil dele dette med sine egne barn.




Med håndskrift
er det anført
nederst på
brevet følgende
tekst: *Besvart*
og tilbuddt plass
8/1-48 G.S.

Signaturen
G.S. står for
Gerd Skjerven.
Hun leide
Randsverk
Turiststasjon
på den tiden.
Hun ble etter
hvert gift med
Brede Røsjø,
og tok navnet
Gerd Røsjø.

Navnet Røsjø kommer fra Rausjøen i Østmarka sør for Oslo. Den bygningen hun bodde i den gang bærer fortsatt navnet Røsjøstugu.

Men tilbake til familien Brun fra Danmark. I forbindelse med andre skrivelser ble jeg interessert i denne Georg C. Brun fra Danmark, som hadde slike gode minner fra vinterferier hos Jens Tronhus i 1916 og 1917. På Tronhus har vi samtlige gjestebøker fra 1889 og fram til hotell-/pensjonatdrift opphørte nesten 100 år seinere. Etter litt leting i gjestebøkene for 1916 og 1917 dukket følgende opp: Her framgår det at «Forpagter Constantin Brun» i 1916 bodde hos Jens Tronhus fra 6.februar til 3.mars. Herr Brun var der da sammen med sine tre sønner Oscar, Georg og Henrik, 11, 10 og 8 år. Som anmerkning skriver Brun: «Tak for denne herlige maaned vi har tilbragt paa Ransværk med de herlige skibakker».




I 1917 kom familien påny til vinterferie i Randsverk, denne gangen hadde Brun også med seg sin kone Marie. I tillegg ser det ut til å være en sjette person i følget, med etternavn Buchwald og tittel Handelsgartner (?). Er dette ei barnepike, eller en husvenn? Det må antas at dette var en bemidlet familie. I 1916-17, midt under første verdenskrig, må det ha vært både omstendelig og kostbart å komme seg fra Danmark til Randsverk, og de hadde opphold en hel vintermåned i 1916, og 10 februaridager i 1917. Dette kan ikke ha vært billig.

| No. | Date of Arrival | Name | Address | Age | Sex | Native Nationality | Present Nationality | Time |
|-----|--------------------|------------------|----------|--------|------|--------------------|---------------------|------|
| 12 | Oct 20 | Constantine Bond | Popof | 50 yrs | Male | Danish | Danish | 10 |
| 13 | " | John Bond | " | " | " | " | " | " |
| 14 | " | Emil Bond | 12 Ave | " | " | " | " | " |
| 15 | " | George Bond | Seabrook | " | " | " | " | " |
| 16 | " | " | " | " | " | " | " | " |
| 17 | " | Henrik Bond | 7 Ave | " | " | " | " | " |
| 18 | " | Louise Ruthwoldt | Glendale | " | " | " | " | " |

Denne 11-12 år gamle gutten hadde altså så gode opplevelser den gang, at han som godt voksen mann i 1947 bestilte nytt opphold på Randsverk Turiststasjon for seg og sin familie sommeren 1948. Dette var like etter andre verdenskrig, og både Danmark og Norge var i gjenreisingsårene på veg inn i en ny tid med nye muligheter, også for å reise på ferie. Da jeg lette i gjesteboka for 1948 fant jeg imidlertid ingen familie Brun. Men i gjesteboka for sommeren 1949 dukket de opp.

Og Georg C. Brun møtte påny, etter mer enn 30 år, «tante Karen», som han i 1916 «elskede saa højt». Jens Tronhus sine barn, «tantene» Karen, Anne og Julie, og «onkel» Petter, bodde i 1949 fortsatt ugifte på gården. De var fremdeles oppegående eiere av Tronhus, selv om hotelldriften var bortleid. Etter gjesteboka å dømme fikk Georg C. Brun med sin nye familie et minnerikt opphold på Randsverk Turiststasjon i 1949. Selv skriver han kortfattet: «Tak for trofast Venskab». Hans kone Gudrun Brun bruker flere ord: «Tak for al kærlighed med smaa og store sommeren 1949». Sønnen Fritz, nå 13 år, uttrykker seg mer veslevoksent: «Tak for alt det gode i har gjort os kære venner».

Datteren Birgitte på 11 år gir den mest utfyllende kommentaren: «Kære Karen, Anne, Julie og Peter. Tusind tak for den dejlige sommer; den bedtse vi har haft; tak for alt hvad vi har lært og for de gode minder; vi har nogle dejlige Tanter og en dejlig Onkel.» Femåringen Susanne år kvitterer bare med navnet sitt, slik som de fleste femåringar ville ha gjort.



Jeg har ikke gjort noe forsøk på å spore opp nålevende etterkommere etter Georg C. Brun.

Kristen Holbø – hans billedkunst fra Heimfjellet i Vågå

Av Vegard Veierød

En av de kjente malerne fra Vågå er Kristen Holbø (1869 – 1953). Han var født og oppvokst på gården Søre Holbø i Sjårdalen, og bodde der til han flyttet til Lillehammer i 1912. Holbø var odelsgutt, men sa fra seg gården til sin yngre bror for å bli billedkunstner. Han malte både folk og landskap, og mange av de mest kjente maleriene hans er fra Sjodalen, gården Holbø og Lillehammer. Bilder som har fått mindre oppmerksomhet nasjonalt er de han malte i Heimfjellet, der Søre og Nordre Holbø hadde sine setrer.

Etter Vågå-sommeren i 1894, da flere malere oppholdt seg i Vågå sammen med Kristen Holbø, reiste han i 1897 til København og gikk i fire vintre i lære hos Kristian Zahrtmann. Han hadde talent og fikk i oppgave å illustrere utgivelsen av Edvard Storms «Døle-Visor» som kom ut i 1898. Tiden rundt århundreskiftet var gode arbeidsår for ham, med mange utenlandsopphold i Frankrike, Nederland og Italia.

Gjennombruddet fikk han med Sjodalsbildene fra 1902 og utover. Maleriet «Kveld ved Nedre Sjodalsvatnet» (1902) ble kjøpt av Nasjonalgalleriet og senere, i 1903, kjøpte de «Natt i fjellet» (1902), «Uvær» (1899) og «Holbø setra i måneskinn» (1909), (setra i Sallien). I 1903 malte han Holbø-kjøkkenet og året etter portrettet av moren som vi i dag finner i Lillehammer kunstmuseum. Han malte ved Nedre Sjodalsvatn også somrene 1908-1910. Flere av hans hovedverk ble laget i denne perioden. Det største landskapsmaleriet og et av hans viktigste verk er «Øvre Sjodalsvatn» fra 1908. Året etter malte han «Fjellelv» som også ble innkjøpt av Nasjonalgalleriet. Etter 1910 tok han kun kortere turer til Sjodalen, for ikke å gjenta seg selv.

Somrene 1915 og 1916 leide familien Holbø Sørlisetra, en av «søsetrene» i Bøneslia. Her var det utallige motiver: fjellformasjoner, vann, Holbøsetrene på Bringen mm. Samvær med Ivar Kleiven påvirket nok også stedsvalget. Ivar Kleivens mange sagn om huldre og underjordiske nørte nok opp under fantasien til Kristen. Som han selv skrev: «*Det blev fra denne tid fjeldet som mere og mere opptog meg. Fjeldet med mystik og en uenderlig farveprakt.*».¹ Holbø malte flere bilder av Ivar, hans mor og Kleivsetra.

Kristen ble også godt kjent med Paul, broren til Ivar Kleiven. Paul arbeidet som snekker og lagde møbler på Kleivsetra. Kristen bestilte i 1917 et stort stueskap med utskjæringer av ham. Han sendte tegninger til hvordan han ønsket skapet og utskjæringene skulle se ut.² Paul var så travel med å lage møblene at han selv ikke hadde tid til å male dem. Det var derfor broren Ivar som malte dem. Han fikk hjelp av Holbø til å velge ut og sette sammen farger, men Ivar var stadig i tvil om valgene han gjorde. Siden han måtte blande fargene selv syntes han de av og til ble for lyse, andre ganger for mørke. Han skrev til møbelkjøperne at han var villig til å male om igjen dersom de ikke var fornøyd. I et brev til Kristen Holbø vedrørende skapet han hadde bestilt, skrev han etter å ha slitt med å ferdigstille malerarbeidet; ”uff, det ligger ikke for meg å være dekorasjonsmaler”.³





Ivar Kleiven hadde flere Holbø bilder på Kleivsetra. Ett av dem var av Flatningen, et yndet motiv som Kristen malte i flere versjoner. Han varierte hvor han stod mens han malte, men i hovedsak er de malt fra de åpne gressmarkene ved Bønessetrene.

(foto i Nordalsarkivet)

To andre malerier av Holbø som hang på Kleivsetra var «Væverske» og «Bondeinteriør». Disse ble sendt til taksering for auksjon hos Wangs kunst og antikvitetshandel i 1935 når boet etter Ivar Kleiven skulle gjøres opp.⁴

En annen familie i nærområdet Holbøs kom i kontakt med var familien Schjoldager som i mange somre hadde feriert på Ivar Kleivens pensjonat. De kjøpte Liasetra i Bøneslia i 1915. Holbøs ble godt kjent med dem og de tilbrakte tid sammen. De ble fotografert da de besøkte dem på setra. På bildet er Kristen, kona Anna og sonen Halvdan på Liasetra i 1915, med Brennseterhøgda og Olashovda i bakgrunnen (foto utlånt av Nora Schjoldager).





Et av maleriene med skogsmotiv, «Landskap i sol» fra 1916, antas å vise skogen mot Gråhø, på oversiden av Vikasetra ved Flatningen. Dette er en spennende, men uvant komposisjon for et motiv.
(privat eie)



«Melingen» fra 1917 er malt slik en så utsikten gjennom trærne fra Flokka saga.
(privat eie)

På fotoet ser vi Holbø i dress en varm sommerdag der han var ned i Bønesvika i Flatningen for å se på badelivet. Det var ikke så vanlig den gang å ha egne klær for bruk i fjellet. Han hadde jo i lengre tid vært utenlands og en sommerdress var antagelig noe



det var vanlig for ham å bruke i sørlige deler av Europa. (1915 – foto utlånt av Nora Schjoldager)

Landskap – 1917 (privat eie)

Holbø-setrene på Bringen var nok nære og kjære, og trakk ham til Heimfjellet. Disse malte han flere ganger. Samme motiv hver gang, med ulik fargepalett, avhengig av hvilken tid på året det var. Bildet med de to Holbø-setrene finnes i ulike versjoner. Bildet kalt «Landskap» er versjon 5, malt i høstfarger, mens et lignende bilde fra samme år i sommertoner henger i arkivet til Vågå historielag på Ullinsvin. (Nordre Holbø har fortsatt den øvre setra vi ser på maleriene, mens den nedre på Sandånebben ble solgt som fritidsted i 1916, og er i dag kjent som Allerstølen).

*Sandånebben ved Melingen – 1917
(Norddalsarkivet)*



Er man sommerstid i Bøneslia unngår man ikke å høre sauebjellene. Det rusler fortsatt utallige sauher i området. Dette fanget Kristen opp i bildet «Bøneslien» fra 1916. (privat eie)





«Flatningslien» fra 1915 - et bilde som Skien kommunes kunstsamling ervervet i 1920.

Flatningslien – 1915 (Skien kommunes kunstsamling)

Under 2. verdenskrig kom han tilbake til disse trakter og malte flere bilder. Da leide han rom på Bruvik, den gamle skysstasjonen ved brua på Lalm. Jarle Bragelien som vokste opp der, minnes fortsatt Holbø som stod på kjøkkenet og malte faren hans Iver Bragelien holde på ute i hagen. I 1941 malte han «Melsetra», med Stutarhaugen og Brennseterhøgda i bakgrunnen. (*privat eie*)

Stutarhaugen (privat eie)

Andre motiv fra området han festet til lerretet i denne perioden var «Stutarhaugen» fra 1916, sett fra Sandånebbvegen og



Bjølstadvatnet ble malt i ulike versjoner.

Her er ett i høstfarger fra 1941 og ett malt lenger ut på høsten i 1916 etter at snøen hadde begynt å legge seg.

(1941, privat eie)

(1916, Internett Mutual Art)

De som trives og ferdes i Heimfjellet i dag kan finne Kristen Holbøs malerier fra dette området vel så interessante som de mer kjente maleriene av ham. Det er nå 70 år siden han døde, men som Knut og Halvdan Ljøsne skrev i sine minneord om ham i Årbok for Gudbrandsdalen i 1954; «Hans verk vil leva».⁵



Kilder

1. Kristen Holbø, biografiske opplysninger til C. W. Schnitler. Vågå, 6-6-1909. Nasjonalmuseets arkiv
2. Tegningene er å finne i arkivet etter Paul Kleiven i Nordalsarkivet
3. Postkortet er å finne i arkivet etter Ivar Kleiven i Nordalsarkivet
4. Brevet er å finne i arkivet etter Paul Kleiven i Nordalsarkivet
5. Årbok for Gudbrandsdalen 1954, s.53

Litteratur

Lillehammermalerne - Ole Rønning Johansen - 1990

Kristen Holbø – Halvdan Holbø - 1991

Kristen Holbø 1869 – 1953 - Anne Holbø Wendelbo – Masteroppgave UIO – 2009

Kunsten og Lillehammer - Svein Olav Hoff – 2022

«Grindgut» i OKB

Av Aage Skjellum

Etter å ha lest den fine boka om OKB, dukket erindringer opp om min sommerjobb i OKB. Somrene 1953-54-55-56 fikk jeg være «grindgut» i OKB, det var det de kalte meg. Jeg var også med og sjauet etter beste evne. P.g.a. alle grindene, 27-28 i tallet, på melkerutene Nordherad, Holesætrene og Kjøyringa. Det var ingen sjauer på disse rutene. Derfor var det ikke så enkelt for sjåførene med alle grindene alene. Grindene var som regel ikke på flat mark heller. Lønna skulle være kr. 1,50 pr dag. Jeg husker far og jeg var på kontoret til Torbjørn Bøie. Han var raus denne dagen og syntes at kr. 2,50 var mer passende. Jeg fikk en liten blokk hvor jeg skulle føre opp dagene jeg var med mjølkebilen, stor stas.

Første ruta startet hver dag om Norherad, fra øvre veien. Etter å ha veiet opp melken fra Nordherad på ysteriet var det på med de tomme spannene for Nordsætrene, Holesætrene og Kjøyringa. Disse rutene kom i tillegg på mandag, onsdag og fredag. Det var en drøy tur fra Nordsætrene til Lefinnlien, Råstadsæter, og to Svare sætrer i Holesætrene. Hele ruta var på ca. 2,5 mil.

I.o.m. at det var tur/retur til Nordsætrene ble vi ofte bedt på kaffe på en eller annen av sætrene. Sjåføren, som oftest Trygve Kleiven, fikk spørsmål om det passet med en kaffepause på returen. Passet det kom vi til flott dekket bord med hvit duk, gode kaker og kaffe. Det hendte at det var med passasjerer og da ble de også bedt med på kaffe. Det var jo kjentfolk alt sammen. Jeg husker spesielt et kaffebesøk på en sæter på Nordsætrene. Gulvet var nyskuret og det var strødd med einer. Jeg husker fortsatt dette p.g.a. den gode lukten. Navnet på budeien husker

jeg ikke. I dag ligger denne sætra på bakken og vollen er grodd igjen. De fire somrene jeg var med var det nesten samme budeiene hvert år.

Tilbaketuren gikk om Sæta-grenda. Vi hadde ikke med melk fra Sæta-grenda men fra Øvre, Steinstuguøygarden, (Ola Flaten), Blessomøygarden, (leid av Jehans Damstuen). Fra veslesætrene i Jettlia, Haugøy, Berget, Vassdokken og Ødegård. Øverst var Kjøyringa med sætrene til Gardsøy og Jøndal (Oskar). Etter at Blåhøvegn kom, hadde Ragnhild Jøndal salg av kaffe og vafler på sætra.

OKB var litt av en livsnerve i lokalsamfunnet og godt organisert. Norheradsruta kom først til ysteriet i 0800 tiden. Deretter kom Skårvangen/Finndalen, Bringen/Flatningen og til sist Fjellruta. Det var ikke bare melk som ble fraktet. Disse rutene hadde retur av spann og varer samme dagen. Det meste av varene som skulle til sætrene hadde melkebilene med. Sjåførene på disse rutene måtte overnatte hjemmefra på ukedagene.

Melken ble på denne tiden levert i spann. 10 liter, 15 l, 20 l og 30 l. En sjeldent gang en 50 l, tung og uhåndterlig. Alle brukene hadde sine egne nummer på spannene. Alle spannene ble hentet/levert på melkeramper. Rampene var også merket med spann-numrene. Nesten hver gard hadde egen rampe. Men for eks. på sveumsrampa var det 5 leverandører.

Nordheradsruta hadde retur av spannene kun på lørdager. Da hadde folk vært i moom og handlet. Vi hentet varene på faste plasser på Samvirkelaget, Handelsforeningen og Brødrene Storlien. Siste henting var på bilkontoret. Der hadde vi også med medisiner fra. Dette var et viktig puslespill for utkantene på denne tiden. Avreise var kl 1400 fra bilkontoret. Da var det som regel med 6-8 personer som skulle hjem. De satt på melkespannene. Enkel skjyss, men den fungerte.



På vei til Kjøyringa med stopp på Øvre. Bildet er tatt av Helge Øvre. Sjåfør var Trygve Kleiven, på planet Halfdan Øvre og foran «grindguten». Bilen var en Chevrolet. Alle bilene i OKB hadde et kjennemerke/nummer på den tiden. Dette ble brukt i dagligtale ved omtale av bilen. I stedet for det «lange bilnummeret». De to eller tre siste sifrene på bilnummeret ble malt på bilen. Denne bilen hadde regnr: E 6062. Da vart kjennemerket 62, se på den røde stripa på døra

Per Haugen og Skåbu kirke

Av Unni Boyum Kluge

Vi i Skåbu er ekstremt glade i Per Haugen, og vi skryter uhemmet av arbeidene hans hver gang noen er innom kirken! Og det ER verdens vakreste kirke, takket være han! At kirken er listeført er også mye takket være treskurden.

Skåbu hadde en kirke, bygd rundt 1100. Så kom Svartedauden i 1349/50, og bygda ble avfolket. Mange døde, noen slo seg ned på gårder som var blitt tomme på flatbygdene. Det kom ikke folk i Skåbu igjen før på 15-1600-tallet. Da var kirken borte, og Skåbu var uten kirke i fire - fem hundre år. De brukte Kvikne kirke snaut to mil unna, men så ble den fylt av søle og ødelagt under Storofsen i 1789, og måtte flyttes. Da ble det Sødorp, kirke på Vinstra, og det ble langt!

Det var et stort ønske om egen kirke i Skåbu, og ikke minst egen gravplass, - det murret en plan i flere år. Da Arbeiderlaget ble startet i 1914 bestemte de på første møte å kjøpe tomt til kirke. På et møte etter en gudstjeneste i Bygdahuset i 1919 ble det bestemt å reise en kirke, og byggekomite ble nedsatt. Den bestemte tidlig å engasjere Knut Villa fra Vågå som arkitekt og byggleder. Han tegnet og bygget, og han holdt (!) budsjettet på 29 500 kroner!

Byggekomiteen besto av bygdas fremste menn. Selvfølgelig. Men så var det kvinnene, da. De dannet kvinneforening for å samle inn penger. Overskuddet ble bestemt til «**den her i Skaabu påtenkte Kirkes inventar**». De hadde møter hver fjortende dag med strenge regler: Det skulle være to serveringer på hvert møte, en gang smørbrød og en gang kaker. Det skulle være underholdning, gjerne høytlesing. En gang står det at mannen i huset «**underholdt med radio**».

Men det viktigste var å samle inn penger. Utlodning fikk inn 5-6 til 12 kroner på hvert møte, og vinneren måtte ha med gevinst neste gang. De hadde julebasarer også, og fikk samlet så mange penger at de 18. februar 1922 bestemte å gå til det store steget å kjøpe alternativ tavle, samarie og servietter. 4. november diskuterte de stil og pris på alternativtavlen, og «*Det ble besluttet å underhandle med treskjærer Per Haugen.*» 10. februar 1923 skriver de: «*Intet bestemt hørt fra treskjærer Haugen*» siden de skrev til ham. MEN 9. juni 1923 kom Haugen på besøk på møtet: «*Per Haugen var så beskjeden at han ikke selv ville bestemme prisen.*» Kvinneforeningen rådførte seg med byggekomiteen om dette. Per Haugen skulle sende en skisse. 30. juni ble «*Per Haugens storartede tegning til tavle overset. Ingen hade noget å bemerke.*» De tilbød kr. 1 800 «*for dette store arbeidet: En alternativ tavle i gudbrandsdalsk stil.*» Kontrakten ble undertegnet 28. juli. Der sto det blant annet «*Alternativtavlen leveres i umalet stand, fragtfritt sendt til Vinstra.*»

Kvinneforeningen besluttet å fortsette arbeidet til alternativtavlen var ferdig. Under diskusjonen om hva de skulle kjøpe inn ellers – rullegardiner var blant annet foreslått, fant de å våge å gå for prekestol! 17. oktober skriver de at Per Haugen har tilbudt prekestol til kr. 1 200, med en forsiktig forespørsel om kvinneforeningen kunne koste frakt. En hemmelig avstemming ga svaret JA.

Skåbu kirke ble innviet 14. september 1927, da uten prekestol, uten benker og med en uferdig alternativ tavle, MEN DE VILLE TA KIRKEN I BRUK. Prekestolen ble levert sommeren 1931. Onsdag 8. juli 1931 holdt de fest for Per Haugen i kirken. Det var pyntet med løv og blomster, og prekestolen ble tatt i bruk. Det var ofring til Per Haugen, og til minne om Skaabu Kvinneforening fikk han et «*Kaffiservise i sølvplatt*». «*Per Haugen takket hjertelig for gaven, og uttalte at det hadde vært en stor glede for ham å få utføre dette arbeidet, som*

han haabet alle ble tilfredse med.» (tekst med uthevet skrift er sitater fra kvinneforeningens svært detaljerte protokoll).

Det drøyde en tid med å få malt interiøret. Dekorasjonsmaler Halfdan Davidsen skulle utføre malingen, i samarbeid med Per Haugen. 7. august 1932 purret kvinneforeningen på malingen. Per Haugen syntes ikke det hastet, men til slutt henvendte de seg direkte til Davidsen. Han kom 23. august, og sammen med Per Haugen malte de alt interiøret, vederlagsfritt. De hadde kost og losji og utgifter til maling dekket. De holdt på i nøyaktig 14 dager, men da var det ikke lange hvilepausene! Og fargevalget var perfekt for ei lita fjellbygd – ikke gull og glitter, man vakre, samstemte naturfarger. Per Haugen står bak altertavle (1927), prekestol (1931), døpefont (1928, bestilt av grosserer Tønder Bull), salmetavler (1932, bestilt av sagbruksbestyrer Ola Askheim med frue), duen under himlingen (1931) og korskillet.



*Per Haugen. Utlånt foto:
Tone Brun*

Om Per Haugen 1882-1961.

Det sies at det var mange bygdekunstnere i slekta, - og ellers i området, og første lærdommen fikk Per av farens søskenbarn Syver Jotun. (Jotun hadde både sølv- og bronsemedalje fra verdensutstilling for skulpturer i Paris. Han studerte forøvrig sammen med Gustav Vigeland). Per Haugen bodde hos Syver Jotun på Hauketo i Oslo mens han studerte ved Statens Håndverks- og kunstindustriskole. Han studerte ornamentikk, tegnet og modellerte. Han lærte mye anatomi, og ble en god skulptør. Haugens skulpturer har fått svært rosende omtale i mange fora, deriblant Norsk Kunstnerleksikon.

Ved siden av studiene arbeidet han hos dekorasjonsmaler Halfdan Davidsen, og senere hos treskjærer Robert Evensen. I 1919 dro han tilbake til Vågå, og hadde eget verksted der. Fra 1923/24 arbeidet han med utsmykking i Skåbu kirke. I 1931 ble han ansatt som lærer i snekring og treskurd ved Gudbrandsdal fylkesskole i Ringebu. Der var han i 6 år. Fra 1937 ble han styrer og lærer i treskjæring ved Hjerleidske Husflidsskole, fram til 1958 da han sluttet på grunn av sviktende helse. Han flyttet tilbake til Vågå, og døde her i 1961.

Om arbeidet i Skåbu kirke.

Både altertavlen og prekestolen ble snekret av Jehans Damstugun. Treskjæringen foregikk i 2. etasje i stua på Haugen. Det var trangt! Det ble sagt at de måtte ut med vinduet, til og med karmen, for å få ut delene av prekestolen! Tegningene til prekestolen var festet på gulvet. Øystein Brattland og Olaf Gjelet (Brennsletten) var med ei tid på prekestolen. Brattland skar alle blomstene rundt kanten (ca. 125) og dreide foten. Stokken var rå og feit, og den sprakk, men han skar et djupt sagskår der, og det er vendt innover ved montering.

Altertavla har føltene:

«Innstiftning av nattverden» på midten nederst, med Judas i ferd med å gå ut for å forråde Jesus. I hånda har han pungen med tretti sølpenger.

Til venstre Moses med lovtavlene. Til høyre hans bror Aron, den første ypperstepresten. Arons antrekk er nøyaktig som beskrevet i 2. Mosebok kap. 28. Over til høyre: «For Pontius Pilatus». Under Pilatus sin tronstol har Per Haugen skrevet: ”Med angst og beven skjærer jeg disse figurer”. Til venstre: «Jesus i Getsemane». Under de tre apostlene som har sovnet mens de ventet på Jesus står det: ”Disse figurene får jeg ikke til”. Over i midten: ”Jesu korfestelse”. Øverst: ”Kristus som seirer over døden”. Altertavlens innhold og utførelse er helt og holdent Per Haugen sitt verk. Per Haugen skrev eller skar inn navn eller initialer i alt han arbeidet med, i tillegg til små hilsner her og der på usynlige steder. Skåbu kyrkje er som et smykke i bygda vår, for en stor del takket være Per Haugen!



*Per Haugen i arbeid med preikestolen i andre etasje på Haugen.
Utlån foto: Tone Brun*

Besøk i Vågå-kyrkja, eit 50-årsminne

Av Ove Turtum

Ungdomsskuletida vart ei ny og viktig tid for meg. Eg vil tru at det var det for alle som byrja på Vågå ungdomsskule i 1973. Ein skule med godt renomé, og med mange flinke og unge lærarar som tok miljøskapande initiativ både på skulen og utanom skulen. Men det var også eldre lærarar som vi har gode minner frå. Syver Hovkinn var den eldste læraren. Han ønskte meg som lalming velkommen nordi kyrkjebygda, og hadde dermed plassert meg. Det er akkurat dette med kyrkja eg skal dele femtiårsminner med dykk.

Ut på hausten var det vanleg at sjuandeklassingane skulle besøkje Vågå kyrkja, og få ei omvisinga der. Eg vil nok tru at oss trettenåringane hadde ikkje så djup interesse og store forhåpningar for denne dagen, men det gjorde nok intrykk på meg, for eg hugsar det vel enno.

Det var ei lystig gjeng som gjekk oppover mo'ein, og da oss kom til kyrkjegardsporten fekk oss klar beskjed av lærar Per Skeidsvoll at no måtte vi vera rolege og ha respekt for kyrkjegardsfreden. Framfor kyrkjedøra vart vi møtt av kyrkjetenar Erlend Flaten. Han skulle føre oss rundt og fortelja om kyrkja. Nokre elevar tok sjølvsagt til å dra i hengjebjørka i bjørkealéen som hekk over hovuda våre, men da vart han Erlend harm, og vi fekk ei innföring i estetikk framfor kyrkja. Desse store og gamle hengjebjørkene var han svært stolt over.

Eit noko spakare følgje gjekk da inn i kyrkja. Erlend var ei framifrå forteljar, og eg vart fort fanga inn i dei mange historiene hans. Noko av det fyriste han fortalte var at han nyleg hadde kome over ein ask med krokar. Dette skjøna han fort at var krokar til å hengje hatt og frakk på. Ved hjelp av spikarhol i veggen og spikar i krokane, fekk han plassert desse gamle trekvistane der dei hadde henge tidlegare. Slik heng dei

den dag i dag. Dette syner at Erland var særslig oppteken av slike detaljer, og det verdset oss høgt i dag.

Mykje av inventaret vart nok nemnt, men mykje gjekk nok ikkje så djupt inn den gongen. Men krusifikset, fana og døypefonten gjorde inntrykk. Ein nær tusenårig døypefont som alle vagværar har fått huguvatn frå i omkring 30 generasjonar skapte underlege tankar og perspektiv.

Prekestolen tykte oss var fin, men forstod ikkje så mykje av symbola. Dei mørke maktene på sokkelen vart overvunne av ljósare makter oppover på stolen, for til slutt ha den heilage ande svevande i toppen. Eg hugsar vel at Erland stilte seg framfor prekestolen og peika på ein av hjørnefigurane. *Sjå her denne figuren vart naselaus her om dagen, og eg veit kva tid det skjedde. Tykke døkk det er fint? Det var ei busslast med tyske turistar på omvising her, så no er det ein glad og lukkeleg turist med ei naseflis frå prekestolen i Vågå kyrkja i bukselomma si.* Deretter kom moralen: Trur døkk han vert lukkelegare og gladare for å ha spikka av denne treflisa? Dette gjorde nok intrykk på fleire enn meg, for dette gløymer eg aldri. Den dag i dag kan vi sjå denne naselause skapningen rett ved døypefonten.

Deretter fekk vi lære om kyrkjegarden og himmelretning og soloppgang, og grunngjeving for korleis dei daude vart lagt i jorda. Alt på ein naturleg måte. Til slutt stoppa vi ved gravstøtta til Jo Gjende. *Her står det feil dødsårstal, sa Erland. Det sto at han døde i februar 1883. Men eg har eit bilet av han frå sumaren 1883, så dette stemmer ikkje.* Erland fekk seinare ordna inskripsjonen på gravstøtta så den vart rett, februar 1884.

Da læraren for klassa vår, han Per Skeidsvoll (Pelle) sleppte oss laus nedover mo'ein att, satt skravlinga laust, om alt anna enn kyrkja vil eg tru. Likevel hadde 30 trettenåringer fått ei skjeldan god innføring i vår

nære kulturhistorie. I ettertid skjønar vi at Erland Flaten gav oss stor forteljarkunst, nært og forståeleg denne dagen. Eg er heilagt overbevist om at desse lystige trettenåringane fekk sådd ei spire til stoltheit og vørtnad over denne vakre kyrkja og bygda vår denne dagen, som varer livet ut. Takk for gode minner om denne markante kyrkjetenaren og om ungdomsskulen, som klarte å så noko i ein ungdomskropp.



*Olav Råstad,
Tor Tofte og
Erland Flaten
på Bjølstad i
1967. Foto frå
Gudbrands-
dalsmusea.*

Kvinnene 1680-1720, ein ressurs av mindre verd

Av Ivar Teigum

Frå mellomalderen rådde det synet på kvenna at ho var mindre tilrekneleg og ansvarsfull enn mannen. Eit utslag var prinsippet om halv arv til døtrer. Med lutherdomen følgde ei sterkare oppfatning om eit særleg samband mellom kvinner, seksualitet og sedløyse. Frå tidleg på 1600-talet var lovgjevinga merkt av dette synet. I tingbøkene finn vi dei såkalla leiermålssakene som ein eigen kategori, og da vart den kvinnelege parten gjerne omtala som “et qwindfolch” eller enda meir nedvurderande, “et omløbende qwindfolch”. Etter fødslar måtte kvinnene først inn att i kyrkjelyden med ein seremoni på grunn av sin syndige kropp. Men sjølv for kyrkja var det ikkje til å koma forbi at også Guds son hadde ei mor. I gravtala over bondekona Barbro Bjølstad i Heidal anneks halden av soknepresten møter vi omrisset av ein slik madonnafigur.

Sjølv med ei lågare verdsetjing både i åndeleg, materiell og evnemessig forstand, var kvinnene likevel omfatta av det grunnleggjande æresomgrepet. I det siste tiåret av 1600-talet fekk bondekona Gollaug Stokstad si ære krenkt som tidlegare matmor etter skuldingar om utøving av trollkunster frå ei misnøgd budeie. Heller ikkje fleire handgripelege basketak med mannsfolk røynte på omdømet hennar. Med sin embetsmannsbakgrunn skal vi dernest gjera oss kjende med Anne Glostrup, prestedotter, to gonger prestekone, og svigermor til ein prest.

Kvinners omdøme, skam og ære

Kva anna var allmugekvinnene enn mødrer til mennenes søner og slekta si framtid? Ei rik enkje kunne tinge seg gravtale og med det eit

autorisert ettermæle av presten. På 1690-talet var tida for trolldomsprosessar på det næreste omme blant embetsmennene. Ei ukunnig tenenstejente risikerte å bli jaga frå bygda for slike skuldingar mot ei matmor. Vi skal observere eit skilje mellom prest og allmuge i synet på ei kvinne sine handlingar i perioden vår. Det galdt retten til ein kvilestad på kyrkjegarden i strid med styresmaktene sin rigide disiplineringspolitikk på det moralske og religiøse området.

Frå 1696 har vi manuskriptet til ei gravtale som var halden over ei avdød kone i Øvre Heidal. Som dotter, kone, mor og søster representerte ho alt det beste som soknepresten kunne koma på å trekke fram. Dette var ei av dei siste embetsgjerningane til vågåpresten Henning Munch. Tidspunktet var sist i mai 1696, den døde vart 51 år gammal. Barbro Amundsdotter kom frå Sandbu i Vågå. Ho var av ein berømmeleg adeleg familie, nemleg gjæslingane, minte presten gravølshopen om. Til ho var tjueto, hadde Barbro som ei skikkeleg og lydig dotter, budd heime med foreldra. Da hadde ho under eit Guds forsyn og etter samråd og samtykke frå foreldre og venner kome i ekteskap med Tord Bjølstad. Saman hadde dei på tretten år avla fem barn, to gutter og tre jenter. Etter det levde Barbro som enkje. På den store og velståande garden hadde ho rådd einsleg dei siste seksten åra.

Gravtala over Barbro Amundsdotter Bjølstad gjev oss eit mønster vel så mykje som eit liv. Ei oppgåve for presten var å nøre oppunder den varmen som heitte ætt og autoritet. Dernest kom understrekinga av lydnaden mot foreldre og ektefelle, guds frykt og mildskap mot dei fattige og eit oppofrande liv. På denne tida gjekk ein av mange livstrugande epidemiar over bygdene. Den hadde ramma og snart lagt i grav bror til Barbro heime på Sandbu. Som den gode søster hadde Barbro fare til Vågå for å hjelpe bror sin. Dermed kom turen til henne. Men viss på sin Gud hadde ho lagt sin lagnad i Hans hender.

Gravtala passar godt inn i arbeidet som styresmaktene var i gang med for å disciplinere folket til lydige og respektable undersåttar. Som eit motstykke til madonnabildet var skam og fornedring effektive verkemiddel. Eitt var offentleg skrifte framfor kyrkjelyden ein messesøndag. Eit anna var gapestokken utanfor kyrkjeporten. Der skulle dei stå til spott og spe som hadde forbrote seg mot dei strenge moralnormene som styresmaktene ønskte å innpronte. Dette var uttrykk for ei skjerping mot utolelege avvik. Men det gjekk ei grense for kor langt allmugen var villig til å bøye seg før dei gjekk til aksjon.

«Dene steen lod Guri Sandbo sette over sin mand Iver Ammunds. Gjesling anno 1695». Iver var bror til Barbro. Foto: Iver Storvik, Opplandsarkivet Vågå.



Rønnaug Steinarsdotter var ei av dei mange som i embetsmannsspråket vart kalla eit laust kvinnfolk. I 1654 var Rønnaug død. Under klokkeringing, og det utan å ha rådført seg med presten, tok fire framståande menn i hovudsoknet seg for med å gravleggje ho på kyrkjegarden og å ringje med kyrkjeklokka. Det var fullgardsmennene Ivar Sandbu, Lars og Tor Øy og Hans Sve. Lars Øy var bondelensmann få år etter, dei andre var lagrettemenn. For udåden fekk dei bøte femti riksdalar. Hendinga er utførleg nemnd i eit vedlegg til futerekneskapen. Bakrunnen var ei farskapssak. Søster til Rønnaug var ugift og hadde vorte gravid. Og Rønnaug hadde vedgått at ho også hadde vore i hop med den same mannen. Etter lov og bokstav var dette både hor og blodskam. Enklare for søstrene var det ikkje at den påstårte barnefaren vart frikjend under rettssaka. Dermed hadde dei også gjort seg skuldige i falsk forklaring. Skulle ei slik kvinne, utan skrifte og syndsforslating,

kunne få plass på kyrkjegarden? Og kva med autoriteten til presten i samband med gravferda?

Gardkona Gollaug på Øvre Stokstad låg sjølv på setra om somrane. Grannegarden Austrem hadde ei budeie frå Romsdalen, ei Berit Knutsdotter Lotten. Ho hadde tent på Øvre Stokstad i fleire år tidlegare. Mellom dei to kvinnene var ikkje forholdet det beste, og hausten 1695 bar det ikkje likare til enn at mannen til Gollaug stevnde Berit for retten på tinget. Grunnen var påstandar som ho hadde kome med av eit slag som i verste fall kunne ha sendt Gollaug på bålet som heks.

Året før skulle Gollaug ein dag ha teke i veg med ein hest. Da ho kom attende, bar ho tørr mørk i forkleet, sanka i sju krøttertrør. Under serken kom det til syne smørklumper som ho sa var dregne ut av kinna til ei grannekone. Ein annan gong skulle Gollaug ha teke mold inn i selet, i selsgarden og i krøttertrøa frå tre setrer. Verknaden var at feet derifrå kom rennande. Mannen til Gollaug hadde truga Berit, som da var budeie hos dei, til å mjølke ei av kyrne i saltausa. Vitna stod på Gollaug si side. To grannar hadde hørt at Berit la fram påstandane sine. Budeia på ei av setrene kom vel i hug at ho hadde hatt besøk av Gollaug den

aktuelle dagen utan at noko mistenkjeleg hende. At Berit hadde vore
truga da ho mjølka grannfeet nokre år tidlegare, kunne ho ikkje prove.



Midtre Stokstad ca. 1912. Marit, Ingeborg, Sigurd, Ola, Anne, Anna og Ragnhild Stokstad. Øvre Stokstad var det som i dag er midtre, nordre og nistugu. Foto frå Ola Stokstad, historielagets fotoarkiv.

Nå var dette ikkje eigentleg ei trolldomssak. Ettersom ho var reist av mannen til Gollaug Stokstad, var ho heller å sjå på som ein påstand om ærekrenking der saksøkjaren kunne kjenne seg rimeleg trygg på at budeia fór med lause påstandar. For lagrette og fut måtte Berit vedstå seg alt ho hadde sagt, og prov for påstandane sine kunne ho ikkje leggje fram. Ingen drog i tvil Gollaug Stokstad sin heider. Etter godfolks forbøn let Steinar Øvre Stokstad vera å reise tiltale mot Berit Knutsdotter. Ærelaus vart ho pålagd å dra attende til Romsdalen der ho

kom ifrå før sommardagen i april året etter. Gollaug Stokstad var elles ei myndig dame. Ved fleire høve møter vi henne der ho i sjølvforsvar og med uverje i hand går i rette med valdelege, mannlege slektingar.

Matriarkatet på Håkenstad

Anne Glostrup ligg det nær å sjå på som la grande dame i Vågå i den perioden vi studerer. Ho var fødd før 1650 og var som åttiåring i stand til å vitne i saka vi har behandla om fiskevatnet Flatningen i 1729. Far til Anne var Fredrik Glostrup, sokneprest i Vågå 1643-67, bestefaren var Nils Glostrup, dansk innvandrar og biskop i Oslo 1617-39. Den første ektemannen til Anne Glostrup var Eggert Stockfleth, sokneprest i Vågå 1667-81. Med det er vi inne i det største embetsdynastiet i Gudbrandsdalen på 1600-talet. Den andre ektemannen var Henning Munch. Under ein konflikt i ei verjemålssak med ein bonde i Heidal skal vi sjå korleis både partar evna å gjera seg nytte av instansar i embetsverket for å nå måla sine.

Eggert Stockfleth (d. 1638) kom frå Haderslev på Sønder-Jylland i Danmark og slo seg ned som handelsmann på Bragernes. Av sønene hans vart ein biskop i Christiania og ein annan rådmann same stad. To andre av brørne deira sat i futeembetet i Gudbrandsdalen i kvar sin periode. Ein soneson var sokneprest i Stange. Sonen hans att, Ole (1674-1727), var sokneprest i Gausdal, og sonesonen Nils var kapellan i Lesja frå 1723 og sokneprest same stad året etter og fram til 1745. Cathrine Stockfleth, dotter til den danske handelsmannen på Bragernes, gifta seg med Christen Mogensen, fut i Gudbrandsdalen 1642-53. Saman hadde dei sonen Eggert. Eggert tok namnet til mora, fekk prestutdanning, og tente som kapellan hos soknepresten i Vågå der han møtte, og vart gift med, den lokale prestedottera Anne Glostrup.

Henning Munch vart kapellan hos Eggert Stockfleth i 1673 og sjølv sokneprest i kallet 1681-96. Faren, som var sokneprest i Lesja, kom frå garden Storhove i Fåberg og var i slekt med munkfolket på Blakar i

Lom. Vi har møtt herr Henning i fleire samanhengar. Det året han døydde, var det Anne Glostrup som tok imot vikaren magister Bent i prestegarden da han heldt den omtala skjærtorsdagmessa i Vågåkyrkja i 1696.

I Vågå åtte familien Stockfleth fleire gardpartar, mellom dei garden Håkenstad. Da presten Eggert Stockfleth var avliden i 1681, vart denne garden seld til enkja etter bygselmannen, og vart verande i bondeeige fram til 1696. Da tok Else Catrine Stockfleth, dotter til Anne Glostrup, att Håkenstad på odel. Anne Glostrup busette seg etter dette på Håkenstad medan Else Catrine sjølv på denne tida gifta seg med bror til stefaren, presten Anders Munch. På dei venta eit kall i Danmark som dei skjøtta fram til prestebetet i Vågå vart ledig etter Vilhelm Dop i 1722. Odelssaka vart finansiert med hjelp frå sorenskrivaren på Sunde. I 1698 tok Henrik Schmidt over sjølve eigedomen og let prestenkja bude på nåde inntil vidare.

Med Henning Munch hadde Anne Glostrup sonen Eggert, som framleis var ukonfirmert da ho vart enkje, og etter at ho hadde flytta til Håkenstad. Til denne yngste sonen måtte ho ha verje, og da er vi vitne til at ho kastar augo sine på ein allmugemann, ein mann som vågar å setja seg imot eit slikt oppdrag.

Ole Pedersen Slette var ein velståande leiglending under krona i annekset Heidal. Forgjengarane hans på garden var av dei som ytte sølvlån til kongen i 1630. Under verksperioden i Sel var bonden på Slette oppmann for vedleveransane frå bøndene i Heidal. Den 9. april 1699 fekk Ole Slette skikka i veg eit klageskriv til statthaldaren der han la fram ei sak som mest av alt likna eit komplott. Av prosten i Gudbrandsdalen hadde han vorte innkalla til prestegarden i Vågå. Med soknepresten og stiftskrivaren som vitne hadde han der fått referert eit pålegg frå futen at han var oppnemnd som verje for den umyndige sonen til Anne Glostrup. Dette vart lese opp for han frå protokollen. Ole

Slette hadde for sin del ikkje vore med under skiftet etter Henning Munch. Dessutan hadde guten nære slektingar, både prestar og ein fut, og hadde reist saman med farbroren og halvsystera til kallet deira i Danmark.

Nå vart Anne Glostrup bodesend til prestegarden med skiftebrevet etter Henning Munch, og sidan bar det opp til Håkenstad med heile følget. Av arvedelen til sonen synte det seg at Anne Glostrup hadde gjort om i pengar verdiar for 40-50 riksdalar. Det som verja skulle forvalte, var fem hestar og ein del krøtter. Elles skriv han at han fekk "til mig slengt noget andet løsøre som er mesten forslet og intet tilforne Været paa schifttet, da det var holdet, og iche noget schriftlig derom forfattet eller mig tilstillet". På Håkenstad hadde prosten forfatta ei godkjenning som Ole Slette vart pressa til å skrive under på.

Etter at han kom heim og hadde fått tenkt seg om, drog Ole Slette etter prosten til prestegarden i Fron, og sidan heilt til Øyer for å få sjå det skriftlege påleggjet frå futen. Dette vart både stader nekta han. Men hos futen Cort Coldevin fekk han støtte og medhald ettersom det fanst nære slektingar som kunne ta ansvaret for arven til den umyndige guten. I mellomtida hadde Anne Glostrup sendt til Slette "17 fæ af samme børne arf, at ieg Nu udi denne haarde foer tid, schulle forsørge da ieg for mine Egne Creaturs fremføsel,- er ilde faren". Nå var det at han midt i vårknipa sende ein appell til statthaldaren. Derifrå fekk bonden frå Heidal full støtte med den grunngjevinga han hadde lagt fram: "Saa anbefalis, Kongens fogit at see, dertil, at supplicanten entlediges derfra, Saa gjør vel Prousten og de ved kommende den anordning med møndlingens arf, som de agter, self at til svare".

Anne Glostrup var sjølv ille ute. Alle sine dagar hadde ho budd i Vågå prestegard med foreldre og etter tur to ektemenn. Nå var ho femti år gamal og måtte flytte til Håkenstad der ho budde på nåde frå sorenskrivaren. Prestenkjegarden Dale låg i Sel anneks tre mil unna.

Sonen Christen som ho hadde frå det første ekteskapet, må framleis ha vore ung. Dottera Else Catrine hadde teke med seg den umyndige halvbroren Eggert Munch til Danmark. I denne situasjonen hadde Anne Glostrup gjort om i pengar og teke ut ein del av arven til guten, og hadde alliert seg med prosten om hjelp. Aktuelt vart det da å gå til krona sin mest velståande leiglending i annekset, ein mann kjend for eit godt omdøme. At han både var lesekyndig og handledyktig hadde prestenkja kanskje ikkje rekna med. Lik andre som vi har møtt, slik som skysskaren Ole Veggum i supplikken mot presten Dop, var han underdanig i dei obligatoriske formuleringane, men fast og sjølvbevisst i sjølve substansen.

Håkenstadstolen i Vågåkyrkja

Etter at Henrik Jacobsen Schmidt døydde, levde broren Jacob Jacobsen vidare. Sonen til sorenskrivaren var død i 1735, og garden Nordre Sunde vart sold til oppsitjaren. Da Anders Munch og kona Else Catrine Stockfleth kom attende frå Danmark for å ta over prestekallet i Vågå i 1722, gjekk dei straks til søksmål for å ta att Håkenstad med odel. Trass i denne konflikten ordna det seg likevel slik at dottera Anna Sophia vart gift med bror til Henrik Schmidt. Da Jacob Jacobsen var død i 1740, gifta Anna Sophia seg for andre gong med den seinare sorenskrivaren Carsten Hauritz. Mora Else Catrine budde på Håkenstad til ho døydde i 1757.

Galleriet oppe på den eine langveggen i Vågåkyrkja hadde Anne Glostrup fått bygt seg straks ho som prestenkje flytte til Håkenstad. Da sonen Eggert kom heim frå Danmark og var målar, dekorerte han gallerifronten med bilde som inneholdt symbol for kristne dygder. Det var denne stolen Henrik Schmidt hadde teke over straks han vart eigar av Håkenstad og prestenkja levde der på nåde. Sidan vart kyrkjestolen nytta av embetsfolket så lenge som dei budde på Håkenstad. I 1643 vart garden sold til Tosten Kleppe, ein av sønene til Ivar Kleppe. Og han tok i bruk kyrkjestolen. At ein bonde skulle ha sin eigen inngang i kyrkja,

og sitja i eit dekorert galleri jamnhøgt med presten når han stod i prekestolen, verka nok provoserande på embetsfolket. Men i ei sak i den andre delen av 1760-talet etter at lensmannen hadde prøvd å stengje han ute, sigra Tosten Hågenstad på tinget. Det var som oppsitjar på Håkenstad Anne Glostrup fekk kyrkjestolen bygt, og ikkje som ein person med ein eigen embetsfunksjon. Derfor måtte kyrkjestolen følgje garden.

Ein komplett versjon av artikkelen «Embetsfolk og allmuge i Vågå 1680-1720» med noteapparat og litteraturliste kan hentast ned som pdf-fil frå internett.



Håkenstad ca. 1900. Foto frå Grete Steigen, Vågå historielags fotoarkiv

Syv kvinner som dannet prestedynasti

Av Johan Storm Munch

7 kvinner som ved giftermål dannet et prestedynasti i Vågå i 200 år

Syv prestekoner i Vågå giftet seg slik at prestene i Vågå ble en og samme familie i hele 200 år. Fra presten Christen Mule fra 1624 til Markus Fredrik Bang Wang i 1814 var prestefolket på Ullinsvin inngiftet i en og samme familie. 2 av presteenkene var også så unge da de ble enker, at de giftet seg opp igjen med etterfølgeren i embetet. Det var 8 prester og en sorenskriver som ved giftermål ble i nær familie gjennom innpå 200 år i Vågå.

I denne tiden var det et gjennomført standssamfunn der embetsmenn på bygdene representerte det øverste siktet av borgere og det var et viktig poeng for tidens mennesker å opprettholde denne lagdelingen.

Kvinnene var mest utsatt for å «falle» i rang, derfor hadde embetsmannskvinnene ofte en spesiell plan for døtrene slik at de bevisst så seg ut et passe gifte som sikret dem den posisjon de selv ønsket i samtiden og dermed også sikret seg sin egen fremtid. Det var grunnen til at døtre av prestene i Vågå giftet seg med passende menn som med tiden ble de som etterfulgte som prester i Vågå. Det var vel heller ikke så unaturlig at døtrene til presten «falt» for kapellanen som flyttet inn på prestegården og gikk sognepresten til hånde. Noen kapellaner var også ansatt med «suksjon». Det betød at de automatisk etterfulgte den sittende presten.

Det vil være interessant å trekke frem disse syv kvinnene som med sine giftermål skapte et familiedykti som innehadde kongens representasjon i Vågå gjennom 200 år. Det var åtte prester og en sorenskriver som etterhvert ble en familie. Er vi nøyeregnende så var det 12 prester som var prester i Vågå i denne perioden på 200 år. Men

de fire som ikke ble inngiftet i «dynastiet» var alle ekte danske prester av fødsel uten tilknytning til norske miljøer.

Else Michaelsdatter Paludan Mule / Glostrup 1610-1758

kone 2 til Christen Mule, deretter kone 1 til Fredrik Glostrup

Else Michaelsdatter Paludan er den første kvinnen i denne historien.

Hun var født i 1610 og giftet seg med sognepresten i Vågå i 1632. Han het Christen Mule og kom til Vågå som sogneprest i 1624. Else var andre kona hans. De fikk to barn. Presten døde i 1643 og allerede året etter i 1644 giftet Else seg med etterfølgeren, Fredrik Glostrup. De fikk en datter, Anna Glostrup som ble født i 1645. Det bevart et arveskifte etter Else Glostrup fra 1658 som viser at hun var rik og eide mye.

Arven etter henne ble fordelt på arvingene i begge ekteskapene hennes.

Anna Glostrup 1645-1731,

kone 1 til Eggert Stockfeldt, deretter kone 1 til Henning Munch

Datter til presten Fredrik Glostrup og presteenka Else Paludan Mule var født i 1645 giftet seg med etterfølgeren til faren i 1658. Han het Eggert Stockfeldt og var prest i Vågå 1667 til 1681. Presten var først kapellan i Vågå, slik at kontakten til dattera til sognepresten var god. Eggert Stockfeldt ansatte også en kapellan i 1681. Det var Henning Munch. Han var fra Lesja og kjente derfor Vågå godt. Han fikk stillingen kapellan med suksjon. Det betyddet at han var sikret stillingen som sogneprest etter Eggert Stockfeldt. I 1681 ble Henning Munch sogneprest etter Stockfeldt som døde det året, og året etter i 1682 giftet han seg med enka etter forgjengeren, Anne Glostrup. Dermed beholdt Anne Glostrup sin posisjon som matrone på Ullinsvin. Dette hadde også en økonomisk side ved at den nye presten dermed slapp å betale års-pensjon til presteenka. Den var på denne tida rundt 50 riksdaler for året. Anna og Henning fikk to sønner. Den eldste, Anders døde etter ett år, men den yngste, Eggert vokste opp og ble den mest anerkjente kunstmaler i barokktiden i Norge. Eggert Munch malte en rekke altertavler og portretter av embetsmenn på 1700 tallet og levde til 1762.

Henning Munch var selv en habil kunstmaler og dekorerte blant annet koret i Vågå kirke etter forelegg av den illustrerte bibelen fra 1630 til Merian fra Basel. Da Henning Munch døde i 1696, arvet hans sønn Eggert malersakene til faren. Gutten flyttet til sin onkel Andreas som da var kapellan i Biri. To år etter i 1698 får Anders sogneprest embetet i Dollerup på Jylland og Eggert fulgte med til Danmark.

Else Cathrine Stockfeldt 1670-1757, datter til Eggert Stockfeldt

Den neste vi støter på i dette familiedyntiet er datter til Eggert Stockfeldt og Anna Glostrup. Else Cathrine Stockfeldt giftet seg med Andreas Munch fra Lesja. Andreas Munch var yngste bror til Henning og alle fire sønnene til presten på Lesja ble prester. Henning av eldst, mens Andreas Munch var den yngste. Hans første stilling var kapellan på Biri, deretter en prestestilling på Dollerup på Jylland. Da broren døde i Vågå i 1696 ble sønnen på 12 år sendt til onkel til oppfostring. Derfra reiste Eggert Munch til København og utdannet seg til maler. Else var oppkalt etter sin bestemor Else Michaelsdatter Mule / Glostrup, født Paludan er den første kvinnen vi har i denne familieoppstillingen. Andreas Munch ble senere sogneprest i Vågå fra 1723 flyttet fra Jylland tilbake til Gudbrandsdalen med hele sin familie. Da fulgte nevøen Eggert Munch med som ferdig utdannet kunstmaler. Det var samtidig som Else Cathrine Munch, født Stockfeldt fikk en datter, hun ble døpt Anne Sophie Munch i 1723. Denne datteren giftet seg med Carsten Hauritz den 12. mars 1743. Han var sønn av sorenskriveren på Fron og ble selv sorenskriver i Vågå fra 1757.

Anne Sophie Hauritz, f. Munch 1723-1761, datter til Andreas Munch

Anne Sophie Hauritz var født i Vågå og var gift med Carsten Hauritz. De bosatte seg med sin familie på Sunde. Mannen hennes var oppvokst i Fron og Carsten Hauritz ble sorenskriver i Vågå fra 1757, men de hadde kontakt nok til et giftermål i 1743. Det var to år før faren hennes, sogneprest Andres Munch døde i Vågå. Hauritz bodde på Sunde og var

den eneste i bygda som hadde et tre etasjers hus. Det ble totalskadet i flommen under storofsen i 1789. Hauritz og presten Johan Storm hadde meget god kontakt. Blant annet holdt de avis sammen. Slik at avisene først kom med post til Sunde. Etter at de var lest der, ble de bragt til prestegården. Dette er dokumentert i brevene til Johan Storm fra 1755 av.

Johanne Magdalena Hauritz 1719-1782, søster til Carsten Hauritz

Det var vanlig på denne tiden på 1700 tallet at embetsmennene hadde hele sin storfamilie boende hos seg. Carsten Hauritz hadde blant annet storesøster Johanne Magdalena Hauritz, som var ugift, i husholdningen på Sunde i 1760-70 årene. Den tette kontakten som det var mellom sorenskriveren og presten i Vågå gjorde at presten Johan Storm og jomfru Johanne Magdalena Hauritz kjente hverandre godt gjennom år. Det er dokumentert i brev fra Johan Storm fra 1750 årene inn i 1760 årene. Johanne Magdalena Storm, født Hauritz giftet seg 42 år gammel med den ensomme enkemannen Johan Storm på Ullinsvin i 1761. Hun ble hans tredje kone. I tilgjengelige kilder er det oppgitt at Johanne giftet seg med sognepresten Johan Storm den 4. mai 1760. Det er 33 dager etter at hans andre kone, Ingeborg Birgitte Storm, født Røring, døde den 31. mars 1760. I flere brev Johan Storm som skrev på sommeren 1760 klaget han over sin ensomhet. Blant annet ville han ikke sende sin yngste sønn, Edvard på 10 år fra seg, for det er den eneste personen som holdt han med familieselskap.

Da blir mer mening i at Johan Storm giftet seg først etter ett «sørgeår» som var vanlig i de kretser. Derfor ble presten og Johanne Magdalena Hauritz gift først den 4. mai 1761 skal vi vektlegge brevene som Johan Storm skrev. Det forsterkes også ved at det først på sommeren 1761 at Johan Storm har skifte mellom sine barn og seg før han gifter seg på nytt.

Johanne Magdalena Storm, født Hauritz var ikke så populær blant alle sine stebarn. Edvard Storm og Christine Storm Munch skrev ofte brev

til hverandre og kalte Johanne for «stemadammen», og det var ikke særlig rosende omtale av stemoren på Ullinsvin. Mens de to yngste døtrene til Johan Storm, Gisken og Magdalena fulgte med Johanne fra Ullinsvin til Hølen i 1777 da hun hadde blitt presteenke og den eldste stedatteren, Gisken Storm Bull kalte også opp sin eldste datter og førstefødte etter stemoren. Hun ble døpt Johanne Magdalena Bull i Kristiansund i 1780.

Christine Sophie Munch f. Storm 1746-1825, stedatter til Johanne Magdalena Storm, f. Hauritz

Christine Sophie Munch født Storm var datter av Johan Storm fra hans første ekteskap og ble dermed stedatter til Johanne Magdalena Hauritz, men med litt romslighet tilhørte de samme storfamilie som satt på Ullinsvin i årevis. Christine Sophie Munch er en av de sterkest lysende kvinnene i dette familiedyndastiet. Både for at hun var en spesiell personlighet og for at vi i dag vet så mye om henne. Som ung tok hun til seg all den kunnskap som var mulig for en pike i den tiden. Hun lærte å skrive, lese og kunne spille klaver godt. Hun lærte seg kokekunst til å driftet og også imponere gjester på prestegården med de mest innfløkte retter. Christine skrev en fyldig kokebok som er gitt ut i vår tid. Christine hadde også lært mye hos slektinger på Romerike og i Christiania, der søster til sin første stemor hadde hotell. Dertil levde Christine sine første 10 år sammen med sin farmor på Ullinsvin. Hun het Elisabeth Storm. Hun var en meget særpreget dame som var født i Skottland og Christine overtok mange av de karakteristikker som farmora fikk på bygda. Begge var mørkhårede og utenlandske å se til og ikke så lite skarpe i kanten. De var begge tydelige representanter for sin stand i samfunnet. Christine Storm Munch giftet seg med Peder Munch i 1768 og fulgte sin mann som aktiv prestekone i Ringebu, Vågå og Fluberg. Selv flyttet hun hjem til Vågå fra Søndre Land da presteenkesetet på Hølen var ledig i 1810 og levde de siste 15 år av sitt liv i Vågå.

Jacobine (Johanne) Edvardine Wang f. Munch, 1770-1853

Johanne var eldste datter til Christine og Peder Munch og var selvsagt med familien Munch da de i 1788 flyttet fra Vågå til Fluberg. Peder Munch som var plaget av gikt, måtte ansette en kapellan. Det ble Marcus Fredrik Bang Wang fra Røros. Johanne giftet seg med denne unge mannen i 1791 og fulgte sin mann fra Fluberg til Trysil i 1798 derfra til Vågå i 1803. Presten Marcus Bang Wang døde i 1814 og Johanne ble sittende på Ullinsvin i hele to år før hun flyttet til presteenkesetet Dale ved Otta. Før det hadde hun holdt to brylluper på prestegården. Den ene brura var søstera, Magdalena, født 1777 som i 1815 giftet seg med kaptein og bonde Jens Tronhus. Den andre brura var hennes eldste datter Christine som giftet seg med lensmannen i Vågå, Anders Trosdal også i 1815. Da Johanne Wang, f. Munch flyttet til Dale ved Otta ble mora som fra 1810 hadde bodd på Hølen, med dattera slik at det bodde to presteenker på presteenkesetet på Dale. Moren Christine døde der i 1825 og da reiste Johanne til sine slektninger i Christiania, der hun døde i 1853.

*Nedre stugu på
nordgard Sandbu
vart kalla
«Madam Storms
hus». Huset vart
flytta frå Hølen
av klokkaren
Jakob Danielsen
(1749-1815) som
overtok Sandbu i
1778, han var
god ven med
Edvard Storm.*

Foto og tekst: Knut Raastad.

Kjelde: Alette Sandbu Brenden.



Disse syv kvinnene ble «limet» i den familien som hadde prestembetene, med få unntak, i Vågå fra 1624 til 1814. En kan si at det var tilfeldig at det ble sånn, men det var nok mer et bilde på at i disse 200 årene var giftermål en posisjonssikring i det lagdelte samfunnet som eksisterte. Et sikkert gifte var en garanti for at en kvinne skulle fortsatt være i den stand de var født inn i og beholde den posisjonen i samfunnet som de var vokst opp i. Vågå var også en av de beste presteembetene en kunne ha i Gudbrandsdalen. Derfor var det attraktivt å være der og det ble gevinst for en storfamilie å beholde kontakten med å ha nye prester inn på Ullinsvin i tett rekkesølge. Det sørget disse kvinnene for som vi har omtalt her og skapte dermed et familiedykti som år etter år i desennier og århundrer hadde sogneprest-vervet og inntekten ved kirkegodset i Vågå som sin økonomiske og kulturelle base. Men det er overraskende at det var kvinnene som var det spesielle bindeleddet mellom generasjonene fra 1600 tallet frem til 1814 på Ullinsvin, og derfor bør historien frem som en illustrasjon på bevisste kvinner bakover i tid.

Prester i Vågå

Christen Mühle 1624-1643

Fredrik Glostrup 1643-1667

Fredrik og Else hadde dattera Anna Glostrup
Eggert Stockfeldt 1667-1681 g.m. ” ” (enke 1681)

Eggert og Anna hadde dattera Else Cathrine Stockfeldt
Henning Munch 1681-1696 g.m. Anna Glostrup

Andreas Munch 1722-1737 g.m. Else Cathrine Stocfeldt

Andreas og Else hadde dattera Anne S. Munch, g.m. C. Hauritz
Johan Storm 1745-1776 g.m. Johanne M. Huritz, søster til C. Hauritz

Johan Storm hadde dattera Christine Storm, stedatter til Johanne
Peter Munch 1776-1786 g.m. ” ”

Peter og Christine hadde dattera Johanne E. Munch
Marcus Fr. Bang Wang 1803-1814 g.m. ” ”

Prestefruer og prestedøtre

g.m. Else Paludan (enke 1643)

g.m. ” ”

Fredrik og Else hadde dattera Anna Glostrup
Eggert Stockfeldt 1667-1681 g.m. ” ” (enke 1681)

Eggert og Anna hadde dattera Else Cathrine Stockfeldt
Henning Munch 1681-1696 g.m. Anna Glostrup

Andreas Munch 1722-1737 g.m. Else Cathrine Stocfeldt

Andreas og Else hadde dattera Anne S. Munch, g.m. C. Hauritz
Johan Storm 1745-1776 g.m. Johanne M. Huritz, søster til C. Hauritz

Johan Storm hadde dattera Christine Storm, stedatter til Johanne
Peter Munch 1776-1786 g.m. ” ”

Peter og Christine hadde dattera Johanne E. Munch
Marcus Fr. Bang Wang 1803-1814 g.m. ” ”

Sønner av Norge og 17. mai

Av Knut Raastad

Selskapet for Norges Vel utlyste i 1819 ei konkuranse om ny norsk nasjonalsang. «Sønner av Norge» av Henrik Anker Bjerregaard vart i 1820 kåra som vinnar og vart brukt som nasjonalsang til «Ja vi elsker» av Bjørnstjerne Bjørnson kom i 1864. Fram til tidleg på 1900-talet var desse to sangane brukte om einannan som nasjonalsang, men «Sønner av Norge» vart nytta i meir formelle samanhengar.

17. mai vart feira privat i Trondheim alt i 1815. Frå 1823 vart datoén i avisene omtala som grunnlovsdagen. Grunnlova vart feira i enkelte miljø i Christiania i 1824, pådrivar for dette var Henrik Anker Bjerregaard. Den fyrste offentlege markeringa var i Kristiansund i 1827, men både i 1826 og 1827 var det store tog i Trondheim. I 1828 la kong Karl Johan ned forbod mot å feire dagen. Etter «torgslaget» i 1829 vart Henrik Wergeland svært aktiv med taler, dikt og sanger utover 1830-talet, og det er han som såleis har fått æra for å ha innstifta dagen. I 1836 feira Stortinget 17. mai-fest og frå da har dette vorte rekna som Norges nasjonaldag.

Henrik Anker Bjerregaard 1792-1842 frå Vågå stod altså bak både nasjonalsang samt å få i gang 17. mai-feiring i Christiania i 1824. I dag er det nasjonalpoetane Bjørnson og Wergeland som blir æra for nasjonalsangen og 17. mai-feiringa.

Kjelder:

Store norske leksikon / norsk biografisk leksikon
Wikipedia



Finmo, Lie, Villa m.m.

Av Knut Raastad

Siste åra har fleire eldre eigedommar i sentrum i Vågåmo fått ny eigar. Her kjem litt om folk og eigarar i eldre tider. Omtale av **Formo** og **Kirkenær** kjem seinare.



Byggjing på Vågå handelsforening. Foto frå Gunnar G Sandbo, historielagets fotoarkiv.

Finmo. Vågå handelsforening fekk i 1873 festekontrakt frå prestgarden. Finmo gnr. 66 bnr. 9 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1888, og skjøte frå kyrkjedepartementet til Vågå handelsforening for kr 400 vart tinglyst i 1894. Ny frådeling av gnr. 66 bnr. 34 skjedde i 1913, og Vågå handelsforening fekk skjøte frå kyrkjedepartementet i 1915 for kr 1455,60.

Folketeljinga 1891 viser ugifte Hans ErikSEN Kvarberg f.1858 som busett på det som truleg var Finmo, han var styrar på Vågå handelsforening 1881-1899.

I 1900 budde Johannes Rasmussen 1868-1954 frå Ulefos på Finmo, han vart 1902 gift med Mari Olsdotter Sandbu f.1883 og var styrar 1899-1909.

I 1910 og 1920 budde Oluf T Strandli f.1873 frå Elverum på Finmo, han var styrer 1909-1932.

Rolf Steberg var styrar 1932-1957 og Ola Slind frå 1957.

Frå 2000 vart handelsforeninga omorganisert til å bli eit eigedomsselskap, tidlegare tilsette oppretta sine eigne firma som stod for drifta. Vågå handelsforening vart i 2012 omdanna frå andelslag til aksjeselskap for å oppfylle nye krav i lovverket. Bygningen vart i 2018 seld til eit eigedomsselskap i Brumunddal og selskapet Vågå handelsforening AS vart avvikla. Frå 2022 fekk bygget nåverande eigar.

*Lie og
handelsforeninga
1964. Foto frå
flickr/com/photos/
vagakommune,
album Kjell
Andersen.*

Lie. I 1910 vart det nemnd at dette låg på prestgårdens grunn, bakar August Lie fekk festekontrakt i 1907. Dette var festenr. 3, nå gnr. 66 bnr. 234, Moavegen 3. August Lie 1876-1932 frå Fåberg vart 1908 gift med Anne Hansdotter Sandbushaugen 1888-1968. Dei hadde 4 barn:

Kristian f.1909 (neste eigar) gift 1944 med Astrid Martinsen f.1923



Halvdan 1911-1990, g.m. Anne Lise Aagaard 1913-1997
Asbjørn 1913-1931,
Marit f.1925 g.m. Pål Øystein Kvarberg f.1926.

Bokhandelen. Bertrand Narvesen fekk i 1919 feste på tomt på prestgards grunn. Festet gnr. 66 bnr. 1 festenr. 8 vart i 1985 overført til Steinar Holø, og i 1986 vidare til Einar Engum.

Bokhandelen. Foto frå Anne Marie Bolstad, historielagets fotoarkiv.



Bilkontoret. I 1949 vart det tinglyst leigekontrakt på 49 år til Ottadalen Bilag, dette var truleg Bilkontoret gnr. 22 bnr. 231/237 Vågåvegen 37. I seinare år er det frådelt tomt gnr. 22 bnr. 233 der det er bygd leiligheter.

Bilkontoret i bakgrunnen. Foto frå Gunnar G Sandbo, historielagets fotoarkiv.



Villa gnr. 24 bnr. 13 vart frådelt frå nordgard Blessom i 1910 med skjøte til Knut Villa for kr 3000. Arealet omfatta både området ovanfor vegen, og den såkalla Jovolden nedanfor. Knut Villa, Vestnes f.1876 var gift med Inger Øiom, Tessanden f.1882, dei hadde 3 barn:

Kristian 1905-1985, neste eigar
Gunhild f.1906, g.m. Ola Sørli 1905-1973
Hallfrid f.1910, g.m. Iver Mytting, Ringebu f.1905



Villa. Foto frå Ragnvald Berg, historielagets fotosamling

Kristian forpakta Villarunningen frå 1935 og overtok Villa med skjøte i 1944. Kristian vart 1931 gift med Kristine Austrem 1902-1981, dei hadde 2 barn:

Knut Ivar f.1935-2020, g.m. Astrid Lühr, Lom 1936-2001
Marie f.1938

Kjetil Villa f.1959 overtok Villa etter besteforeldra i 1974.

Villa hotell gnr. 24 bnr. 32 vart frådelt frå Villa i 1950. I 1960 var det skjøte frå Kristian Villa til sonen Knut Villa. Mathuset as overtok hotellet med skjøte i 1985, Villa hotell AS overtok i 1989.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Trygve Håkenstad, 1973: Vågå Handelsforening 1873-1973

I Tysklandsbrigaden

Hans Raastad fortel

Eg møtte på Terningmoen i 1947, der låg vi ei natt. Så vart vi kjørd til nærmeste stasjon på Bergensbanen og reiste over til Ulvenmoen. Vi var mange Gudbrandsdølar, bl.a. Harald Jordet og Oskar Valbjørsløkken. 17. mai var det stort lauv og vi pynta bilane med flagg og reiste inn til Bergen og det var svært stemningsfullt berre nokre år etter krigen. Der var det enkelte som ville prøve å narre dei unge soldatane med å selja ting som ikkje hadde nokon verdi til oss landsungdom, men vi lærde å passe oss. Det var ein soldat som ikkje tåla å koma ut og rømde for å koma seg heim att, vi var mange som var med og leitte etter han.

Vi var på Ulvenmoen vel ein månad, og vi var fleire som sökte om utsetjing av ulike grunnar. For meg var det bl.a. for å vera til hjelp heime på garden, men dette vart ikkje likare seinare. Dette årskullet var den andre brigada som skulle til Tyskland, og kanskje var det betre å koma til Tyskland seinare.



Skyttargraver i Putlos.

Eg kom ut att i juni 1951.
Da var eg på Heistadmoen
og Terningmoen, og
seinare på Madlamoen ved

Stavanger, på Madla var også Ola Brekken. Eg trur det var i oktober eg reiste til Tyskland, vi gjekk på båten i Stavanger og kom truleg inn i Kiel. Vidare reiste vi til Rensburg, denne byen ligg i Schleswig Holstein.

Leiren var i utkanten av Rensburg, og vi reiste opp i byen når vi hadde fri. I Rensburg var det ei svingbru over Kielkanalen. Dei fleste øvingane var i nærleiken av Kielkanalen, bl.a. eit øvingsfelt i Putlos ved austkysten i Schleswig Holstein. Det var rå fuktig luft slik at det kjendest kaldare ut enn det er med same temperaturen i tørr luft heime.

Vi var også lenger sør i Tyskland på øvingar bl.a. i øvingsfeltet Sennelagen i byen Paderborn i Nordrhein Westfalen. Der var det raserte bygningars som vart brukt til øvingsområde for oss militære.

Vi hadde kontakt med tyskarar, mest slike som arbeidde i leiren. Eg var i den engelske okkupasjonssektoren, og vart dermed lønna i engelsk valuta. Vi fekk kvoter på bl.a. sigarettar som vi kunne kjøpe, men eg røykte ikkje. Dermed kunne eg selja desse og få tyske mark til å handle med. Vi opplevde at når vi hadde «kampar» mot engelskmennene, så var det tyske sivile som varsla om kvar engelske soldatar låg. Men det var også dei som ville lure oss til å gå i fella til motstandaren.

Elles såg vi mykje elende etter krigen.

Like ved militærleiren vår var det ein flyktningeleir, der var det mest kvinner og barn. Mange plassar såg vi skadde folk. Ein som hadde mist bæt føtene og sat på ei tralle og spelte trekkspel gjorde inntrykk. Ein annan som hadde mist ein fot og gjekk med to stavar var med og underheldt for at vi skulle gje skilling. Spesielt i Hamburg var det mykje raserte bygningars etter bombing.



På ein manøver gjekk det så lang tid før vi fekk mat, at vi vart svært svoltne. Eg stod på post, men gjorde vel noko ulovleg og var på ein butikk og fekk tak i kaku. Denne delte eg i to og stappa delane innanfor skinnvesten for at det ikkje skulle bli sett. Inne på øvingsområdet att delte eg det med kameratane. Men like etterpå fekk vi mat.



Hans Raastad ved kaserna i Rensburg.

I jula var vi mange som hadde perm og reiste til Danmark. Der var det ordna slik at vi budde heime hjå danske familiar. Etter krigen stod norske soldatar høgt hjå danskane, svenskane stod nok ikkje like høgt der den gongen. Eg og ein hallingdøl budde hjå ein meieribestyrar i Grindsted i Syd-Jylland. Vi var bl.a. med i kyrkja der dei song inn jula.


Eg kom att frå Tyskland i april 1952.

Nedskrivi av Knut Raastad.

Med påholden penn, m.p.p.


Av Aage Skjellum

Jeg har scannet noen bilder for Norddalsarkivet. Bla ID-kort fra krigen. Hvem som trengte ID-kort eller ikke vet jeg ikke. Samlingen inneholdt ca. 500 kort med bilde, fødselsdato, yrke, stilling og underskrift. Det var ikke alle i Vågå som trengte dette kortet tydeligvis. Kanskje mange av kortene hadde blitt makulert. Noen få av kortene hadde påtegningen m.p.p. Det betyr at kortholder ikke kunne skrive navnet sitt selv. Man signerte med påholden penn. En av de var Jakob J. Lundaløkken, den eldste i samlingen, 92 år forteller dokumentet. Jakob hadde kanskje blitt litt skjelven på håden med alderen. Det var en egen fotograf i Vågå (Brekke) som tok bildene. Oppdragsgiver var lensmannen vil jeg tro. Brekke tok mange bilder av vagverer i sin tid i Vågå. Etter det jeg kjenner til har han gitt sin fotosamling til Norddalsarkivet.



Scanningen av bildene var som å bla i en minnebok. Jeg kjente igjen veldig mange. Hvor de bodde, ektefelle og barn/barnebarn. Det var en morsom jobb og veldig mange minner fra min oppvekst dukket opp. Det vart mye mimring underveis.

Slik utførtes signering m.p.p. Det visste selvfølgelig Eirik Haugen.



Lalmsbrue og undermineringa

Av Arne Ryen

I Jutulen 2023 skriv Øyvind Røhr Berg om Brua på Lalm – som tyskarane førebudde for sprengjing. Dette innlegget vekte minnē, det: Eg voks upp like ved austre bruenda og ha nok ikkje rokkje bli skulgut enda da dette skjedde - sommaren 1943 (meiner eg).

Kva var mål og meinung med dette, tru? Strategien attom låg ikkje klårt i dagen for nokon her i bygden. Men tyskarane var komne på defensiven etter nederlaget ved Stalingrad i februar 1943 og samanbrotet for 6. arme etterpå. Kanskje skolv det alt ti ridebuksom åt summe og fekk døm te å tenkje i nye og defensive bano – mellom anna med å sikre seg retrettveig *heimover att...*

Men ti dessé grend'n? Sjårdalsveigen var da berre ein låk kjerrveig forbi Blekahaugen, Ner-Skårsjordet og Tangsætré. Gammelbrekka var like bratt, ho, og knapt farbar for miliære kjørdominge, anten det var upp heill ned – så da var berre baksideveigen i Otdalé att – etter militærstrategisk tenkjing, skulle ein tru. Men særleg store troppestyrke forbi kleivin neondé Hovdaspiggjé er det vanskeleg å tenkje seg. Kjentfolk har sagt meg at Sundbrue truleg ikkje fekk same underminering. Korleis det var med Åsårbru'n veit eg ikkje. Og over Eiefossen dingla det berre ei smal vaier-bru. Det var uta tvil Wehrmacht som var «byggherre», truleg med ei ingeniortrupp, og som denne gongen ikkje tok seg husværé på Lalm-skula.

Teknisk: Austre (solside-) landkjeret vart håålå ut på nordsiun, umlag 60x60 cm vidt og kanskje 150 cm djupt, bordkledd innvendig og opet dekte døm med ei treluke. På landsiun då austre brukjeré, og heilt tett innåt, vart det heist ned two heile og tverrliggjande timmerstokke, festa

med grov ståltråd. Dette var fundament for ei trekasse – om lag halvan meter høg- og som minore seinare kunne stå på for å plassere sprengladninga på brubjølkom, vil eg tru. Ned og upp kleiv dei frå sørsiun tå bru'n. Det vart ikkje gjort inngrep på di støypte brukjerom, det vi kunne sjå. Heller ikkje landkjeret på baksiun (ved butikken hans Sjugurd Braaten) vart underminert.



Arbeid med Lalm bru 1933. Foto Christen Lomsdal, Norsk vegmuseum / digitaltmuseum.no

Timmer tok dei frå Statsteigjé – nøyaktogt der Samfunnshuset nå står – og heile timmerstokken bar ein 6-8 mann på økslom fram til arbeidsplassen på slettun sør for innkjøringa til bruа. Sagarbeid gjorde dei truleg på Sveine/Pillarviksagen, som låg mellom Rindun og ungdomshuset Vonheim. Til målarkvost for kamuflasjemåling tå synleg treverk hugsar eg dei brukte furukvist med bra barnål. Ingenting tyder på at det vart lagt på plass sprengstoff. Det hadde kravd vakthald, kanskje avsperring, au, noko som ikkje skjedde. Eg veit heller ikkje når, korleis og av kven demontering og oppryddinga vart gjort etter krigjé.

Det var liten eller ingen kontakt med soldatom – men ein og annan «bon-bon» vart vel delt ut åt ongom ved Bru'n. Men, så rymde kaninein henna mor frå buré sine på hi si'un då riksveigjé – og da vart det jammen militær kaninfangst! Heile tyskerlaget la til side undermineringsarbeid, våpen og anna styggedom og sette i gong med innsamlinga. Kvar einaste kanin fanga dei inn att og sette trygt i tetta bur!

Nettopp denne hendingje ser eg som verdfull og positiv: Uniformerte okkupasjonssoldate la burt våpen og utstyr – og sprang ikring og fanga inn att kaninein åt dei militært og politisk «besetzt». I denne stunda vart brått krig og uhygge aldeles burte – og gode eigenskape fekk høgaste prioritet! Medmenneske er vi, trass i vanstyre frå «maktom», heill autokrate og galne folkefiende! Når det berst té, er nå menneska inst inne vener som helst vil hjelpe einan når det gjeld!

En ung tradisjonshåndverker i Vågå

Av Victoria Nor

Fra november 2022 til mai 2023, har jeg vært så heldig å få være hos Gudbrandsdalsmusea på Ullinsvin. Her har jeg vært gjennom et prosjekt som heter «Ungt Tradisjonshåndverk» gjennom Norsk Håndverksinstitutt. Dette prosjektet er en fin mulighet for unge tradisjonshåndverkere til å fordype seg i faget sitt hos museer rundt om i landet. Jeg er utdanna bunadtilvirker, og her har jeg fått lære mer om bøting av klær.

Det hele startet med en interesse for alle de små lappene som de gamle plaggene var skjøtet med. Det var små biter, brukta for å utnytte materialet til det fulle. Dette kunne man se på alt fra trøyter til luer.

Denne interessen førte meg til dagens materialutnyttelse, og derfor klesproduksjonen og miljøproblemene. Mye av det jeg har lært ble vist på Gudbrandsdalsmuseas sommerutstilling 2023, med tittelen «Bøte – reparasjon før og no». Dette er et samarbeid jeg har vært så heldig å få være en del av!

Miljø

«Bruk-og-kast» mentaliteten som har eksistert i mange år har påført stor skade på miljøet, og i dag begynner folk å vende tilbake til reparasjon og ombruk av klær som en motreaksjon til dette. I dag er det noen klesprodusenter som lanserer opp til 1000 ny-designede plagg hver dag. Disse plaggene er av dårlig kvalitet og er ikke laget for å være holdbare eller å kunne repareres.

FNs bærekraftsmål nr. 12, «Ansvarlig forbruk og produksjon», handler om å gjøre mer med mindre ressurser. Skulle alle levd slik som vi i Norge gjør i dag, så ville vi trengt ressursene til 3,2 jordkloder.

Forbruket er for stort, vi kaster før vi må og kjøper mer enn vi trenger. I Norge blir 97% av våre brukte klær sendt til utlandet, hvor det videre sorteres og havner på brukmarked der, men noe blir også søppel. Dette er noe som er med på å danne disse store fjellene med tekstiler som vi blant annet ser i Chile, Ghana og Kenya.

20-35 % av mikroplasten i havet kommer fra plastbaserte plagg. I Norge beregnes det at vaskemaskiner og avløp har et utsipp på 600 tonn mikroplast i året. Mikroplasten kommer fra oljebaserte materialer, slik som polyester, akryl, polyamid med flere.

100 milliarder klesplagg produseres hvert år i verden, og i Norge kjøper vi 70 000 tonn klær i året. Mye av dette er billige plagg, og grunnen til at vi kan kjøpe klærne våre så billig, er de dårlige materialene og lønningene som arbeiderne får. De har lange arbeidsdager og utrygge arbeidsplasser.

Produksjon og bruk, før og nå

Tidligere så foregikk mye av tekstilproduksjonen på gårdene. Dette var en lang prosess som gikk igjennom hele året, med dyrking og innhøsting av materiale, spinning, farging, veving og sying. Både det hjemmeproduserte og kjøpte tekstilet var kostbart, og ble brukt til minste bit. Ble plagget slitt eller ikke brukt mer, så ble det reparert eller sydd om. Og hvis plagget ikke hadde mer bruk igjen i seg, så fikk det andre formål, slik som isolasjon i veggen. Tidligere ble plagget sydd først når det hadde en eier og en funksjon.

I dag blir produksjonen sendt til fattigere land hvor mange arbeider under dårlige og helsefarlige forhold. ProsesSEN skal gjøres billigst mulig og fører til miljøbelastninger. Er ikke plagget i bruk, eller det har blitt slitt, så sender vi det bort eller kaster det. Plagg masseproduseres før det har en eier, og det som da er til overs blir ofte ødelagt.

Livet til et tekstil

Hjemmesydde og -strikkede plagg har vist seg å vare lenge. Dette er plagg det er mye arbeid og kjærlighet i, og vi er derfor flinkere til å reparere og ta vare på disse plaggene enn billigplaggene vi kjøper. Blir det hull i genseren som bestemor har strikket, så reparerer vi den og bruker den igjen og igjen, for vi veit hvilken jobb hun har lagt bak når hun har valgt garn og farger og strikket den til akkurat deg. Mens en t-skjorte med hull i ofte havner i søppeldunken, for den har vi ikke det samme forholdet til.

Kan vi lære oss å bli glad i disse plaggene også?

Når man skal velge materialer, så er det viktig å velge noe som er bra for miljøet og oss, for vi må huske på at klær varer ikke evig, og bør gå tilbake til naturen en dag. De plastbaserte plaggene kan sirkulere i naturen fra hundre til flere tusen år. Det blir ikke borte, men blir delt opp i mindre og mindre biter; mikroplast. En bomullsskjorte i havet er borte etter to til fem måneder.

Naturmaterialer har mange gode egenskaper, og det er dette som har blitt brukt i tusenvis av år, men de har også sine belastninger. Bomull krever store mengder vann og landområder, og sauer produserer metangass. Naturmaterialene er gode, lette å fikse og nedbrytbare. Polyester er laget av olje og er lett og slett plastikk. Selv om dette er et billig, lett og holdbart materiale, så avgir det mikroplast både ved bruk og i vask, noe som havner i havet og i jorda, og da igjen i maten vi spiser. Dette er et vanskelig materiale å fikse, og er ikke nedbrytbart.

Undervisning, i hjemmet og på skolen

Tidligere, så lærte man ved å observere, og ble tidlig inkludert i arbeidet. Det var en naturlig del av hverdagen, og allerede fra 6-7 års alderen begynte de å hjelpe til med tekstil- og klesproduksjonen. De hadde sett de eldre kvinnene på gården om våren med sauevask og klipping, om forsommeren med innhøsting av planter til farging, arbeidet med lin og hamp på seinsommeren, spinning og strikking om høst og vinter, og når dagene ble lysere var det farging, veving og sørn. Og så var det «på'n igjen.»

Det var en periode forskjell på håndarbeidsundervisninga i by og land. Den kom noe seinere på landet, siden mange fortsatt lærte dette hjemme. Men felles var skoleplanene, og her kan vi se hvordan reparasjonen forsvant ut av undervisninga:

1939, Normalplanen: Hadde fokus på å holde klær i stand og kunne produsere enkle plagg.

1974, Mønsterplan: Man skulle vekke elevens fantasi og følsomhet. Mindre fokus på reparasjon. Mer på kreativitet med filt og strie.

1990-tallet, «kunst og håndverk»: Kulturarv og miljø i fokus. Med få timer og nye emner forsvant reparasjonen ut av timeplanen.

Også må vi nevne Caroline Halvorsen. Hun var født i Vågå i 1853, og var håndarbeidslærer ved Den kvindelige Industriskole i Oslo. Hun skrev bøker om håndarbeidsfaget, og disse ble viktige i både skole og hjem.

Reparasjon gjennom tidene

Det mest miljøvennlige vi kan gjøre, er å bruke det vi allerede har, og blir dette slitt så er reparasjon og ombruk/omsøm løsningen.

Vårt forhold til klær, og da særlig til reparasjon, har forandret seg kraftig de siste hundre årene. Tidligere var vedlikehold og reparasjoner en viktig og tidkrevende oppgave i hjemmet.

Ser vi fra 1900-1930-årene, så er dette tiden for nøysomheten og godt håndverk, noe som vi også kan se i håndverksbøkene. Så kom krigen, og 1940-tallet er preget av materialknapphet, men de lot seg ikke stoppe av det! Man ble kreative, og fikk til det utroligste ut av ingenting. 1950-60-tallet var den «rasjonelle husmorens» tid. Klær var et viktig punkt i husholdningen, og det var derfor viktig å planlegge og forvalte ressursene på en god måte. Garderobeplanlegginga var viktig for å være velkledd uten å bruke mer ressurser enn nødvendig. Kvalitet lønner seg. Tok man godt vare på dem kunne de holde i mange år! I 1970-årene ble det et overskudd av tekstiler, og det hjemmelagde ble en protest mot det masseproduserte. Mens reparasjoner tidligere skulle synes minst mulig, var dette en tid hvor det skulle vises. Fra 1980-årene blir dette en spesialinteresse, og ikke lenger en «husmorkunnskap». Lappede klær har periodevis vært mote, men da for motens skyld.

Hvor er de gamle plaggene?

Under arbeidet med dette prosjektet møtte vi på et lite problem. Vi hadde hørt så mye om lapping og reparasjon som ble gjort tidligere, og hvor flinke de var, men når vi skulle finne disse plaggene på museet, så fant vi minimalt. Mye av det vi fant var enten helt og pent, eller hadde masse hull, men ingen reparasjon. Flere av de vi har snakket med har fortalt om sine minner med reparerte klær: «Jeg husker mor gjorde sånn...» eller «Det var en kar i bygda...», men alle har endt historiene sine med «...men det ble kasta». Så kanskje er det derfor vi ikke finner det vi har hørt så mye om. Men takket være håndarbeidsbøker og

tidsskrifter fra tidligere tider, så har vi sett hvor viktig og nødvendig dette har vært. Kan vi lære av de før oss, i en tid hvor vi igjen må tenke nøye igjennom våre klesvalg?

Kilder:

Utstillinga, «Bøte – reparasjon før og no», samarbeid mellom Gudbrandsdalsmusea og Husflidslaget

Dnt.no «Var klærne meir miljøvennlige før?»

Klepp, Ingun Grimstad, «Fra eggvendte laken til festlig lapp på baken. Råd og teknikker for å økonomisere tekstiler. 1900-2000», 2000

Linsombog. Veileddning i klipning og syning af undertøi til brug ved haandgjerningsskoler og i hjemmet, 1881 (7. utg. 1921)

«Klesforskning», www.uni.oslomet.no/klesforskning/

«Håndarbeid i Norge før 1875», Helen Engelstad, 1950

«Klær og tekstiler i en sirkulær økonomi» <https://svanemerket.no/>

«Fem grunner til at klesproduksjonen er klima, miljø og etikkversting»,
<https://www.framtiden.no/>

«FNs bærekraftsmål», <https://www.fn.no/>

«Plast i havet», <https://www.wwf.no/>



*Bukse som
Bjørg Schultz
fann på Flåten.
Buksa hadde
vore bøtt
mange ganger
og til slutt vorte
brukt som
isolasjon ved
vindauga eller
dør. Buksa var
med i
utstillinga
«Bøte». Foto:
Knut Raastad*

Frå Sve-Vollen til Gratangen i Troms

Av Knut Raastad

Historielaget og arkivet i Ullinsvin får ofte spørsmål frå andre kantar av landet frå folk med forfedre frå Vågå. Vilde Bjerke er dotter til diktaren André Bjerke og skodespelaren Henny Moan. Vilde hadde ein tippoldefar frå Vågå, og ho ville ha hjelp til å finne opphavet til han. Erik Jonsen 1830-1911 kom til Evenes og vidare til Laberg i Gratangen. Gratangen kommune ligg synst i Troms og grensar mot Narvik.

Erik Johnsen 1830-1911 var gift med Hanna Martine Hansdotter 1841-1918 frå Årbostad i Ibestad (Ibestad er nabokommunen vest for Gratangen). Erik og Hanna fekk ni barn frå 1864 til 1885, bl.a. Karl Johan Eriksen 1879-1970.

Karl Johan Eriksen var gift med Bertine Serine Maria Hansdotter 1881-1964 frå Åkenes i Gratangen. Dei hadde tre barn, bl.a. Ester Borghild Konstance Karlsen 1910-1996.

Ester Borghild Konstance Karlsen var gift med Hans Oddmar Saxe Moan 1905-1989 frå Fjordbotn i Gratangen, dei hadde barna Karl Albert Boye Moan 1934-2007 og Henny Moan f.1936.

I søk etter opphavet til Erik Johnsen har Vilde Bjerke funne namna Sve og Blessom. Vi finn at Erik var frå Sve-vollen medan mor hans var frå Sæta under Blessom. Sve-vollen var eit husmannsbruk under Sve som eksisterte på 1700-talet og fram til ca. 1865, det må ha vore ein plass på «Vøyllom». Erik Svee Volden hadde ein son Ole f.1749, og det er truleg denne Ole Eriksen som er nemnd i liste over husmannspengar til kyrkja i 1777, 1778 og 1779.

Gunhild Eriksdotter f.1736 vart 1768 gift med Iver Jonsen f.ca.1733. I 1801 var dei inderstar på Sve. Om Gunhild var av det gamle folket på

Sve-vollen er ukjend, men ut frå namn kan det tenkjest at ho var dotter til Erik Svee Volden. Iver og Gunhild hadde 2 barn: Jon f.1768, Erik f.1772 (nest brukar).

Erik Iversen f.1772 vart 1798 gift med Marit Knutsdotter f.ca.1773 d.1824. Erik var i 1801 husmann med jord på Sve, og han vart nemnd i liste over husmannspengar til kyrkja i 1805, 1824 og 1833. Marit vart nemnd som Sveeige da ho døydde i 1824. Erik og Marit hadde 7 barn: Jon f.1798 (nest brukar), Ingri f.1801, Iver f.1804 (til Skottlien n.), Knut 1807-1807, Gunild f.1810, Knut f.1813 og Mari f.1816.

Jon f.1798 vart 1828 gift med Kari Iversdotter Blessomeige/Sæta (fødd Sandbu u-n) 1802-1856, dotter til Iver Iversen Sandbu uppigard nord 1769-1847 og Torø Larsdotter Haugøy f.ca.1773 d.1863. Iver og Torø selde Sandbu i 1805 og vart husmannsfolk på Sæta.

I 1830 var Jon og Kari på Sveeige. Jon og Kari hadde 2 barn: Marit 1828-1828, Erik Jonsen f.1830-1911 (til Gratangen).

Henny Moan f.1936 var frå 1959 til 1972 gift med André Bjerke 1918-1985, frå 1973 til 1976 var ho sambuar med Ole Paus 1947-2023.

Henny Moan har barna Vilde Bjerke og Sole Paus. Henny var på 1950-60- og 70-talet ein av dei fremste skodespelarane på Nationalteateret, Fjernsynsteateret og Oslo Nye Teater. Ho er også kjend for rolla

Edvarda i NRK-serien Benoni & Rosa og *Agnes* i filmen Ni Liv.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker.

Wikipedia, Store norske leksikon, geni.com.

Foto: Sve. Frå Magnhild Holø, historielagets fotoarkiv.



Brev fra Edv. Storm til Jacob Danielsen

Av Johan Storm Munch

Edvard Storm skrev brev til sin venn i Vågå, Jacob Danielsen i 1770-årene. Det er 14 brev fra Edvard Storm ble samlet av Jacob Danielsen. Det første brevet er datert i København den 21. oktober 1772, det siste er datert den 28. juni 1777. De ble først trykt i «Tidsskrift for den norske Personalhistorie» ut gitt av Bernt Moe i 1843. I den siste tiden Jacob levde, fortelles det at han lå i sengen og leste brevene fra Edvard og minnes sin venn og velgjører som hadde utdannet han og skaffet han både lærer- og klokkerstilling i Vågå.

Edvard var preget av at Edvard i sin tid hadde vært «læreren» til Jacob. Jacob Danielsen var en fattig, oppvakt gutt som hadde blitt gårdsgutt på prestegården i Johan Storms tid. Siden han og Edvard var jevngamle (på en måned nær) fikk de et nært forhold. Edvard lærte gutten både å lese og skrive og andre fag, slik at han ble en kunnskapsrik mann i bygda. Vennskapet mellom guttene ble livslangt og de skrev ofte til hverandre.

Det startet fint med at Jacob sendte den 21. oktober 1772 en ostekasse og utskårede skjeer til Edvard. Det må ha vært en god hvit ost som kom fra Vågå og som Edvard i København hadde stor glede av. Jacob bodde på den tiden på prestegården, Ullinsvin og var dertil omgangsskolelærer i grenda. Edvard var meget takknemlig for skjeene ogosten og fortalte at han ville besøke Vågå så snart isen ga normal båttrafikk, neste vår i 1773. Da var det igjen enkelt å reise mellom kongens København og Norge. Edvard fortalte også at han skrev til faren til an-hver postdag. Her er det mange brev som er gått tapt.

En kapellan i Vågå hadde skrevet til Edvard og skrytt av Jacob, skrev Edvard i et brev til Jacob. Kapellanan fortalte at «Jacob, du er brav tyk

og fed og har ret en skolemestermave». Jacob var på dette tidspunkt omgangsskolelærer i grenda rundt Ullinsvin.

Edvard klarte ikke å komme seg ut av sin lærer-situasjon ovenfor Jacob og formante han elskverdig hele tiden. Den 19. desember 1772 fortalte Edvard sin venn at Jacob aldri skulle betale postpenger. Det skulle dikteren i København gjøre. Dessuten skulle Jacob skrive ut hele arket, for portoen er like stor med hele arket utskrevet, enn om det sto noen få ord på samme arket. Den siste formaningen var at Jacob skulle se sin venn i København som jevnbyrdig. Skriv derfor ikke «I», men som en ekte gudbrandsdøl skulle han skrive «du», og kall meg heller «en tro og elskede tjener, «ikke «underdanig tjener». Det skapte for stor avstand, mente Edvard.

Det er også karakteristisk at Edvard Storm sendte brev med skippe, som reiste fra København og Christiania. Edvard var vel kjent for at han var knipen med penger. Derfor var det fint for han at han hadde periodevis kontakt med døler i Kongens København, som var gode postbud. Den 1. desember 1772 sendte Edvard brev og bok med Johannes Gilberg fra Ringebu som skulle sendes videre til Jacob etter at Gilberg hadde kommet hjem. Slike hjelgere reduserte portoutgiftene i tiden.

Den 2. februar 1773 skrev Edvard Storm også noe overraskende at han hadde fått et tjenestetilbud i Norge som personellkapellan. Edvard Storm hadde ikke studert teologi i noe særlig grad, og hadde heller ikke tatt noen eksamen i studiet. Tilbuddet som personellkapellan gjaldt fra høsten 1773 og det var Edvards plan at han først skulle bruke sommeren i Vågå for å besøke faren på Ullinsvin. I et brev sendt den 29. juni blir dette korrigert. Edvard Storm har fått et nytt tilbud fra justisråd Neergaard på Svendsrup, Skjelland om å være lærer for barna til justisråden. Stenstrup lå 6 mil fra København. Og dette tilbuddet passet Edvard Storm meget godt. Han skulle undervise i fransk og tysk for 100

riksdaler i året og bo gratis med kost og losji på godset. Derfor ble den planlagte turen til Norge og Vågå i 1773 utsatt for Edvard også det året.

Ellers skrev Edvard at han hadde skaffet seg alle slags redskaper til treskjæring. De hadde han ikke fått brukt noe særlig, derfor sendte han dem til Jacob, slik at Jacob kunne bli en mester i å lage skjeer etc., skrev Edvard i et brev.

Den 19. juni 1773 var «rådgiver» Edvard Storm igjen på plass og oppfordret Jacob til å lære seg historie, særlig om landet. Her var Edvard sikker på at hans søster Christine Sophie ville veilede Jacob i historie. Det er overraskende at Edvard henviser til søsteren Christine Sophie. Hun bodde på den tiden i Ringebu. Det neste som er overraskende er at det er Christine Sophie som er den forlengende arm i Vågå til pedagogen Edvard. Opplysningen fortalte også at Christine Sophie kunne mye historie og kunne hjelpe Jacob, etter Edvards oppfatning.

Edvard Storm glemte heller ikke sin gamle «flamme» i Vågå. I et brev den 13. oktober ba han Jacob «Hils til Ragnhild Hammer naar du faar tale med henne». Edvard husket sin Ragnhild.

I et brev fra 25. mai 1776 ser vi at Edvard og Peder Munch, som da var i København, arbeidet sterkt for å få biskopen i Christiania til å utnevne Jacob Danielsen til klokker i Vågå. Både den syke presten Johan Storm og kapellanen Garboe gikk inn for at Jacob skal få stillingen. Problemet var at Jacob ikke var den eldste omgangsskolelæreren i Vågå. Derfor ventet biskopen i Christiania, som den våren var i København, med utnevnelsen til han kom tilbake til Christiania ut på sommeren.

Edvard Storm hadde mange råd til Jacob, nå som han var blitt klokker. Edvard rådet Jacob til å ha et godt samarbeid med presten Peder Munch, og ikke høre så mye på kapellanene. Det var sognepresten som var

«sjefen», etter Edvards oppfatning. Edvard vil også at Jacob skal være en klokke som var veldig forskjellig fra forgjengeren. Den forrige klokken ble av Edvard bare omtalt som «B». Edvard skrev: «Lad B s eksempel skrække deg fra fraaseri Drukkenskap og Lathed». Det var på alle måter en dårlig klokke som Jacob etterfulgte. Dette får stå for Edvard Storm egen skarpe karakteristikk. Mannen det siktet til var den danskfødte huslærer Mads Johannessen Borchsenius som hadde kommet til Vågå som huslærer for barna til Anders Munch i 1737. Borchsenius ble klokke i Vågå i 1744, anbefalt av sogneprest Hermann Treschow. Borchsenius døde i 1776 og åpnet veien til klokker-stolen for Jacob Danielsen.

Et siste spesielt råd kom Edvard med til Jacob i brevet fra sommeren 1776: Det var at han ikke måtte røke tobakk i nærvær av presten, uten at presten tillot det. Det betyddet at tobakks-røking var en Stands- aktivitet som var forbeholdt de høyre stender som sogneprester og andre embetsmenn.



Minnestenen til Edvard Storm, reist av Vågå ungdomslag i 1935. Foto frå Ola Stokstad, historielagets fotoarkiv.

Husbyggjing i Vågåmo

Av Hans Ruistuen

Bjørke gnr/bnr 24/16

Ingrid og Ola Ruistuen kjøpte tomta av Guri Hovde, skøyte datert 5. mai 1934. Huset teikna Ola K Rudi, far til Ingrid. Han var byggmeister i Valdres.

Ola førde rekneskap der det går fram kva som vart kjøpt av kven og kven som gjorde arbeid av ulikt slag. Timber vart kjøpt på rot og truleg saga på Øyen. Skurlast vart kjøpt frå Ålmenningsag i Skjåk ved Enstad. Mykje av andre ting vart kjøpt av/via Johan Øvstedal.

Eit stort manuelt arbeid med tomt, grunnmur, vatn og anna vart gjort av «Øygardingar». Lafting vart gjort av Knut bror til Ola (arbeidsformann) og av Ola Bakka, Ola Øvre, Ivar Øvre og Anders Haugli. Litt uvanleg; innvendige deleveggar er låst med usynleg lås i ytterveggar. Varmt vatn og bad ordna Amund Berg. Det er sagt at han reiste til Oslo og kjøpte stort og smått. Ola sitt rekneskap er detaljert til det minste.

Glas og dører kom frå Valdres gjennom Ola K Rudi. Takstein (skifer) vart kjøpt av Johs. Dalby. Har trudd at skiferen kom frå Valdres men er usikker. Namnet Dalby finst både i Øystre Slidre og på Sel. Johannes Myrum laga ein fin kleberstein peis og Erland Flaten smidde eit forsegjort peis-sett.

Nemner også at Plan for hageanlegg datert 12.12.1934 vart laga av fylkes gartnar G. Olstad. Flaumen i 1938 tok hagen og Fylkesgartnar-assistent Jon Lysbakken laga ny plan datert 20.09.1940.

Ingrid, Ola og Hans flytta inn på slutten av året 1935. Bjørke var då einaste eineboligen i dele mellom Nordigard Blessum og Haugøy. Men som kjent hadde Knut Villa tidlegare kjøpt jord frå Nordigard Blessum til grensa mot Haugøy-jeilen/Haugøy og bygd gardshus der hotellet står i dag. Ingrid og Ola budde livet ut på Bjørke. Ola død i 1984 og Ingrid i 1995. Huset vart seld i 1995 og har, så langt eg kjenner same eigar i dag.



Huset til Ingrid og Ola Ruistuen. F.v. Ingrid, Odd og Ola Ruistuen, Øyvind Andersen, Hans Ruistuen og Kjell Andersen. Foto frå flickr.com/photos/vagakommune, Kjell Andersen fotosamling.

Ljåslått og bryne

Av Jo Kåre Bakke

Nordheradsprosjektet, grändalaget, husflidslaget, historielaget og Gudbrandsdalsmusea AS hadde sommaren 2023 kurs i ljåslått i Syhågå. Sliping og stell av ljåane var ein del av kurset. Til dugurds var det vassgraut, seinare på dagen var det hesjing og avslutning med servering av slåttgraut. Både kursdeltakarar og andre var dagen etter med på tur til Milthaugsætra på Skårvangssætene der Eirik Haugen viste fram plassen der emne til Skårvangsbryne vart funne. Nedmed gjerdet har det vore brote bryneemne, nå ser ein dette som ei grøyft. Haugen nedanfor sætra heiter Bryn-haug.

Veka etter var det slåttedag i trekanten nedanfor hagen i Ullinsvin der vi slo med ljå og hesja.

Ord og uttrykk brukt i slåttearbeidet

- * **Kvatte uppi** - når ein skjærer seg medan ein bryner
- * **Kå** - snu/vende gras
- * **Ein mæling** - ei måleining for kor mykje ein slåttkar skal slå på ein dag - om lag fire mål
- * **Skaplag** - bestemt arbeidsmengde for ein arbeidsdag
- * **Ljåen æ jordbonde** - ljåbladet ligg mot marka
- * **3–5 kvart alen ljå** - 1/4 alen = 15,6 cm
- * **Brynstokk** - haldar til bryne
- * **Mångard** - står att ei stripe med gras
- * **Ljåstubb** - grasstubb som står att etter slått
- * **Graset låg einbreidt** - når det er så mykje gras at det ligg utan mellomrom når grasradene er utoverslått
- * **Skårgang** - når det er mange som går etter kvarandre og slår
- * **Skårjågå** - dersom den fremste slår saktegare enn den bak

- * **Reinrekste** - graset som ligg att, og blir raka saman
- * **Ljåen står over/onde** - innstillinga / vinkelen på ljåen i forhold til orvet
- * **Ljåtåg** - smal, kløyvd remse av bjørkerot
- * **Binde ti ein ljå** - feste ljåen i orvet, med eit ljåtau
- * **Ljå-keigg** - håndtak på orvet
- * **Ljå-daugg** - når graset er rått om morgonen (alle planter er meir saftspente om morgonen)
- * **Hardbeitt/daubeitt** - når graset er vanskeleg å slå
- * **Kvaekja, kvatte, kvatt** - tyder å bryne



Skårvangsbryne i samlinga til Vågå historielag. Brynet kjem frå Mari og Ivar Øvsteng. Foto: Gudbrandsdalsmusea AS.

Skuleavisa Prekeil'n

Arve Danielsen

Det rikhaldige fotoarkivet etter skuleavisa Prekeil'n, blir nå skanna og publisert på Digitalt museum.

Nå blir bildearkivet til Prekeil'n digitalisert. Kristin Akslen Hagen fortel at arkivet fekk overlevert åtte permar med negativar. Det kan fort bli fleire tusen bilde som Mathias Øvsteng skal registrere. Som tidlegare Prekeil-redaktør og lærar, kjenner han mange av elevar og andre som er fotograferte. Mathias var med og starta Prekeil'n – nå registrerer han bilde frå fotoarkivet.

Foto: Arve Danielsen



– Eg kjenner att ein del personar på bilda, men eg klarer ikkje kjenne alle, seier Mathias Øvsteng der han sit og ser inn i dataskjermen i arbeidet med å registrere bilde frå skuleavisa Prekeil'n. Her er det prat om rett mann på rett plass. Som lærar på Vågå ungdomsskule var Mathias nemleg med og starta skuleavisa. Fyrste nummeret kom ut i september 1974. I konkurransen om namnet på skuleavisa, var det forslaget til Arnt Sveen som vart valt ut blant 27 forslag. Korleis Prekeil'n såg ut, utløyste ein ny konkurranse der Mathias Øvsteng vann av om lag 30 forslag. Frå avis nummer to vart denne teikninga ein del av logoen til Prekeil'n.

Frivillig arbeid

Kristin Akslen Hagen som er avdelingsleiar for Jutulheimen, arkivleiar og folkemusikkarkivar ved Gudbrandsdalsmusea, fortel at det var tidlegare lærar Kjell Løkken som hadde teke vare på og gav fotoarkivet etter Prekeil'n til arkivet. – Det var åtte permar med negativar. Det kan fort bli ti tusen bilde, seier Akslen Hagen. Ho fortel at det er tre som sit og skannar negativa, medan Mathias registerer bilda og legg dei ut på Digitalt museum. Her kan folk gå inn og sjå på bilda som er publiserte. Om ein var elev på skulen frå 1974 og 15-20 år fram i tid, er sjansen stor for at ein kan sjå att seg sjølv på dataskjermen. Dei som er med og skannar bilde er Tine H. Stadeløkken, Karin Tøfte og Eldbjørg Holen. Alt arbeidet både dei og Øvsteng gjer, er frivillig innsats. – Vi er i 2023 oppe i 1000 friviljugtimar. Det er mykje, seier Kristin Akslen Hagen.



Lærar Mathias Øvsteng saman med valfag-elevar. Skrifta på tavla viser at det dreiar seg om foto: ASA, blender og lukkar.

Foto: Prekeil'n / Gudbrandsdalsmusea

Lånte pengar til videokamera

– Skuleavisa starta som eit resultat av valfag foto/avis. Eg underviste i det som den gongen var fotografering, framkalling av film og kopiering av bilde. Det var mykje sør med dette. Skulen hadde eiga mørkerom, fortel Øvsteng. Han fortel at all tekst vart skrive på skrivemaskin, der ein måtte rekne teksta i centimeter for å passe etter formatet. Heile avisas vart klypt og limt saman, før layouten vart sendt til eit trykkeri i Bodø.

I starten kosta eitt nummer av Prekeil'n ei krone. I avis nummer to - andre årgang, er prisen auka til to kroner på grunn av at trykkinga hadde vorte dyrare. Mathias Øvsteng var seinare lærar i valfag foto/video. Han fortel at dei lånte pengar i banken for å kjøpe eit semiproff videokamera med redigeringsplanke for 30.000 kroner. – Det var mykje pengar den gongen. Elevane produserte reklamefilmar for ymse bedrifter, blant anna Eidefoss og Luftambulansen. Vi tente inn at kjøpet av utstyret. Rart tenkje på i dag. Vi dreiv analogt med videoband, der vi måtte passe på ikkje redigere for mange gonger fordi kvaliteten tapte seg eit hakk for kvar gong. Vi måtte planlegge opptaket slik at vi slapp å redigere for mykje. I dag gjør ein like godt dette med mobiltelefon, seier Mathias Øvsteng.

Mykje historie i arkivet

Både Mathias Øvsteng og Kristin Akslen Hagen let seg imponere av dei mange forskjellige motiva i Prekeil-arkivet. Her er kvardagsbilde frå skulen. Ikkje minst frå skuleplassen der ein ser Folkvang, det gamle forsamlingslokalet som brende ned nyttårsnatta 1995. Her er motiv frå idrett- og kulturarrangement, skuleturar, frå sentrum med gamle bilar, hus og folk.

Kristin Akslen Hagen seier ho ikkje visste at det hadde vore fontene ved kommunehuset, før ho såg bilde av det. Såleis finn ein også mykje historie i bildearkivet. Det går fort å skanne nokre bilde på ein dag. Øvsteng fortel at han på ein lang dag klarer å registrere hundre bilde på

ein dag. – Vi skulle gjerne hatt med ein til som kan sitte å registrere bilde. Mange er ivrige på at vi skal få ut dette. Det er ikkje alt som blir lagt ut, men mykje av det. Det er mange fine og klare bilde, seier Kristin Akslen Hagen. – Og ein del som ikkje er det, repliserer Øvsteng. Skuleelevar har loppemarknad framfor kyrkjebolken.



Foto: Prekeil'n / Gudbrandsdalsmusea

Frå avis til podcast

Opp gjennom åra var mange elevar innom redaksjonen til Prekeil'n. Fleire av dei fann ein yrkesveg innan media. – Om det var det som gjorde at folk hamna i bransjen veit eg ikkje, men dei fekk ikkje avsmak tydelegvis, seier Øvsteng. Kor lenge skuleavisa Prekeil'n gjekk, har vi ikkje funne svaret på. Men Prekeil'n har utvikla seg og lever vidare gjennom valfaget media og kommunikasjon som produserer Prekeil'n Podcast på nettsida til Fjuken. Når det gjeld papirutgåva av skuleavisa, finst alle nummera av Prekeil'n? – Dei burde vore samla. Er det nokon som har, er vi interessert i desse, avsluttar Kristin Akslen Hagen.

Historie frå Russli – setra til Lunde

Av Kari Hølmo Holen

I Vågå har det vore slik at vatnet renn sørover om det er aldri så feil, så her i Sjodalen er Hindsetra synnafor Russli og Russtangen nordafor. Nibio har tatt bilde av fleire setre i 1969 og same motiv i 2020. Dette syner ei stor endring av landskapet når det gjeld attgroing.

Guri Sandbu og eg var budeier i Russlisetra somrane 1964, 1965 og 1966. Mor mi – Tora Hølmo – og onkel Helge på Lunde fann ut at vi var gamle nok, vi var 15 og 14 år første sommaren. Eg var også her eit par somrar da Tor tvillingbror og eg var 1 1/2 og 2 1/2 år, men det har eg lite minne om. Det einaste er frå eit besøk på Fellesesetra ved peisen. Mor var budeie. Far kjørte mjølkebilen og var sikkert innom setra. Mor fortalte at ho hadde med eit eldre søskenhorn av oss som bånfost. Ho hjelpte og til med andre oppgåver som dovask, og fekk beskjed om å strø med oppkutta einer, ho lurte da på om ho skulle strø einer både på setet og golvet.

Guri og eg hadde med oss både kyr og geiter – i 1966 var det 13 kyr og 32 geiter som skulle handmjølkast. Vi var oppe kvart over 5 kvar morgen, den eine stelte til kakuskiver med rabarbrasyltetøy, og den andre rørte opp mjølka dei dagane den skulle leverast på rampa, og ordna til mjølkesakene -spann, sil, bøtter og varmt vatn til jurfillene. På ei seter er det tradisjon med rabarbra og graslauk! Difor vart det rabarbrasyltetøy. Så var det fjøsstell med rensing av båsar og skamfell, litt mjøl til kyrne i ei kasse inni båsen og mjølking. Guri – som kom frå gard – låg ei ku framfor meg i mjølkingsfart, så når eg mjølka 6 så mjølka ho 7. Attåt mjølkinga underheldt ho med song om Eurobengen. Når det galde geitene, var vi nok meir jamne. Kyrne hadde vi innagjerds, så vi slapp å gå etter dei. Geitene gjekk meir fritt, og vi var

ikkje så begeistra for turistane som stoppa og stelte med dei langs vegen – da vi helst ville dei skulle halde seg unna trafikken. Den gongen vart mjølka levert på rampa annakvar dag, der

Hans Hølmo kom med mjølkebil og henta spanna og kjørte til ysteriet i Vågå, der dei vart tømt og vaska.

Kari og Guri. Avisutklipp 20.9.1965.

Vi hadde syklar og provianterte på Krambua, ca 5 km unna, elles vart det nok sendt opp litt frå heime også. Ofte gjekk vi til hyttene ved Nedre Birisjøtjern på besøk hos slekta, og vi hadde også mykje besøk – ikkje minst av desse søskenbarna. Når det var matlaust, laut vi ringje til onkel Helge, og han kunne ikkje forstå kor mykje kaku som gjekk hos oss! Vi rakk også så vidt å gå Besseggen mellom fjøsstella.



Denne seterstulen er av dei eldste i Vågå, frå før 1600-talet. Seterdrift har vore aktuelt heilt frå 1300-talet, der Erland Grev syner til ei rettssak. I 1668 syner matrikkelen at seterbruksvar kome til Sjodalen og var fullt utvikla. Setre som Besstrond, Russlie, Griningsdal, Stuttgongje, Sallie, Sjolie, Fuglesetretre og Refjellssetretre med fleire er nemnt. Setrene vart først bygt i heimliom, seinare lenger innover fjellet. Frå 1730-åra kan ein lese om gardar i Vågå som betalte bygsel for tre setre og engslått ved vestenden av Gjende og øvst i Heimdalens.

Desse tre Russlisetrene – Sandbu, Uppigard sore, Lunde og Fellese – ligg over 50 km frå gardane i bygda. Det som gjorde dette området attraktivt, var nok dei gode naturtilhøva med godt beite, tilgang på vyrke til husbygging, gjerde og brensel, fisken i Sjoa og småvilt og rein i fjella omkring. I 1867 vart alle husa på setrene flytta ned frå øvst på kveom, dette hadde nok samanheng med at det vart enklare – nærmare

dalføret og elva, og seinare for ein veg som kom. Husa vart bygt for vintersetring, med gode tømra hus og fjøs med måsåtrev oppå. Lundesetra har mange hus, og var tidlegare ei seter som også dreiv med turisme. Mange kom mellom anna for å fiske, og særleg frå Gjøvikområdet kom det fleire som gjerne budde der i fleire veker om gongen. Både desse og mange hyttefolk fekk kjøpt mjølk på setra.

I 1914 var eigarane på Russli-setrene einige om å byggje nye fjøs og låve og lånte seg sag og motor – 16 hk Øveraasen motor frå Gjøvik. På låven vart det bygt tre soverom med utsikt mot Sjoa og Russtangen, og ved sida av geitfjøset er bungalowen. Eit brudepar som la bryllupsreisa si hit, fortalte på eit langt seinare besøk om minne frå denne turen, der dei overnatta i bungalowen, og hadde «selskap» av geitene med berre ein bordvegg mellom.

Da Guri og eg var budeier der, stod det gamle ystarhuset, der det var ein divan, kjøkkenbord og kjøkkenskap, vedomn med ringar i, og ystepanne. Vidare var det to rom til, velsekjøkkenet og petiko. Dette huset er seinare rivi og vart erstattat med eit tømra ystarhus – flytta frå Svare i 1994.

Gassomn med tre bluss vart kjøpt inn til hjelp for budeiene. Vatn hadde vi ved avkjølinga. Onkel Helge var ikkje den flinkaste til å vedarå, så veden laut vi hogge sjølve. Det var i ystarhuset vi hadde matstellet vårt, og oppvasken. Første året hugsar eg at vi brukte alt vi hadde før vi vaska opp, men så kom «mattilsynet» - onkel Magne – som var dyrlege, og tykte nok vi burde vera reinslegare. Dette kunne vi ikkje tåle, så sidan den gongen var alt på stell, både med oppvask, klesvask og laurdagsvask med skuring av golv og elles vask og stell.

I seterstugu frå 1811, som vart restaurert i 1991, er det framleis to senger, ei på kvar side av langbordet og ein brei hems (skjell). Onkel Helge fortalte at skjellen vart utvida i 1914, den vart 2,5 m brei, slik at

det kunne ligge inntil 6 karar der. Nystugu fekk tak i 1908, hadde da stått uferdig i 10-15 år, og vart ferdig i 1910. Denne stod tidlegare ved sida av seterstugu, og vart flytta i 1982. Her var det og eit par senger. På den tida var det inntil 30 sengeplassar i Lunde-setra.

Av andre hus var stall til hestane, skåle og toroms utedo, med to seter i kvart rom. Tor fortel at det vart forsøkt med ny do attåt skålen, det er ikkje til å stikke under ein stol at det er litt langt på do her i mørke kveldar eller når det hastar, men eigarane fann ut at det var best slik det hadde vore og do vart det der den hadde stått før, på endveggen av fjøset/låven så langt unna som ein kan koma. Tante Sigri fortalte ei historie om eingong ho var med på setra, så trudde ho det var ei av budeiene som var på andre doen, og sette på kroken utanpå, skratta og la på sprang. Det ho ikkje visste var at det var ein gjest som var der i eit nødvendig ærend.

Telefon og postgang:

Lundesetra fekk talestasjon så tidleg som i 1939, og med telefonnummer 1630 da vi var der. Dette gjorde at det ofte kom folk innom for å låne telefonen, og det henda at det kom rikstelefond frå Oslo til hyttefolk, og budeiene på setra laut da gå med bod. Aksel Lund -som hadde seter litt lenger unna – kom ofte og lånte telefonen, var glad i å prata og sat på grasbakken og røykte pipe som var nesten tett og trong mange fyrstikker. Vi vart invitert dit på servering, og kakesjuke som vi var tok vi minst eitt av alle sju slaga som kona serverte! Tor kan elles fortelja at fordi folk visste det var telefon der, henda det at dei braut seg inn for å ringe om noko stod på. Det stod ein blekkboks til å ha pengar i, somme gonger var det nokon som heller forsynte seg enn at dei la att noko der.

Oldefar min – Johannes (Jehans) Syverson Løkken, gjekk med posten i 25 år, truleg fram til 1910. Ruta var frå Tessanden til Bessheim og Gjendesheim to gonger i veka, han gjekk med hesten sin – ein fjording

– og kjerre. Han gjekk på sine føter minst 20 mil kvar veke, og var velkommen i kvar hytte, kvar seter og hotell med post eller bod om nytt frå bygda. Han slutta da det vart bilveg. Seinare var det ofte mjølkebil-sjåfören eller bussjåfören som ordna ærend for folk, og varer var oftast sendt med desse. Far kjørte bygdinruta da vi var budeier, eine veka opp om kvelden og ned om morgenon, andre veke opp om morgenon og ned om kvelden.

Seterreise før i tida:

Ferda opp til setra skjedde tidleg om sommaren, og dei gjekk til setra med krøttera. Frå riktig gammalt av skulle alle vere reist til setra før 17. juni, ref. bygdebok for Vågå og Sel, dette hadde mellom anna samanheng med korndyrking. Mor fortalte at ho var med og gjekk med krøttera i 1935, 12 år gammal, og gleda var stor da ho fekk sitja på frå Randsverk, der det var kvilingsseter. Da hadde dei gått frå Lunde åt Vågåmo, opp Britbrekka i Kveom, over Langmyrene, ned til Flatningen og opp til Randsverksletta og vidare til Randsverk. Her låg dei ei natt før ferda gjekk vidare til setra. Både kyr og geiter gjekk utangjerds, og mor fortalte at det hendte dei laut gå langt for å finne att dyra før dei kunne ta fatt på kveldsstellet.

Vinterlego skjedde i allfall frå 1870-åra fram til 1940-åra. Dette er særleg kjent frå Sjodalen, men også ein del andre stader. Det var etter måten store buskapar på dei større gardane, kanskje 20-40 storfe, fleire hestar, geiter, sau og høner. Dette kravde nok for. Foret som vart hausta på setra vart ikkje kjørt heim. I staden flytta dei ein del dyr til setra for å fore opp graset. Ein årsak var sjølvsagt mangel på veg. Før 1880-åra var det berre kuråk innover. Om vinteren kunne dei koma fram med hest og slede, og om isen hadde lagt seg var det god veg over islagte vatn. Vågå er kjent for å ligge i eit nedbørsfattig område, og dette gjorde at det ofte var lett å koma til seters i november, truleg keiare på heimturen.

Det var brukt mose, lauv og beit (bjørkekivistar) attåt gras til dyra. Mosen treng 40 år mellom kvar hausting, noko som førte til at dei laut lenger og lenger til fjells for å finne mose, der det var god tilgang. Arbeid for å samle mosen vart såleis ein del av vinterarbeidet. Elles var det vedaråding attåt fjøsstellet, ein del jakt og om kveldane ulikt arbeid og tid til sosialt samvær. Arbeidsdagen starta gjerne så tidleg som i 4-tida. Det var gjerne ei vaksen jente – budeia –, kjørkaren og Pjanken – ein framveksting som reiste på vinterlego. Dei hadde med seg både kyr, kalvar og okse attåt hestar med lass for vinteren. Dei var gjerne på setra i 10-12 veker, men helst ikkje så lenge at kyrne kalva, sjølv om det nok henda. Ein gammal film frå Vågå syner at det var folk på fleire setre om vinteren, og dei besøkte kvarandre i jula, og hadde både god mat, musikk og dans.

Mor fortalte om ein gong bror hennar – onkel Sigurd (f.1908) var med som pjank. Han vart sjuk og fekk blindtarmbetennelse, og det vart varsla heim. Bestefar Tor kledde ei purkekasse med saueskinn så han ikkje skulle fryse, reiste til setra og ferda gjekk heimover med hest og sleda truleg til Randsverk, vidare med bil om vegen var brøytt så langt bortover, vidare til Sel stasjon og med tog til Lillehammer. Onkel Sigurd vart operert og overlevde den lange transporten.

Med vintersetringa fekk også seterkveene gjødsel, og det vokste godt med gras der. Oppaling av slaktefe var ein del av dette, da fedrift var ei viktig inntekstkjelde. Vintersetringa tok slutt da Vågå ysteri kom i 1937. Tidlegare var Vågå Fellesysteri etablert allereie i 1910, men dette gjekk ikkje så godt og vart nedlagt. Den siste tida dei låg på vinterlego var det nok helst foringsdyr dei hadde med seg.

Kjøt, mjølk, ost og smør:

Fram til ca 1850 vart all mjølk brukt opp på gardane, og det var slakte- og driftfe som fekarar og handelsmenn kjøpte opp. I tidlegare tider var produksjon av smør noko av det viktigaste attåt fedrift. Men gudbrands-

dølane var først ute med produksjon av raudosten (brunosten). Onkel Helge tok vare på alle papir over sal og oppgjer for osten som bestefar Tor produserte (i parentes kan vel nemnast at det helst var budeiene). Bestefar Tor kom frå Gammel-Sandbu på Sjoa, og bestemor var frå Tokvam i Ruste – her kan nemnast at oldefar min, far hennar – kom frå Tokvam i Aurland, sjeldan har gardnamn skifta namn etter folka – garden heitte eigentleg Ny-Sandbu!



*Lundesetra
i Russlien
ca. 1920.
Fotoutlån
frå Sande.*

Bestemor og bestefar hadde med seg kunnskap om osteproduksjon frå Fron, og var oppe i 3000 kg årleg, fordelt på i alt 11 mottakarar. Osten vart sendt over heile landet frå Tromsø i nord. I 1910 heldt Det Kongelige Selskap for Norges Vel ei landsutstilling for seterprodukt, og her fekk bestefar Tor Sandbu 1. premie for geitemysost, ysta av Marie Tokvam, søster til bestemor – som var seterbudeie frå 1907 – 1913. Bestefar fekk diplom, og tante Marie ei sølvskei. Både tante Karen født i 1910 og mor født i 1923 lærte å yste ost, noko dei demonstrerte på eit par setersamlingar langt seinare.

Friarar på setra:

Det er klart vi hadde besøk, men artigaste historia fortalte tante Karen om da Johanne Karenstuen frå Ruste var budeie på setra. Friaren låg oppå skjellen i seterstugu, og budeiene låg nede. Det kan godt hende det var to i kvar seng. Kvar gong friaren var på tur ned og dei såg føtene

med dei lange underbuksene over kanten, kremta ho som låg ved døra, og friaren oppi skjellen att. Dette gjentok seg gong på gong, til slutt gav han opp. Tante Karen skratta da ho fortalte dette, men det hindra ikkje at desse seinare vart eit par.

Besøk på setra:

Det er støtt slik at ein ordnar litt ekstra når ein skal ha besøk. Onkel Helge var med i Østlandske mjølkesentral, og eg trur det var i 1965 at det var organisert ein busstur og stopp med kaffe og vafler på setra der Guri og eg var budeier. Vi vaska og pynta, og strødde einer på nyskura seterstugugolv. Det vart kjøpt inn tre dusin med kaffekoppar, og tante Tora sendte borti vaffelrøre som vi steikte i vaffeljern, som var slik at vi tok ut ringar i komfyren og sette jernet ned, og snudde det over varmen. Dette var ein av dei varmaste dagane denne sommaren, over 25 grader, så Guri tåla ikkje denne varmen i ystarhuset, heldt på å besvime og laut gå ut. Vi måtte sjølvsgå fyre skikkeleg for å få steikt vaflane. Eg vart såleis ved denne steikinga, og det vart ein gild haug. På Lunde var Ola Sønsteng dreng, og opplegget den dagen var og at onkel Helge forlangte at vi skulle ha snørlivsstakk på oss under besøket, og skulle lokke inn kyrne til kveldsstellet i dette antrekket – Ola var da inni fjøset og batt inn kyrne. Eg hugsar vi skratta godt da vi fekk skifta og starta med fjøsstellet. Vi tykte bonderomantikken tok overhand når vi skulle lokke inn kyrne i bunad, men gjestane kosa seg.

Foredrag på sæterdag i Russlien 29. juli 2023.

Kjelder:

samtale med bygdebokforsattar Ivar Teigum

artikel i Årbok for Gudbrandsdalen 1993 v/Jens Sundt

artikel i Årbok for Gudbrandsdalen 2001 v/Erland Grev

hefte om vinterlego frå Norsk fjellsenter

Sætrene i Vågå v/Knut Raastad

foto frå Nibio

munnleg overføring frå Helge Sandbu, Tor Sandbu, tante Karen, tante Sigri og mor

Ragnvald Skrede

Av Ola Grøsland

Eg skal ta for meg samanhengar mellom liv og diktning hjå Ragnvald Skrede, og elles koma inn på Skrede som litteraturkritikar og døme på at han brukar naturen i Vågå som motiv. Fyrst les eg eit kort dikt:

*Dei brende mine born, mitt viv;
her sit eg att med mitt nakne liv.
Dei hata meg før eg vart fødd;
no er eg til døden modlaus og mødd.
Men eg sit her og ser mitt barndomsfjell;
attom det leikar solrenningseld.
Der ser eg ei hand – ei hand som skriv.
No vil eg verja mitt nakne liv.*

Diktet er henta frå ei av dei 12 diktsamlingane til Ragnvald Skrede «Bak dei siste blånar», og uttrykkjer ei kjensle av å ikkje vera rekna med, nærmast stå utanfor. Temaet utanforskap finn ein i fleire dikt, og dette har nok nær samanheng med røynsler og opplevingar tidlegare i livet.

I forordet til ei samling utvalde dikt seinare skreiv han mellom anna dette: *Dikta mine er ikkje skrivne til underhaldning, dei er trappesteg i ei sannkjenning, slag i livsstriden. Eg diktar for å bli eit betre menneske, og eg vonar at ein og annan lesar kan få kraft og livsmod av å fylgje med.* I mange dikt følgjer vi såleis eit menneske som nektar å bøyte seg i motgang, men prøver å snu tap til vinning og få ei meining ut av livet. Livet hans var prega av fleire nedturar:

Ragnvald Skrede var fødd i Vågå den 27. april 1904 og døydde i Oslo 1983. Han var den yngste av i alt 7 sysken, og begge foreldra var frå Nordfjord: Anders Skrede og Agnete Hammer, båe fødde i 1866.

Anders var lærar og klokkar i Vågå i 34 år og var elles svært aktiv innan ymse kulturarbeid. Han var streng og autoritær, og mora hadde store psykiske problem. Det var eit stormfullt ekteskap med rettssak i 1897 og skilsmisse i 1906. Faren fekk foreldreansvar for fem av borna, medan Ragnvald og ein bror voks opp hos mora. Ragnvald opplevde at dei vart stigmatiserte og mobba, som einaste skilsmisselfamilien i bygda. Han har sjølv omtala den vonde opplevinga seinare. Eg tek med nokre utdrag: «*Jeg og mine søskjen har i høieste grad fått merke hvad det vil si å vokse op som fraskilte barn i et sladderhul. Jeg kan forsikre at i min barndom hadde jeg ikke en kamerat som ikke daglig lot mig merke at jeg tilhørte en utskjemt familie, at jeg var annerledes enn andre barn. – Alt i alt har min familie og jeg selv bestandig vært på krigsfot med vagværene, dvs. med en del av dem. Mine foreldre hadde nok også mange venner i bygden, og det hadde jeg selv også.*»

Etter avslutta skulegang i Vågå var han eit års tid tilsett på handelslaget i Lom. Han tok eksamen på Elverum lærarskole i 1924, og her trefte han Johanna Indset fra Budalen i Trøndelag, og dei gifta seg 5 år seinare. Gåverik og energisk var han til gagns, og på nokre år tok han latinartium som privatist og førebuande prøve i filosofi ved universitetet. Vidare bifagseksamen i historie, i gresk og latin. Alt dette makta han ved sida av lærargjerning ymse stader, berre med korte permisjonar. Frå 1928 var han lærar og klokkar i Rauland i Telemark. Her var han uvanleg aktiv på fleire felt, mellom anna reiste han rundt og heldt litterære foredrag, særleg om Olav Aukrust.

Som 20-åring opplevde Ragnvald at familien og han sjølv fekk ein skikkeleg nedtur: Ein eldre bror Anders vart dømd i ei svært alvorleg seksualmordsak, så Skrede-namnet fekk eit därleg rykte. Dette vart ei belasting for Ragnvald i lengre tid.

I 1934 fekk Ragnvald Skrede stillinga etter far sin som lærar og klokkar i Vågå. Kona fekk ikkje arbeid i Vågå og valde å halde fram som lærar i

Rauland. Han var ein avhalden og respektert lærar og ein flink og framfus mann som etter kvart skulle utfordre både moralsyn og politiske maktposisjonar i bygda. Det verkar som han sette alt inn på å gjenreise respeksen for familien og gje Skrede-namnet eit betre rykte. Han vart nestformann i Arbeiderpartiet og formann i skulestyret. Vanskelege tilsetjingssaker i tillegg til at han hadde hatt to timer i forplantingslære med alle elevane, gjorde han omstridd blant foreldra. Det begynte også å ryktast at han hadde hatt seksuell omgang med nokre av jentene han hadde som elevar. All protest frå Skrede nytta ikkje, og den 2. mai 1936 vart han arrestert. Etterforskinga enda med tiltale og rettssak om hausten. Dommen lydde på tre års fengsel og tap av statsborgarrettar i ti år, altså han kunne ikkje halde fram som lærar. Han vart lauslatten etter to år og busette seg på nytt i Rauland.

Ein nær venn og støttespelar i Vågå var Kristian Mo frå Nordherad, som hadde latinartium frå Voss landsgym og hadde studert jus i to år. Han var formann i Vågå Ap da Skrede vart nestformann, og var den mannen Skrede sjølv sa han hadde mest tillit til i Vågå. Han vart også den viktigaste støtta hans i samband med rettssaka. Skrede følte seg feil dømt, og han hadde brei støtte i det intellektuelle miljøet, noko som gjorde at han kom seg fort fram etter krigen. I 1945 vart han litteraturkritikar i Verdens Gang, og her melde han både nye bøker og skreiv om ulike forfattarar frå fleire språkområde. I 1947 gav han ut ei bok om Tarjei Vesaas i høve femtiårsdagen hans, etter engasjement av Gyldendal. Eitt års tid var han innom Aschehoug som redaktør, men vende attende til VG. I 1953 vart han kritikar og året etter tilsett som journalist i Dagbladet.

Ragnvald Skrede var såleis ein kjend og akta litteraturkritikar da han debuterte som lyrikar i 1949. Diktsamlinga *Det du ikkje veit* fekk svært mange lovord utan at nokon nemnde at diktaren hadde sona straff for utuktige handlingar. Tittelen er nærmast symbolsk ut frå rettssaka og dommen før krigen. Dette årstalet skulle au bli ein ny nedtur for han:

Ragnvald og Johanna miste den seks år gamle sonen Gudmund i ei ulykke.

For diktsamlinga *I open båt på havet* vart han tildelt kritikarprisen frå Norsk litteraturkritikarlag som den fyrste lyrikaren! Her finn vi tema som den eine mot dei mange og styrken i einskildmennesket. På den andre sida finn vi også mismot over å vera eit mislykka individ som andre trakkar på. I denne samlinga finn vi det mest kjende diktet av Skrede *Reven*, og eg skal ta for meg det grundigare. I denne dyrefabelen vel reven å bite av seg foten for å koma seg laus or glefsa, og livet hans blir ein kamp for å overleva. Vi høyrer han sjølv lesa:

Ein smell.

Og reven sat fast i glefsa.

Eit dyr i naud bed ikkje til Gud?

Ikkje til Gud nei.

Men den ytste samling
av gløggskap og vilje
og nervar og musklar
er ei bøn.

Fyrst pintest han
lenge.

Så slo han ein eldring
om resten av livet sitt,
læste tennene
beit av seg foten.

Sidan var han
meir konsentrert rev
enn andre revar.

Vilt og vondt var hans liv i eldringen,
ring hans jakt,



Ragnvald Skrede 1954.

Norsk Telemuseum /
digitaltmuseum.no

stutt hans nye veidardag.

Men ut av hans inste revehått
voks det ein tenkt labb,
og måten han tok seg fram på
til han endeleg kraup inn i urda for godt
var hans og ingen annans.

Diktet er eit klassisk eksempel på eit tema som går att gjennom forfattarskapen til Skrede: Mennesket som møter motgang, men nektar å gje opp og prøver å få ei meining med livet. Sikkerligg det ikkje lite bitter røynsle av motgang og nederlag i livet bak dette diktet. Dette kan såleis setjast i samband med rettssaka og dommen før krigen, der Skrede følte seg uskuldig dømt.

Som rimeleg er, var kritikarane fulle av lovord over diktinga hans. Ein av dei var Simen Skjønsberg i Gudbrandsdølen, men han stilte seg òg noko kritisk: *På meg virker det som Skrede i all dyrkingen av denne kraften, undertrykker følelsene*, skriv han mellom anna. Eg vågar å sjå ein parallel mellom person og dikt. Personen Skrede kunne nok verka steil og stolt, ganske sjølvbevisst og ikkje ein person som uttrykte personlege kjensler. Ein typisk aristokrat. Alvorstyngd kunne vera eit høveleg ord for både person og lyrikk. Typisk for han er reflekterande livsdikt med ein moralsk appell, men han har også skrivi ømme og humørfulte dikt. Diktsamlinga *Brenning* frå 1975 inneheld mange opprørsdikt, særleg mot religiøs fundamentalisme. Eit humoristisk opprør kan vel dette diktet kallast:

*Du seier eg har ingen rett –
Men når prestar og bispar
stendig legg ut om det dei ikkje veit,
kvifor kan då ikkje andre?
For alle har vel den same rett
som prestar og bispar*

*til å forkynne av hjartans lyst
det dei trur dei veit
og det som ingen veit.*

I intervju har Skrede sagt direkte at han var sterkt oppteken av talemål og natur i Ottadalen. I diktinga hans er ein munnleg stil med sterke klangfulle ord eit særpreg, og i somme dikt er naturfenomen frå Vågå motivet. Tydeleg er det å sjå i dikta *Besseggen* og *Rullestein*.

I sistnemnde dikt er elva Finna og Finndalen utgangspunktet:

Turrbrend er mine dalsiders jord,
ber liksom ei skorpe av tre.

Dogg, regn, tårer skrensar av dei,
gjev ikkje, finn ikkje fred;
rasar i ørvæne
lukt i Finndalen ned.

Og no rullar Finna,
mitt livs elv,
stein, stein, stein.
Som dyr med krøkte rygger
tanar over dirrande botn
stein, stein, stein;
hard, vond, vitlaus
kvervlande rullestein,
stein, stein, stein.

Dette diktet kommenterer diktaren og set det i samanheng med seg sjølv som menneske: *I dette diktet har eg gjeve ein peikepinn om det personlege. Finna i Vågåmo ligg ikkje langt frå barndomsheimen min. Finna er farleg. "Det går ikkje an å tåla åt folk i Vågåmo an gong hell når Finna er stor", var det ein som sa ein gong. – Grunnen til at Finna er så farleg, må ein søkje i jordbotnen. Når det kjem regn, kan ikkje jorda absorbere regnet, og Finna flymmer fort opp og byrjar å rulle*

stein. – Det same er tilfellet med det kjenslevare menneske som ikkje klarer å skifte smil og tankar med sine medmenneske. Det kan lett føre til eit høgspana sjeleliv, det blir flaum, storflaum, og sjela rullar Stein!

Ragnvald Skrede dreiv au med omsetjing og dramatisering. Særleg omdikta han Shakespeare, faktisk den einaste som har gjendikta alle sonettane. Han fekk fleire priser: Nordisk råds litteraturpris, Dobslugprisen og Norsk kulturråds pris. Ragnvald Skrede hadde lese mykje og som nemnt før hadde han lang erfaring som litteraturkritikar. Rundt 2000 artiklar om litterære emne hadde han bak seg, og i tillegg heldt han mange foredrag. Han var den breiast internasjonalt orienterte kritikaren si samtid, skriv Otto Hageberg. Heile tida hadde han eit vart og ope lyttande øyra til nye litterære tendensar, t d modernismen som kom for fullt i 1950-åra. Han såg tidleg det særmerkte og geniale ved Olav H Hauge. Det same gjeld Hans Børli og ikkje minst Andre Bjerke. Kritikken hans er prega av kunnskap og vidsyn, og han hadde sans for både tradisjonell og modernistisk lyrikk: «*Vi har bruk for begge slags lyrikere. Vi trenger vågehalser som kan utforske ukjent terreng, og vi trenger lærevillige poeter som kan holde oppe tradisjonen fra gamle mestere. Vos exemplaria graeca-*» Han var svært respektert som litteraturkritikar.

Til slutt vil eg seia at både livet og livsverket til Ragnvald Skrede uttrykkjer mot, kraft og styrke. Suksess er å gå frå nederlag til nederlag utan å misse entusiasmen, skal Winston Churchill ha sagt. Trass i nedturar kom han seg vidare i livet, og ikkje minst som diktar og kritikar opplevde han suksess. Han vart den fremste litteraturkritikaren og ein av dei mest sentrale lyrikarane i etterkrigstida. Dette vil bli grundig behandla i eit seminar her midt i okt. Det er berre rett og rimeleg at vi er tek vare på minnet om Ragnvald Skrede.

Foredrag under opninga av Diktardagar på Vågå kulturhus fredag 30. august 2023.

Kann ein ungdom?

Av Ragnvald Skrede

Kann ein ungdom finne hugad
i å drikka brennevin?
Øyda all sin unge dugnad!
Drikka, tura som eit svin!

Spør deg, ungdom! Spør ditt samvit:
Har eg ikkje høgre mål
enn som slave for mitt fåvit
slengja um med skrik og skrål?

Eg er ungdom, du er ungdom.
La oss same vegen gå!
Lyfte all vår fedrastordom!
Gjera alt vi trur vi må!

Rein i ord og rein i yrke,
slik mun fram ein gjæving gå!
Liv med brennhug, stri med styrke!
Lukka heil du da vil nå.

Dette diktet av Ragnvald Skrede står i lagsavisa til Vågå ungdomslag «Jutulen» 17. årgang den 20. november 1920. I «Sagt og skrivi» 2012 er det trykt eit dikt frå 1926 frå «Varden» som var lagsavisa til mållaget. Skrede gav ut dikt frå 1949. Diktardagar 2023 hadde tema om Ragnvald Skrede 1904-1983. Seinare på hausten var det seminar i Ullinsvin der fire professorar, tre fyrsteamanuensisar og ein konservator tok for seg lyrikkens til Skrede. Arrangør var mållaget i samarbeid med historielaget og Høgskolen i Innlandet.

Støtte til Prestegardshagen i Ullinsvin

Av Arve Danielsen

*Ågot Råstad,
Magnhild Råstad
og Kari Hølmo
Holen i
hagegruppa i
Ullinsvin. Foto:
Arve Danielsen.*



Prestegardshagen i Ullinsvin er ein av 20 historiske hagar i landet. Nå har dei fått støtte frå Sparebankstiftelsen DNB. – Dette tilskotet er svært velkome. Det betyr mykje for vidare utvikling, seier Kari Hølmo Holen, leiar av hagegruppa i Ullinsvin. Prestegardshagen er eigd av Vågå historielag, der om lag 30 friviljuge driftar hagen i sesongen. Arbeid med å gjenskape den historiske hagen starta i 2012 av Unn og Birger Bostad som er tildelt Vågå kommune sin kulturpris for blant anna dette arbeidet.

Prestegardshagen i Ullinsvin er medlem i Schübelers hager, som nå har fått seks millionar kroner i stønad frå Sparebankstiftelsen DNB. Tilskottet skal brukast over tre år til å rehabiliter og vidareutvikle 20 historiske hagar over heile landet. Prestegardshagen i Ullinsvin er ein av desse. Av dei seks millionane får Prestegardshagen i Ullinsvin 180.000 kroner fordelt over tre år. – Det er kjempestort. Eg vart så glad. Det er ikkje gratis å drifte ein slik hage, sjølv om friviljuge legg ned

stor innsats i anlegget, seier Kari Hølmo Holen. – Vi har støtt bruk for folk, seier Magnhild Råstad.

Kari Hølmo Holen fortel at støtta frå Sparebankstiftelsen DNB betyr at hagegruppa kan gjere fleire ting, blant anna kurs, kjøp av utstyr, skilting, kjøp av urter og planter, og tiltak for barn og unge. – I fjor fekk vi laga informasjon om alle dei ti freda husa i Ullinsvin, seier Holen. Ho fortel at dei har planar om nye skilt ved plantene med QR-kode slik at folk kan finne meir informasjon om desse.

Ho fortel og at hagegruppa får litt inntekt frå inngangspengane til galleriet, sal av planter, kulturmidlar, lotteri og ein del pengegåver. – Det er stor velvilje rundt omkring, seier leiaren av hagegruppa.

Den historiske hagen i Ullinsvin har vorte ein attraksjon i bygda som folk besøkjer. – Det er mange som brukar hagen. Mange tek med seg gjestar hit for å sjå på hagen og besøkje galleriet. Ullinsvin er viktig for heile bygda, seier Ågot Råstad.

Torsdag 27. april var det dugnad for å gjere hagen og Ullinsvin klar for å møte sommaren. Laurdagen før var det podekurs, eit kurs som var fullteikna med 15 påmelde.

Schübelers hager er ein del av foreininga KVANN - Kunnskap og Vern av Nytteplanter i Norge.

*1930-talet. Foto frå Eva Fyksen
Birkeland, historielagets fotoarkiv.*



Sommarutstillingane i Ullinsvin 2023

Av Livia Sauter og Sigurd Rønningen

Utstillingsopning

Strålende vær, fullt tun med mykje folk og fantastiske utstillingar. På laurdag 24. juni opna vi sommarutstillingane i Ullinsvin for H.M. Dronning Sonja og Kjell Erik Killi-Olsen, og Dugurd og Bøte med kurator Kirsten Visdal. Ingar Sletten Kolloen heldt ei flott opningstale og Mari Midtli og Frikk Gjeilo gav oss vakre tonar frå scena. Helga kunne rett og slett ikkje vorte betre! Takk til alle som tok turen til Ullinsvin, takk til utstillarar, friviljuge og andre som har medverka. I Ullinsvin fann du også:

- Stabburet: Orsolya Haarberg, REIN – inspirert av norsk natur
- Studeren: Vågå husflidslag, utstilling og produktutsal
- Låvetrevet: Vågå historielag, Tinga talar
- Eldhus
- Aurbu kor du kunne få kjøpt lokalmat
- Den historiske prestgårdshagen

Kunstutstilling

Rå og hudlaus, uredd og særeigen, er karakteristikkar som er nytta om målar, grafikar, bilethoggar og verdkunstnar Kjell Erik Killi-Olsen. Ein av Noreg sine mest profilerte og anerkjende samtidskunstnarar – og ein av få som har oppnådd verkeleg stor internasjonal suksess.

Separatutstillinga i den historiske låven i Galleri Ullinsvin i Vågå, bestod av store måleri og mindre teikningar, grafikk og skulpturar. Nokre av skulpturane var plassert ute i tunet i Ullinsvin – den historiske prestegården kunstgalleriet er del av.

I hovudgalleriet i Ullinsvin, vegg i vegg med låven, fann du i sommar separatutstilling med H.M. Dronning Sonja.

Dugurd – Mat og tradisjon i ny og gammal tid

Matkulturen tufta på lokale råvarer var hovudtema for Gudbrandsdalsmusea si utstilling i Ullinsvin i Vågå sommaren 2023. Tradisjonelle bruksgjenstandar frå kjøken og matstell møtte liknande gjenstander med formgjeving av i dag. Mattradisjon og fornying var tema på opne dagar på levande setrer i Vågåfjellet og i det eldgamle eldhuset i Ullinsvin.

Aurbu - kjølelager frå riktig gammal tid.

I middelalderen hadde dølene enno ikkje stabbur, men arbuer med golv av jord – lokalt kalla «aur» – som ga kjøling for matvarene. For å halde romtemperaturen nede var aurbuva som låg i inntunet på gardane gjerne gravd halvvegs ned i bakken, reist i skyggesida av tunet og gjerne vendt mot nord. I dei grøderike bygdene nord i Gudbrandsdalen var det i tillegg til kulturvekster dyrka på gardane rik tilgang til fjellbeite, jakt og fangst, fiske og hausting. Alt saman matvarer som vart konservert og lagra i aurbu gjennom ein lang vinter og vår. I aurbu var mat gjerne lagra i tiner eller buttar av tre – eller hengd oppunder takåsane til luftig tørking. Maten vart konservert på ei mengd vis, som ysting, røyking, raking, speking og hermetisering – noko dyktige lokale matprodusentar framleis gjer i Gudbrandsdalen i dag. Då stabbura kom til Gudbrandsdalen etter middelalderen, tok desse heilt eller delvis over funksjonen til aurbuva. Stabburet er kjenneteikna av at det sto på stabbar – noko du og kan sjå i tunet på Ullinsvin.

Vel bekomen – i ei rik mathistorie!

Aurbu da ho vart stelt i 2009. Foto: Knut Raastad



Dugurd – mat og tradisjon i ny og gamal tid

Av Kirsten Visdal, Gudbrandsdalsmusea

I tusener av år har Gudbrandsdalen og fjellheimen kring vore matfat og spiskammers for folka som bur der. Den rike og høgst levende kulturen tufta på lokale matvarer og skikk og bruk knytta til matstell, var hovedtema for utstillinga DUGURD i Ullinsvin i sommar.

Dugurd var eit måltid som i eldre tider vart halde mellom frukost og middag. Namnet stammar frå norrønt og er også kjent som dagverd, durmal, duul og daur. Arbeidsdagen byrja gjerne i seks tida så ofte vart formiddagsmåltidet servert omkring klokka ti. I all hovedsak bestod måltidet av vassgraut laga av kornslaga bygg eller havre og servert med sur eller söt mjølk. Det var til tider stor armod blant bønder og husmenn og den enkle maten skulle mette mange.

Det er derfor stort sett gjenstandar frå kvardagsliv og små kår som var vist i utstillinga DUGURD. Uttrykket vart nælast naivt, men ekte og nært. Objekt som turu, trøys, ambar, tiner og trogg blir lyfta fram i utstillinga, og er høgt verdsatte gjenstandar i vår tid. Enkle og funksjonelle bruksgjenstandar som inspirerer dagens formgivarar, noko vi også har hatt lyst til å peika på i utstillinga. Den skandinaviske designarven er tett knytt opp mot natur, funksjon og gode materiale som varer i generasjoner.

I det gamle fjoset frå 1700-talet på Ullinsvin er båsar og buskap bytta ut med utstillingsmodular i fersk furu, og historiske gjenstandar innan matproduksjon, oppbevaring og servering møter dagens formspråk i nye kontekstar. Gudbrandsdalsmusea har ein djupt forankra forpliktelse til å ta vare på og formidle den rike kulturarven i dalføret, samstundes som vi lyfter blikket og er aktuelle i samtida. Musea ønskjer å ta vare på

tradisjonshandverket ved å legge til rette for at yngre generasjoner finn sin veg og utviklar sin eigen kulturarv for framtida. Samtidig er det viktig å kjenne til historia vår, for å kunne navigere i det komplekse samfunnet vi lever i.

Ofte søker ein attende å røtene for å finne ein felles identitet. Da er mat og tradisjonar ein viktig felleskap som har fått ny mening under det grøne skiftet, med lokale og stuttreiste varer. Tidligare produksjonsmetodar som røyking, raking, speking og hermetisering blir kombinert med notidas forståing for matproduksjon, noko som gjev spennande smakar for oss alle og ny giv for næringa i distrikta.

Gjennom lagarbeid og god dugnadsånd vart auruba i Ullinsvin restaurert og opna for matprodusentane i dalen i forbindelse med utstillinga DUGURD. Alt fra Rylik-te frå Aukrust til spekepølse av kjekjøtt frå Valbjør vart populært å kjøpe og ta med seg heim. Heilt attende åt middelalderen fungerte auruba som eit kjølelager for konserverte matvarar lagra i tiner og butter, eller hengt oppunder takåsane til tørking.

Ein annen viktig del av matproduksjon tidligare gjekk føre seg på setra. Supplering av vinterfør og nytte av beite i utmark førte til at gardsfolk, kyr og geiter flytta til fjells i sommarhalvåret, og foredlinga av mjølka vart til haldbare produkt som ost og smør. Få setrar er i drift i Gudbrandsdalen i dag, men utstyr og redskap til ysting og kinning har overlevd og vorte til kjære minne og gjenstandar som vi tek vare på. Tradisjonar knytte til matauk vitnar om mykje slit og hardt arbeid, og ikkje minst hadde kvinnene ei viktig rolle i produksjonen, men også i å skape gode relasjonar rundt matfatet. I sommar inviterte dei tidligare budeiane til olsokfeiring på Lundesetra i Sjodalen som ein forlenging av utstillinga DUGURD. Dei diskja opp med festmat og folkemusikk og nye tradisjonar blir kanskje skapt ved å opne opp seterhusa til nye opplevelingar for den komande generasjonen.

Utan Ullinsvin stoppar Vågå

Av Øystein Rudi, direktør Gudbrandsdalsmusea

Utruleg mykje positivt har skjedd i Vågåmo sentrum dei siste fem åra. Etableringa av Andre Etasje. Opninga av SOV Lodge. Møteplassen #vågågata. Oppussing av Bokhandel'n og Handelsforeninga. Lista er lang, men den aller viktigaste nyetableringa i Vågåmo er likevel Galleri Ullinsvin – og utviklinga av prestegarden til ein kulturhistorisk arena og turistattraksjon med store økonomiske ringverknader lokalt.

Butikkar og serveringsstader i Vågåmo stadfestar det vi alle har sett: At ein forbløffande høg del av auka i sommarturistar og besøkjande dei siste åra, har same kjelde: Galleri Ullinsvin. På berre fire års drift er galleriet og prestegarden utvikla til største reiselivsattraksjonen i Vågå kommune etter Besseggen målt i økonomiske ringverknadar for resten av bygda. Overnatting, måltid, drikke og handel hjå sentrumsbutikkar og daglegvare blir i sum fort fleire tusen per betalande gjest i galleriet.

Sommaren 2023 sette Ullinsvin solide nye rekordar målt i besøk og omsetning, med utstillingar av H.M. Dronning Sonja og Kjell Erik Killi-Olsen, fotograf Orsolya Haarberg og oss i Gudbrandsdalsmusea. På tunet i Ullinsvin etablerte vi i sommar lokalmatutsal som nytt og populært tilbod, og mange titals driftige dugnadsfolk jobba natt og dag for å by tilreisande og bygdefolk ein av dei absolutt flottaste opplevingane Bygde-Noreg kan by på. Frå Vågåmo sentrum og langt opp i fjellheimen vart det lagt att millionbeløp – betalt av gjester med det lett attkjennelege runde klitremerket med Ullinsvin sin U i midten.

Men Ullinsvin har ein akillesheel: Økonomien. For der kunstpublikum legg att tusenvis av kroner på måltid, overnatting og handel i Vågåmo og fjellheimen, legg same gjest att berre ein drøy hundrelapp i

inngangsbillett i Ullinsvin. No som Ullinsvin har tatt steget og etablert seg som ein aktør på den nasjonale kunstscena, opnar det seg heldigvis moglegheiter: Ullinsvin er rigga og klar for å starte prosessen for at sentrale myndigheter skal bidra med årleg finansiering som stabiliserer og trygger drifta og økonomien – og merkevara som tener heile Vågå og Gudbrandsdalen så godt.

I denne situasjonen har Vågå kommune nyleg vidareført driftstilkotet til Ullinsvin. Økonomisk er Ullinsvin som andre liknande institusjonar sårbart – og viss kommunestyret hadde kutta heile driftsstøtta, så risikerte bygda sine folkevalde å avlive den største attraksjonen og inntektsskaparen i eige bygdesentrum.

Då kronprinsparet sommaren 2020 sto for den offisielle opninga av Galleri Ullinsvin, hadde ildsjeler, administrasjon og politikarar i Vågå i over 30 år ivra og arbeidd for etablering av eit kunstgalleri på den historiske prestegarden. Sidan har Ullinsvin mot alle geografiske, demografiske og økonomiske odds klart kunststykket å etablere seg som kunst- og kulturarena på nasjonalt nivå. Håkon Bleken. Unni Askeland. Ørnulf Opdahl. Morten Krogvoll. Kjell Erik Killi-Olsen. H.M. Dronning Sonja. Rekka av kunstnarar med nasjonale og internasjonale namn er allereie lang – og kunstnarane er utan unntak særslig begeistra over kvaliteten og kulturen dei møter i unike Ullinsvin.

Kombinasjonen av samtidskunst og kulturminnerves, modernitet og levande kulturarv treff ei djup nerve hos både lokalbefolking, tilreisande og anerkjende kunstnarar. Takk vere mellom anna ein ekstrem, gratis dugnadsinnsats. Dei driftige seniorane på U-laget er eit flott døme på inkluderande folkehelsetiltak i eit levande bygdesamfunn det er spanande og godt å bu i – med høg grad av bulyst utløyst av mellom anna nettopp Ullinsvin sitt tilbod. Alt saman del av eit berekraftig samfunnsrekneskap der Ullinsvin bidreg enormt på plussida.

I og med at Vågå sine folkevalde tok strategisk samfunnsansvar og opprettheldt 150.000,- i årleg driftsstøtte til Ullinsvin, er vi trygge på at dagleg leiar og styre i Galleri Ullinsvin sjølv tek neste steg – og får på plass berekraftig finansiering og eit endå meir unikt publikumstilbod som sikrar dei store ringverknadene vi veit Ullinsvin utløyser. Vi i Gudbrandsdalsmusea står klare med mange tankar og visjonar om korleis vi kan bidra til å utvikle og løfte tilboden på Ullinsvin framover. Alternativet veit vi: Viss lokalsamfunnet Vågå sjølve kuttar driftsstøtta til Galleri Ullinsvin, kjem ikkje stat og fylke til å bidra økonomisk. Kvifor skulle dei det viss bygda sjølv ikkje finn Ullinsvin verdt å støtte?



Dronning Sonja spaserte frå Jutulheimen til Ullinsvin saman med styreleiar og dagleg leiar i Galleri Ullinsvin, t.v. Ingrid Blekstad og t.h. Tora Sandbu. Foto: Knut Raastad

Vågå Historielag: Årsmelding 2023

Arrangement

Historielaget har i samarbeid med Gudbrandsdalsmusea hatt mange foredrag / kveldsseto i Jutulheimen. Kari Aasgaard og Dag Aasheim fortalte om orgla som har vore i Vågåkyrkja, medan Trygve Hesthagen prata om fisking i Vågå. På årsmøtet var det tema om gard og slekt. Nils Valde og Kristin Akslen Hagen viste gamle bilde og fokuserte på det omfattande dognadsarbeidet som pågår med skanning av bilde som blir utlagt på nett. Victoria Nor tok for seg tekstilar i samband med utstilling på fjøstrevet, Kirsten Visdal prata om utstillinga om mat, og Heidi Løkken Karsten hadde tema om bunad og damaskkjolar. Kjell Løkken viste bilde og fortalte om faren Svein Løkken som kjørde drosje. Jakup Skjedsvoll tok for seg korleis det kom folk til Skogbygda att kring 1600, Oddvar Romundset fortalte om dei reisande, og Ole Nashoug lanserte bok om mammut. Mette Vårdal fortalte om korleis jula har utvikla seg, medan Tone Brun og Unni Bøyum Kluge fortalte om Per Haugen som laga inventar til Skåbukyrkja.

Historielaget var med og arrangerte slåttekurs i Nordherad med Jo Kåre Bakke og kulturvandring på Skårvangssætrene der Eirik Haugen viste plassen der det var uttak av bryne, og seinare var det slåttedag i Ullinsvin. Historielaget var i oktober medarrangør av seminar og kveldsseto i Ullinsvin om Ragnvald Skrede.

Jutulheimen

Det er Gudbrandsdalsmusea as som står for drifta av Jutulheimen. Vågå Historielag er aksjeeigar i Gudbrandsdalsmusea as og er aktivt med i planleggjing og drøfting av vedlikehald, drift og utstillingar. Med støtte frå Gudbrandsdalsmusea er det utført restaurering av bad i vaktmesterbustaden. Del av botnstokk på svala til Sundstugu er skifta. Mykje av stell og brøyting er utført på dognad.

Prestgarden

Brannalarmen i dei freda husa er dette året erstatta med nytt anlegg som er tilknytta alarmen i utillingsbygg, Stiftelsen UNI har gjeve tilskot til dette. Vindaugo i hovudbygningen og paktarhuset er restaurerte og måla. Stabburet, aurbua og reisten av låven er rydda og teke i bruk til utstillingslokale. I stabburet var det opprettiging av golv og trapp. Både i låven og stabburet vart det laga rekkverk i andre etasje samt installert utstillingsljos. Det er lagt skifergolv i aurbua og tregolv i delar av skålen. I utstillingsbygget er taket kvitpigmentert og det er montert lyddempingsplater. Kulturrådet og fylkeskommunen har gjeve tilskot til oppgradering, men svært mykje av arbeidet med vedlikehald og oppgradering er utført på dugnad.

Kommunen er hovudaksjonær i aksjeselskapet Galleri Ullinsvin AS, historielaget og husflidslaget har mindre eigardelar. Galleri Ullinsvin AS har stått for galleridrift i utstillingsbygget og låven, og brukta paktarhuset til kafe. Gudbrandalsdalsmusea hadde utstillingar i fjøset, på trevet, i aurbua og på toppen av låven. Husflidslaget brukar delar av hovudbygningen og har stor aktivitet der. Ullinsvin hadde svært mange besökjande dette året. Samarbeidsutvalet for Ullinsvin der alle aktørane er med, arrangerte julemesse med utstillingar og aktivitetar med godt besök. Samarbeidsutvalet arrangerte også sæterdag i Russlien og fest for dugnadsgjengen.

Prestgardshågein

Hagegruppa i historielaget er organisert slik at ansvar for stell, luking, vatning mm. er fordelt for kvar veke. Hagen har fungert godt som ein del av tilbodet i Ullinsvin saman med utstillingane. Kari Hølmo Holen (leiar), Magnhild Råstad og Ågot Råstad har leiinga av hagegruppa. Ei eige utomhusgruppe har stått for plenklipping samt raking og rydding både i hagen og på tunet i Ullinsvin og Jutulheimen. Det er dette året kjøpt robotklyppar til tunet.

Ullinsvin AS

Det heileigde selskapet Ullinsvin AS er eigar av nybygget i prestgarden. Kjellaren husar museumsmagasin og arkiv. Gudbrandsdalsmusea AS står for drifta av magasinet. Galleri Ullinsvin AS brukar utstillingsbygget. Ullinsvin AS har same styre som historielaget.

Laget elles

Frå årsmøtet 15. mars 2023 har styre vore dette:

styreleiar Knut Raastad, nestleiar Dag Aasheim, styremedlemmar Rønnaug Siem Hammer, Steinar Løkken og Elin Grev, varamedlemmar Ola Stokstad, Ågot Råstad og Mette Vårdal.

Det har i året vore 10 styremøte, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 430 medlemmar.

Revisorar er Astrid Sandbu og Gunnar Sandbo.

Valnemnd er Reidunn Snerle, Jakup Skjedsvoll og Eirik Haugen.

Trond Ole Haug er styremedlem i Gudbrandsdalsmusea as.

Jens Hagen er styremedlem i Galleri Ullinsvin AS.

Historielaget er medlem i Gudbrandsdal historielag Dølaringen, Knut Raastad er revisor der.

Nils Valde styrer heimesida *vaagaa-historielag.org* og skannar og legg ut innsamla gamle biletar på digitaltmuseum.no. På heimesida er det ei mappe med gards- og slektshistorie.

God oppslutning om frivillige medlemspengar gjør utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er skriftet utlagt for salg. Historielaget kostar pynting av gravene til Ivar Kleiven, Trond Eklestuen og Jo Gjende.

Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet disponerer Flåten. Buene ved Gjendeosen vil kunne lånast ut til historielags-medlemmar. Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelpe og støtte i året 2023.

Vi bygger i tre,
gammelt og nytt.




Tlf. 90870332
www.trehuseksperten.no
2680 Vågå

Nye vinduer, dører, kledning eller tak?

Vi tar vare på ditt hjem.

Ta kontakt med oss i dag for en uforpliktende prat.

Du får det du vil ha med Norgeshus Tessand Byggservice



NÆRINGSBYGG.
PÅBYGG
RESTAURERING
VÅTROM
SMÅJOBBER.
UNDAMENTERING.

NORGESHUS
Tessand Byggservice

Norgeshus Tessand Byggservice
2680 Vågå | Tlf 905 93 446
post@tessandbygg.no

HP Bygg utfører alt innen bygg.

- Nybygg
- Restaurering
- Gulvavretting
 - Belegg
 - Muring





FJELLBANKEN

SpareBank 1 Lom og Skjåk bankar
for folk, framtid og fjellbygdene i
Nord- Gudbrandsdalen.

Nær. Solid. Livgjevande.

Der har du fjellheimen som omgir oss øvst i
Gudbrandsdalen.

Der har du kjerna vår som bank.

Vi er stolte over vår arv og vårt ansvar.

Uansett kvar du bor og kor du er i livet, så er vi din
lokalbank.

#fjellbanken

#bankarfornorddalen

www.fjellbanken.no



SpareBank
LOM OG SKJÅK 1



NORGESFÖR
OTTADALEN

Kufôr frå Norgesfôr Ottadalen

**NORGESFÖR OTTADALEN LEVERER KRAFTFÖR
BÅDE PÅ AUST- OG VESTLANDET**

Vi leverer føret frå bulk eller i sekk og tilbyr
eit omfattande fôrspekter med god kvalitet
til rette prisar, gode betalingsvilkår
og punktleg levering utan frakttillegg.

| | |
|--------------|------------------|
| Avd. Lom | tlf. 61 21 18 20 |
| Avd. Vågå | tlf. 61 23 70 72 |
| Avd. Sogndal | tlf. 57 67 18 57 |
| Avd. Stryn | tlf. 57 87 69 15 |
| Avd. Ørsta | tlf. 70 04 85 50 |



VISUS, LOM

www.norgesfor.no/ottadalen

Elektriker for ditt behov!



MEDLEM AV

elkonor

Proel

Proel AS • Industrivegen 31, 2680 Vågå

Tlf: 61 23 24 40

E-post: post@proel.no • www.proel.no

Hindsæter i Sjodalen

Finn ditt paradis i naturreservatene rundt hotellet langs våre merkede turstier. Kos deg med gode retter laget av lokale råvarer, bl. a. rein fra Vågå tamrein, i våre historiske tømmerstuer.

Prøv en overnatting på en Sæter-Suite med bruk av fjellspa inkludert!

Velkommen innom!



Hindsæter, Sjodalsvn. 1549,
2683 Tessanden Tlf. 61238916
post@hindseter.no www.hindseter.no



DE HISTORISKE
hotel & spisesteder



Skogen bil



Hertz

Nybil - bruktbil - bilverkstad - bilglas - bilutleige

Industrivegen 42, 2680 Vågå
Tlf 61 23 22 22 • firmapost@skogenbil.no

www.skogenbil.no

Vi leverer alt av gravearbeider
inkludert prosjektering
og utvendig rørarbeid

SKOGEN
ENTREPRENØR AS

Skogen Entreprenør
tlf. 612 32468 - 90904066


AV GODT MALMEN FURU PRODUSERER VI:

- *Innvendig standardpanel*
 - *Innvendig spesialpanel*
 - *Utvendig kledning*
 - *Impregnerte materialer*
 - *Gulvbord*
 - *Listverk og utforing*
 - *Skurlast*
 - *VED og FLIS*

Vi har utleigehytter!

VELKOMEN INNOM!

OPNINGSTIDER:
MÅN-FRE 07-15



Langmorkje Almenning
Sjodalsvegen 139 - 2683 Tessanden

Tlf 61 23 94 00
post@langmorkje.no
www.langmorkje.no



Tlf. 612 37950 / 948 764012



Takk!
FOR ALLE
SPANANDE
OPPDAG - VI
GLER OSS TIL
FLEIRE!



BRUN
BYGG

WWW.BRUNBYGG.NO

Campingplass med
nytt sanitæranlegg



Pit Stop på fjellet

På Randsverk Kafé tanker du:

- Ferskmalet kaffe, cappuccino, caffe latte, espresso eller varm kakao
- Vaffler med is, syltetøy eller krem, varm eplekake, jordbærkake m.m.
- Fersksmurte baquetter, karbonadesmørebrød, rømmegrøt
- Middagsretter, f.eks. kylling, karbonader eller laks
- Pizza, pølser, pommes frites og våre landskjente hamburgere

I butikken på Randsverk fyller du bilen med:

- Is, brus og godteri
- Fersksteikt brød, kjøle-, frost- og daglegvarer
- Diverse non-food varer og fjellutstyr
- Fiskeutstyr til hyggelige priser

På informasjonstavlene ute finner du kart og aktuel info om området. Inne på kafeen har vi historiske bilder.



Randsverk AS
camping • hytter • butikk • kafé • booking
97 50 30 81 • 41 56 33 63
post@randsverk.no • randsverk.no

Frå jaktbuer i torv og stein til Soria moria konferansesenter



Vi er allsidige, og grip fatt i alle interessante oppdrag, frå jaktbuer på 4 - 5 kvadratmeter til store bygg på 500 kvadratmeter. Inga utfordring er for lita, inga for stor, og inga for vanskeleg. Vi byggjer nytt, vi restaurerer, vi vøler - tømmer eller reisverk, stav og laft, tørrmur, utleggsbruer, sprengverksbruer, steinbuer m.m.



STOKK & STEIN

Telefon 90860858 post@stokkstein.no www.stokkstein.no



Byggmesterförbundet



StartBAN



VORSK LAFT





Graving og transport

G Garmo Maskin as

Industrivegen 41, 2680 Vågå
post@garmomaskin.no tlf. 908 99 516

VELKOMEN TIL BESSHEIM!

Vi leiger ut rom og hytter og serverer
tradisjonell, norsk mat.

Opningstider frå 9. februar - 14. april, helger
og langhelger frå 14. april til 12. mai og 7. juni
til 6. oktober.

Open kafé med middagsservering kvar dag.



FJELLSTUE & HYTTER

WWW.BESSHEIM.NO
POST@BESSHEIM.NO
TLF. 61238913


Velkomne til oss!
Kari og Bjørn

HAB

HÅNDVERK

**HAB HÅNDVERK AS UTFØRER DE
FLESTE OPPDRAG INNEN
OVERFLATEBEHANDLING PÅ NYE
OG EKSISTERENDE BYGG**

Maling, tapet, gulvsliping m.m.



HAB Håndverk As
Tlf: 416 28 440
E-post: Post@habhandverk.no
Vollvegen 2c, 2680 Vågå
www.habhandverk.no



- arkitektur
- konstruksjon
- landskap

Nordfjordeid Eidsgt. 25
Førde Hafstadv. 36
Vågå Vågå Næringshage
Ålesund Apotekergt. 9A


Nordplan AS
Tlf. 99 46 36 91 / 57 88 55 00
www.nordplan.no

Vi leverer og monterer
sanitæranlegg, varmeanlegg
og vannrenseutstyr.

Vi tilbyr også vannanalyse,
avløpsåpning og kamerainspeksjon
av avløpsrør.



KL Rørleggerbedrift AS
Stupulvegen 5, 2686 Lom
Telefon 61211004
www.klrør.no post@klror.no



Blåhø

—VVS AS—

- Sanitæranlegg
- Varmeanlegg
- Pumpeanlegg
- Vannbehandling
- Renovering
- Nybygg
- Næringsbygg



Tlf 916 24 707 Industriavenget 4C
post@blahovvs.no 2680 Vågå





Ottadalen
Elektro as

www.oelektro.no

Tlf. 61 23 22 40